


# **Skisporten ut av OL?**

**Om striden om amatørskap mellom alpin skisport og den olympiske rørsla frå 1935 til 1973.**

**Halvor Kleppen**



**Masteroppgåve, kroppsøving, idrett og friluftsliv,  
60 studiepoeng**

**Institutt for idretts- og friluftslivsfag  
Høgskolen i Telemark**

Tittel:	Skisporten ut av OL?
Nøkkelord:	Striden om amatørskap mellom FIS og IOC, 1935-1973
Forfattere/	Halvor Kleppen
Studentnr.:	050399
Fagkode:	1304
Oppgavetype:	Masteroppgåve
Studiepoeng:	60
Studium:	Master i kroppsøving, idrett og friluftsliv

**Høgskolen i Telemark**  
Avdeling for allmenne fag  
Institutt for idretts- og friluftslivfag

**Halvor Kleppen:**

# **Skisporten ut av OL?**

**MASTEROPPGÅVE**

**2007**



## **Forord**

Denne masteroppgåva er skriven med god hjelp frå biblioteket og arkivet til IOC-museet i Lausanne i Sveits. Dr. Manfred Bergman, Patricia Eckert og Marie-Helene Guex har gjort alt for å hjelpe meg med relevant kjeldemateriale. Over 1500 kopiar av brev har dei laga, og på eiga hand fann dei materiale som elles ikkje ville vore tilgjengeleg for ein masterstudent frå Høgskolen i Telemark.

Professor Jan Ove Tangen har oppmuntra og motivert studenten gjennom masterprosessen. Utan hans venlege rettleiing, hadde dette prosjektet aldri blitt noko av.

Bø, 2. august 2007,

Halvor Kleppen



# Innhald

<b>Forord .....</b>	<b>5</b>
<b>Innhald .....</b>	<b>7</b>
<b>Innleing .....</b>	<b>9</b>
<b>Forskingsteori og metode .....</b>	<b>13</b>
Tradisjonar .....	13
Erslevs metode .....	14
Kjelder .....	18
Hermeneutikken .....	19
Før-forståing og fordumar .....	21
Diskursanalyse .....	24
Kravet om intersubjektivitet .....	30
<b>Alpin skisport .....</b>	<b>33</b>
Den norske slalåma .....	33
Skiløypinga i Alpane .....	36
Den norske skiløypinga i Alpane .....	37
Den alpine skiløypinga .....	39
Den alpine turistskiløypinga .....	41
Kandaharrenna .....	44
Hannes Schneider og Arlbergskolen .....	45
Internasjonal organisering .....	47
Starten på konflikten med IOC .....	51
<b>IOC, amatørskap og Olympiske Vinterleikar .....</b>	<b>53</b>
Paris 1904 .....	55
IOC-kongressen i Praha 1925 .....	58
Edstrøm, Brundage og Von Halt .....	61
<b>Konflikten om amatørskap 1935 – 1940 .....</b>	<b>67</b>
FIS-vedtaket 1936 .....	69
FIS-kongressen 1938 .....	74
IOC-møtet i Kairo, 1938 .....	78
Dei Olympiske Vinterleikane 1940 .....	80
FIS i krig .....	85
<b>Striden om amatørskap 1945 – 1973 .....</b>	<b>88</b>
Avery Brundage og Arnold Lunn .....	89
Med krigen som bakteppe .....	92
Striden før OL i Oslo 1952 .....	93
Tre aktørar førte striden vidare .....	98
Konflikten i Grenoble 1968 .....	104
Den siste kampen .....	106
<b>Avslutning .....</b>	<b>111</b>
<b>Kjelder- og litteraturliste .....</b>	<b>114</b>



## Innleiing

I tida før dei Olympiske Vinterleikane i Garmisch-Partenkirchen i 1936, oppsto det ein konflikt mellom det internasjonale skiforbundet (FIS) og den internasjonale olympiske komiteen (IOC). Striden gjekk på om skilærarar frå mellom-Europa kunne delta i vinterleikane, eller om dei var å sjå på som profesjonelle. Striden førte til at skilærarane ikkje deltok i dei alpine øvingane i Garmisch Partenkirchen, og at FIS arrangerte sitt eige verdsmeisterskap i Innsbruck veka etter OL der skilærarane fekk vera med.

Striden sto mellom FIS-president Nikolai Ramm Østgaard saman med alpin-entusiasten Arnold Lunn frå England på eine sida, og frå IOC var det særleg president Henri Baillet-Latour og dei to seinare presidentane J. Sig. Edstrøm og Avery Brundage som sterkest hevda at skilærarane var profesjonelle.

Striden toppa seg mot diskusjonen om arrangementet av vinter-OL i 1940, og striden førte etter kvart til ei kløyving av FIS. Både i IOC og i leiinga i FIS hekk framtida for vinter-OL i ein tunn tråd. I eit brev til IOC-president Baillet-Latour skreiv visepresident Edstrøm i januar 1937: "*We must take skiing away from the Olympic programme. In fact, we ought to cancel the whole wintersport.*"<sup>1</sup>

Men dei aktive og kompromisslause skientusiastane i FIS såg alt i 1936 klart at skisporten snart var ute av OL.

*There is little chance that the Olympic Committee will yield, or that the FIS will compromise on this issue. In all probability ski-ing will disappear from the Olympic Programme*<sup>2</sup>.

Ved FIS-kongressen i Lahti i Finland 1938 kom kløyvinga opp i dagen. Den eine delen av FIS (Storbritania, Noreg, Sveits, Frankrike, Østerrike, Polen, Tsjekkoslovakia, Jugoslavia og Estland) var kompromisslause i sitt krav om at skilærarar skulle få delta i dei Olympiske Leikane. Dei andre (Tyskland, Sverige, Italia, Finland, Japan og Ungarn) meinte ein burde søke etter kompromiss med IOC.<sup>3</sup> Etter at Sapporo i Japan trekte seg som arrangør, blei St. Moritz i Sveits tildelt dei Olympiske Vinterleikane for 1940. FIS hadde nå brote med IOC, og IOC forlangte av sveitsarane at dei skulle ha ski på programmet som "demonstrasjonsgrein". Sveits nekta å bøye seg for dette kravet og trekte seg også som

---

<sup>1</sup> Yttergren, (2005)

<sup>2</sup> Lunn (1936) s. 452

<sup>3</sup> Lunn (1938) s. 453

arrangør. Garmisch-Partenkirchen var meir enn ivrige og sa ja til igjen å arrangere leikane etter suksessen i 1936.

Nå gjorde striden om skilærarane at mange nasjonar truga med å trekke seg, og Sverige gjekk over til Ramm Østgaards side etter han stilte ”kabinettpørsmål” og truga med å forlate presidentposten.

I 1939 var striden mellom FIS og IOC så uforsonleg, at om ikkje krigen hadde kome, hadde vintersporten truleg vore ute av det olympiske programmet:

*A distinguished representative of one of the "Axis" group recently remarked to me that the FIS Congress of 1940 will probably be the last congress of the united FIS. "This infernal Olympic quarrel," he continued, "will split the FIS in two camps. If the Germans win, they will try to replace Oestgaard by a German and if they succeed, the supporters of Major Oestgaard will resign. In either case the FIS will split."<sup>4</sup>*

Bortsett frå eit nazifisert verdsmeisterskap i FIS sitt namn i Cortina d'Ampezzo i 1941, og italiensk kamp for å få vinter-OL til Cortina i 1944, var det først i dei to første åra etter krigen at saka vart tatt oppatt. Da var det mange andre oppgåver som pressa seg på, slik at mykje av temperaturen var ute av saka. Denne roa om saka varte berre ei stund. Striden om amatørskap i alpin skisport kom til å bli eit varig stridsemne mellom FIS og IOC fram til 1973.

Trass i harde diskusjonar som lett kunne ført til at vinterleikane i Oslo i 1952 hadde blitt avlyst, kom ein før dei Olympiske Vinterleikane i Oslo 1952 til ei semje begge partar kunne leve med, ei stund. Det er ei vanleg framstelling at skikonflikten var over med kompromisset før dei Olympiske Vinterleikane i Oslo 1952. Det er ikkje tilfelle. Ingen annan idrett heldt ei hardare konfrontasjonsline med IOC enn alpin skisport, og ingen annan idrett var nærare å få vinterleikane sett ut av det olympiske programmet i 1968 og 1972. Begge gongene var det striden om amatørskap som var grunnlaget for konflikten. Striden mellom FIS og IOC kom til å vare heilt til president Avery Brundage var ute av den olympiske organisasjonen og amatørsaka blei lagt vekk for godt av IOC.

Gjennom denne masteroppgåva ønskjer eg å avdekke faktorar som låg bak konflikten. Kven var aktørane og kva slag haldningar og motiv låg bak handlingane? Kva var kjernen i konflikten og kva slag følgjer har den fått over tretti år etter at den blei løyst?

---

<sup>4</sup> Lunn , The British Ski Year Book (1939), s. 270

Dette er emnet for denne oppgåva. Både fordi historia i seg sjølv er spennande, men mest fordi den speglar av så mange andre høve samstundes.

Konflikten internt i FIS syner oss skiljelinjer som mykje fell saman med dei politiske skilja i Europa på slutten av 1930-talet. At Sverige støtta ”aksemaktene”, var nok overraskande i samtidia, men i ettertid ser vi at Sverige var ”nøytrale” deltakarar på det nazifiserte FIS-VM i 1941. Meisterskapen blei stroken av rullane på det første møtet til FIS i 1946. Nærare 1940 var FIS politisk kløyvd mest etter midten.

*I den siste halvparten av 1930-årene ga den økte politiske spenninga i Europa også gjenklang innenfor F.I.S., og på kongressen i 1938 forekom det dessverre at standpunkter og avstemninger ikke alltid var diktert utelukkende av idrettslige hensyn.<sup>5</sup>*

Leiinga i IOC før 1940 var konservativ og sterkt Tysklandsvenleg. USA-representanten Avery Brundage, ”...vars antisemitism var välkänd”<sup>6</sup> og IOC samarbeidde godt med dei tyske styresmaktene før og under leikane i Garmisch-Partenkirchen og Berlin i 1936. IOC gav derfor til slutt leikane tilbake til Garmisch-Partenkirchen for 1940. Korleis påverka dette samarbeidet med FIS, der fleirtalet var sett saman av nasjonar som seinare blei blant dei ”allierte”? Kva slag innsyn og korrektiv gir skilørarkonflikten oss i spørsmål om det ”upolitiske” i idretten?

Det var ein klar skilnad i kva IOC og FIS meinte med ”amatørskap”. Det måtte ein verdskrig til for å hindre at meiningsskilnaden tok frå oss dei olympiske vinterleikane. Dei to gigantane i internasjonal idrett tolka ordet *amatør* ulikt og ga det ulikt meaningsinnhold. Derfor blei det viktig å dokumentere og finne tidlegare forsking på amatør-omgrepet innanfor den olympiske rørsla, og finne grunnen til at desse reglane var verdt den striden dei skapte.

Det er også viktig å legge vekt på at i 1936 var dette ikkje ein diskusjon som bygde på lange tradisjonar i skimiljøet. FIS-regulert alpin skisport var fire år gammal i 1935, og det var berre 12 år sidan FIS blei stifta 2. februar 1924 under dei første Olympiske Vinterleikane i Chamonix.

Til alpin skisport blei det tidleg rekruttert ungdom frå dei høgare sosiale lag. I så måte var dei ein del av ein tradisjon som gjekk heilt tilbake til vikingtida. Idrett og trening blant vikingane var ein del av aktivitetane til overklassen, og sønene fekk ofte sine personlege trenrarar. ”*Det ble sagt om Skarphedin at det var ikke rart han var slik en dyktig*

---

<sup>5</sup> Østgaard (1956) s, 158

<sup>6</sup> Yttergren, (2005)

*idrettsmann, fordi han fikk en fjerdepart av sin fosterfar*<sup>7</sup> I nordisk skiløyping hadde vi det lettare klisjeaktige bildet av skogsarbeidaren som gjekk på ski til jernbanestasjonen i bygdesenteret når han skulle til skirenn ”ute i verda”. Etter rennet drog han heimatt og gjekk på ski innatt i den djupe skogen. Det sanne i denne klisjeen var at mange skiløparar brukte skia på arbeid i skog og mark. Ingen hevda at dei var profesjonelle. Alpin skisport var ein ny idrett på vinterprogrammet, og dei nordiske ”tradisjonsberarane” arbeidde lenge imot utforløyping og slalåm mellom oppsette portar. I synet på amatørskap var dei likevel samde: folk som hjelpte andre med å stå på ski, måtte ha ein kompensasjon, dei var like gode amatørar likevel. Dessutan vart det argumentert med at dette var den einaste inngangen vanlege ungdomar i mellom-Europa hadde for å bli gode på alpinski. Dei kunne ikkje, som ein amerikansk Dick Durrance, flytte til Alpene året før eit meisterskap, for der å trena kvar dag på fars rekning. Spørsmålet om amatør eller profesjonell hadde altså enda ei side: spørsmålet om IOC si haldning til amatørskap var ekskluderande på kven som kunne få delta.

Dei sentrale profilane i FIS var Nikolai Ramm Østgaard og Arnold Lunn. Lunn hadde slost aleine for å få alpin skiløyping på programmet. Frå det første Kandahar-rennet i 1922 hadde han vore pådrivaren for å få FIS til å støtte dette nye øvingsprogrammet. Han representerte Ski Club of Great Britain og hadde strevd hardt med å få gjennomslag i FIS. Det gledde han difor at det var på FIS-kongressen i Oslo i Norge i 1930 at gjennomslaget kom og at forslaget om inkludering av alpinsporten på FIS-programmet kom frå Ramm Østgaard sjølv. Ramm Østgaard var adjutant for kronprins Olav og visepresident og president i FIS frå 1928 til 1951. I striden med IOC sto Lunn og Ramm Østgaard skulder ved skulder.

Etter ein gjennomgang av forskingsteori, metode og kjeldebruk, har eg skrive ein historisk gjennomgang av alpin skiløyping. Kunnskap om denne perioden og idrettsgreina er viktig for å forstå kvifor denne idretten hamna i den årelange koflikten med IOC. Deretter kjem ein gjennomgang av utviklinga av synet på amatørskapet i IOC, med ein stutt presentasjon av nøkkelpersonane i striden med internasjonal skisport. Konflikten mellom FIS og IOC er skildra i to hovudkapittel,- før og etter andre Verdskrig. I eit avslutningskapittel forsøker eg å syne korleis denne konflikten peikar framover mot dei problema kommersialiseringa har ført til i moderne toppidrett.

---

<sup>7</sup> Tangen (1997) s. 235

# Forskingsteori og metode

I arbeidet med masteroppgåva har det mest sentrale metodearbeidet bestått i å vurdere det varierte kjeldematerialet og å få fram mangfaldet knytta til temaet amatørskap slik dette kom fram i den omtalte konflikten mellom IOC og FIS. Også innanfor IOC sprikte synet på amatørskap. Så vel kjeldematerialet som tolkinga av det har eg søkt forankra i teori- og metode-tradisjonar eg skal søke å beskrive i det følgjande.

## Tradisjonar

I ei melding av boka ”Makt og avmakt” av sosiologen Gudmund Hernes i 1976, skreiv historikaren Jens Arup Seip mellom anna:

*Det er et merkelig sterkt krav hos sosiologer flest at det tidlig i en undersøkelse skal konstrueres en omfattende teori bygget på grunnleggende begreper. Det er et krav som fører galt av sted. (...) Jeg vil altså først gå til en innsamling av data som er tilstrekkelig til å bygge opp kategorier og typer av sammenhenger, og først dernest prøve om det er mulig – og hvor langt det er mulig – å gjøre et system ut av dem, ut av noen av dem. Sammenhengen, modellen, systemet, er noe som søkes, noe som blir til under forskningens gang.*

*Jeg vil legge stor vekt på en slik fremgangsmåte som den rette metode for all samfunnsforskning; det ligger meg på tungen å si: den eneste rette.<sup>8</sup>*

Seip avviser altså at historikaren kan sjå klare samanhengar mellom forskningsprosjektet og teorimodellane før arbeidet er i gang. Han meiner det er uråd å tilpasse forskningsprosjektet til ”teoritradisjonane”.

Sjølv innanfor sosiologien er det usemje om verdien av å overføre teoritradisjonar til eit nystarta forskingsprosjekt:

*Det er en sannhet vi aldri skulle bli trøtte av å gjenta, at intet virkelig godt eller originalt arbeid i sosiologiens historie har noensinne vært påtenkt eller skrevet for å videreutvikle teori – stor eller liten. Alt er blitt skrevet som respons på enkeltstående, tvingende intellektuelle problemer eller utfordringer gitt av de intellektuelle omgivelsene.<sup>9</sup>*

Nyare norsk historieforskning har eit meir ”forsonleg” syn på kva forskrarar i andre fag kan tilføre historieforskinga. Antropologane har feltarbeidet, etnologane det retrospektive intervjuet og den kvantitativt orienterte sosiologen det omfattande spørjeskjemaet:

*For historikeren er det kildegranskingen, analysen særlig av skriftlige kilder. (...) Men i ny og ne kan medlemmer i alle faglige stammer ha nytte av å*

<sup>8</sup> Seip (1983) s. 249-250

<sup>9</sup> Nisbet (2005) s. 38. Omsett av forf.

*ta en tur til nabogruppa. For historikere, som vanemessig blir ”dokumentfetisjister”, kan for eksempel bildeanalyse være en berikelse. Og samtidig tenker vi om de andre stammene: Hvorfor bruker de så lite skriftlige kilder? Hvorfor bruker de heller omtrentlige minneopplysninger når de enkelt kunne finne eksakte tall ved å slå opp i en eldre statistisk årbok?*<sup>10</sup>

Historikaren Knut Kjeldstadli legg vekt på at *kjeldegranskinga* er grunnlaget for all historieforsking. Dokumentanalysen og tolkinga er berebjelken i arbeidet. Men før teoriane og kjeldegranskinga er det eit spesielt talent ein må søke hos historikaren. Kjeldstadli refererer til Kristian Erslevs omgrep ”*findekunst*”<sup>11</sup> - evna til å spore opp ubrukt materiale eller evna til å stille nye spørsmål til materiale som alt finst. Erslevs vektlegging av leitinga etter kjelder og hermeneutisk vurdering og tolking, har vore det viktigaste metodiske grunnlaget for denne oppgåva. Så først litt om Erslev.

## Erslevs metode

Det er ikkje mange verk som blir født til eit liv som klassikar. Det er ikkje før verket har oppnådd ein særleg status i eit bestemt miljø at verket får ein slik status. Det betyr ikkje at verket blir ståande uimotsagt eller ikkje blir utsett for kritikk eller debatt, berre at ”*ein kjem ikkje utanom*”. Ein klassikar som har vore viktig for dette arbeidet er Kristian Erslevs ”Historisk Teknik” frå 1911.

Kristian Erslevs arbeid kjem ein ikkje utanom sjølv eit hundre år seinare. Så seint som i 2001 og 2002 vekte han debatt i det danske *Historisk Tidsskrift*. ”*Hvad er kildekritik? Et essay om arven etter Erslev*”<sup>12</sup> skreiv Sebastian Olden-Jørgensen, og Dorthe Gert Simonsen: ”*Om erslevske virkelighedsslutninger og deres empiriske kontekst*”.<sup>13</sup>

Kristian Erslev (1852-1930) var professor i historie ved Københavns Universitet frå 1883 til 1916 og deretter dansk riksantikvar til 1924. Som historikar blir han dels hugsa for sine bidrag til innsyn i dansk middeladerhistorie, men mest for sitt arbeid med historisk metode. Den unge historieprofessor Erslev sette seg i 1880-åra fore å reformere historiestudiet i København etter tysk mønster.<sup>14</sup> Eit av hovedpunktene hans var at det skulle leggast meir vekt på seminar med bruk og vurdering av kjeldemateriale, enn på reine førelesinger. Dette blei ein pedagogisk suksess, og arbeidet førte til utgjevinga av ”*Nogle Grundsætninger for*

<sup>10</sup> Kjeldstadli (2005) s. 207

<sup>11</sup> Erslev (1926) s. 24

<sup>12</sup> Historisk Tidsskrift (Danmark) 2001, nr. 101

<sup>13</sup> Historisk Tidsskrift (Danmark) 2002, nr. 102

<sup>14</sup> Olden Jørgensen (2005)

*historisk Kildekritik*" i 1892. Dette korte skriftet blei grunnlaget for "Historisk Teknik" som kom første gong i 1911. Det er eit 100 siders hefte med 100 "teser" om historisk kjeldebruk. Sjølv etter at Erslev slutta som professor, heldt ein fram med å bruke Erslevs bok i undervisninga på universitetet.

I 1926 kom den i ny utgåve og i 1968 ble den trykt på nytt som ei faksimileutgåve på grunn av stor etterspørsel, ikke minst fra Norge.

Den danske historikaren Sebastian Olden-Jørgensen meiner at for å forstå Erslevs "Teknik" må ein hugse at Erslev skilte mellom teknikk, teori og metode i historisk forsking.

**Teorien** var det overordna spørsmålet om drivkreftene i historia, "... *om historieforskningens videnskabelighed og om forskellige emners relevans eller mangel på samme.*"<sup>15</sup>

**Metode** var korleis ein samla og tolka, og Erslev var klar på at det ikkje var ein historisk metode aleine, "... *men at historikeren må låne metoder fra alle relevante videnskaber*".<sup>16</sup>

**Teknikk** var Erslevs grunntrinn, der ein skulle finne fakta og kjelder som skulle danne grunnlaget for vitskapeleg analyse. Funksjonen til Erslevs historiske teknikk "... *er altså groft sagt at forvandle kilder til observationer, således at historikeren kan få fast videnskabelig (positivistisk) grund under fødderne.*"<sup>17</sup>

Ettertida har ikkje alltid brukta denne inndelinga til Erslev. Olden-Jørgensen hevder at Erslev har blitt til dels grovt feiltolka i ettertid, "... *ligefrem fordrejet ham*".<sup>18</sup>

Når boka til Erslev har følgd oss til våre dagar, er det ikkje minst på grunn av at det er ei bruksbok og lærebok, til tider mest som ei handbok. Den bygger på hans mangeårige pionerarbeid som lærar for danske historiestudentar. Den store forskaren boltrar seg i eit mylder av døme, slik at metodisk teori skal få eit praktisk bakteppe av forskarkvardag med kjeldekritikk og hardt arbeid. Diverre er mange av døma på latin, og språket er gammalmodig. Litteraturtilvisingane er rimeleg irrelevante for ein historikar i 2007, men likevel kjennest altså Erslev som relevant i mange arbeid også i vår tid.

Erslevs klassikar *Historisk Teknik* er delt inn i fem bolkar. I "Indledning" går han rett på sak: "*Ordet Historie stammer fra Græsk og har gennem Latin bredt sig til de fleste nyere*

---

<sup>15</sup> Ibid, s. 2.

<sup>16</sup> Ibid

<sup>17</sup> Ibid

<sup>18</sup> Ibid

*Sprog.* ”<sup>19</sup> Tre og blomar kan vi sjå utan botanikarane og ”*Tordenvejret raser, hvad enten der er Fysikere eller ikke.*” Ikkje slik med vitskapen historie, for ”.. *Fortidens Historie egentlig kun existerer ved Historikerne.*” <sup>20</sup>

Mykje av kjernen i Erslevs bok ligg i hans punkt 6 i innleiinga. Her drøfta han den tyske tradisjonen på slutten av 1800-talet, der historikarne gjorde skarpe skilje mellom ”*Beretninger*” og ”*Lævninger*”. Bakgrunnen for dette var eit syn som gjekk på at arkeologiske levningar var meir verdfulle kjelder enn historiske ”*beretninger*” som var preget av ”.. *deres Forfatters subjektive Opfattelse,*”<sup>21</sup> Erslev hevda at denne delinga var ubruukeleg fordi også ”*Beretningen*” kunne vera ei ”*Levning*”. Derfor var inndelinga umogeleg fordi: ”... *den hele Sondring egentlig ikke ligger i selve Kilderne; det er Historikeren der snart bruger Kilden som Beretning, snart udnytter det som Lævning eller rettere Frembringelse.* (..)

Etter innleiingskapitlet kjem 16 sider om ”*Kilderne*”. Arkeologiske utgravningar, ”*de jordfaste Minder*”, museale samlingar, biblioteka og arkiva, -alt går han gjennom med enkle døme. Denne gjennomgangen har eg søkt overført på mi leiting etter kvalifisert kjeldemateriale. Som Erslev har søket gått i brevsamlingar, arkiv, bibliotek og ved å lese rapportar og referat frå møte og kongressar. Sjølv om det er lettast å finne fram, når ein veit kvar ein skal, har overraskande ting dukka opp og gitt ei kjensle av å vere nær ”finnekusten” til Erslev.

” *I sin klassiske bok om kildegranskning nyttet Kristian Erslev det gode uttrykket ”finnekunst” om det som vitenskapsteorien kaller ”heuristikken”, læren om å reise problemer og finne materiale som kan bidra til å besvare dem.*” <sup>22</sup>

Denne finnekunsten er omtala i punkt 24 i Erslevs bok. Utgangspunktet er at den historiske litteraturen er ”*umaadelig*”, og ”*Findekunsten*” ligger i at den gode historikaren har talentet til å velja dei rette stadene å leite, og i dei rette kjeldene.

I bolken om **Kildeprøvelsen**, var det meir å hente. Erslev går inngåande inn på den nødvendige kritiske haldninga til ”*findestedet*” og til ”*sprog og stil*” ved skriftlege kjelder.

”*Kan en Kildes Oprindelse nøje bestemmes, følger deraf af sig selv, om den er ægte eller uægte.*” For å være trygg på kvaliteten til ei kjelde, bør historikaren samanlikne kjelda

---

<sup>19</sup> Erslev (1925) s. 1

<sup>20</sup> Ibid

<sup>21</sup> Ibid s. 5

<sup>22</sup> Kjeldstadli (1994), s. 137

med kjelder som alt er vurderte som sikre. Dette førte Erslev over i hermeneutikken og hans fire mål for forståing i tolkinga:

- a. *forstaa selve skriften og alt hva der henger sammen dermed..*
- b. *forstaa Ordene, hver for sig og i deres Sammenhæng...*
- c. *forstaa Indholdet ud fra Helheten...*
- d. *forstaa Indholdet paa Baggrund af Tidens og Forfatterens Anskuelser.*<sup>23</sup>

Erslev åtvara historikarane mot å gå til fortolkinga med før-inntatte meininger”..eller *Theorier*”. Like farleg er det å legge meir inn i tolkningen av kjeldene enn det er dekning for. I de skrevne kjeldene ”.. maa man spørge, om det nu hører hjemme i Virkeligheden eller kun i Digterens Fantasi.”<sup>24</sup>

I **Slutning til Virkeligheden**, nærmar Erslev seg det han ser som det egentlege målet med historisk forskning, ”.. at forestille os Fortidsmenneskene, Deres Liv og Handler.” Til nå har kjeldene blitt målt og vege kvar for seg, nå er det samanstillinga til ein heilskap som er utfordringa. Han tek eit oppgjer med tidlegare tiders naivitet og mangel på kjeldekritisk haldning: ”Nyere Kritik har et skarpt Blikk for det subjektive Moment i den historiske Overlevering, som den ældre Kritikk naivt oversaa eller kun i ringe Grad betonede.”<sup>25</sup>

I avslutninga av boka syner Erslev at det er den tekniske sida av historikarens arbeid han har søkt å skildre. Historikaren må sjølv sette saman ein historisk vitskapeleg heilskap bygd på dei enkelte kjeldene.

Kristian Erslev sluttar med at historisk forskning er ein bruk av den dugleiken vi brukar i dagleglivet når det er noko vi ønskjer å finne ut, ”..naar vi ønsker Klarhed over noget, som vi ikke selv har iagttaget,..”.

Det enkle er ofte det beste, og Kristian Erslevs pedagogiske kraft har halde verket hans levande i over eit hundre år. Sjølv om mykje av dei positivistiske haldningane arbeidet til Erslev består av, i dag blir oppfatta som forelda, bygger mykje av vår samtids metodelitteratur på ”..arven fra Erslev”.<sup>26</sup>

---

<sup>23</sup> Erlev (1925) s. 28.

<sup>24</sup> Ibid, s. 42.

<sup>25</sup> Ibid, s. 82

<sup>26</sup> Ankersborg (2001)

## Kjelder

I arbeidet med denne oppgåva har både ”finne”-prosessen og tolkinga av matarialet stått sentralt i bruken både av det skriftlege og det biletmessige materialet. Dei viktigaste kjeldene til dette arbeidet har vore relevant materiale eg har fått tilgang til i det omfattande dokumentarkivet til IOC i Lausanne i Sveits. Eg har brukt arkivet ved to besøk i 2006 og til saman nytta dokumentsenteret i to veker.

Ved sida av protokollar og referat frå IOC-møta, er det dei store brevsamlingane til IOC-presidentane og særleg det store arkivet på brev til og frå president Avery Brundage som har blitt basiskjelder for arbeidet. Brundage-arkivet ligg i Illinois, men museet i Lausanne har det USA-baserte arkivet på mikrofilm. Over 1500 sider med kopiar er tatt frå dette arkivet. Breva til og frå Brundage er her særleg knytta til korrespondansen med J. Sig Edstrøm, Arnold Lunn og Marc Hodler. I tillegg har IOC-arkivet alle referat frå styret og sesjonane til IOC og store delar av den olympisk relaterte delen av korrespondansen til presidentane J. Sig. Edstrøm og Henry Baillet-Latour.

Arnold Lunn var redaktør av *Ski Year Book of Great Britain* frå 1920 til 1971. Desse årbøkene er basisverket for kunnskap om utviklinga alpin skisport og truverdet til bøkene er stort. ”Alle” las desse bøkene, og omstridde artiklar var enten tekne opp til debatt i same bindet eller med friske tilsvær året etter. (sjå s. 21 )

Litteraturlista bak fortel om dei første bøkene om alpin skisport frå 1904 og framover. Dei er litterære ”levninger” like mykje som ”beretninger” og nokre av illustrasjonane, til dømes *The Snake of Laret* s. 41, er viktige kjelder for å forstå stega i utviklinga av alpin skisport. Ved Norsk Skieventyr i Morgedal fann eg Norsk Idrætsblad frå 17/2 og 26/3 i 1886 der skildringa av eit slalåmrenn i Seljord er den eldste skriftlege framstellinga av eit slalåmrenn eg har funne.

Fortolkinga av materialet blei ikkje utsett til alt var samla. Leiteprosessen har også vore ein prosess med mange val, og slik sett har hermeneutikken vore med frå første dag.

Den svenske idrettshistorikaren Leif Yttergren har skrive essays om skilærarkonflikten og om striden mellom Norge og Sverige om den svenske deltakinga i VM i Cortina d'Ampezzo i 1941. Arbeidet til Yttergren har vore til stor hjelp, sjølv om arbeidet mitt tidvis tok andre vegar enn Yttergrens.

IOC` s historie bind 1 og 2 er nytta for den perioden oppgåva omhandlar. Særleg nytte har eg hatt av dei to kapitla som er forfatta av den kjente tyske idrettshistorikaren Karl

Lennartz. Etter gjennomgang av delar av kjeldematerialet hans, finn eg grunn til å heidre den opne og fritt-talande måten han omtalar vanskelege emne på.

Det er ikkje tildelt reisestøtte til dette prosjektet. Eg har difor prioritert bruken av eigne midlar til to kjeldebesøk i IOC-arkivet. Om det var gitt reisestøtte, ville eg ha brukt den til å granske brev- og dokument-arkivet til FIS. Når saknet av dette er til å leve med, er det ikkje minst fordi Brundagearkivet er så omfattande og har så mykje FIS-materiale og korrespondanse med Lunn og Hodler, og at dei nemnte britiske årbøkene .

Fleire av dei eldste ski-bøkene som er brukte er kjelder som kvar for seg illustrerar den tronge fødselen til alpin skisport. Dei ulike skolane er sett opp mot kvarandre og eg har hatt tilgang til alle dei mest sentrale verka i europeisk skihistorie.

Kjelder, årbøker og samlingar er refererte alfabetisk i kjelde-og litteraturlista.

## Hermeneutikken.

I følgje Hans-Georg Gadamer er: "*Hermeneutikk (...) eit universelt aspekt av filosofien og ikkje berre den metodiske basis for dei såkalla åndsvitskapane*".<sup>27</sup> Mennesket er eit fortolkande vesen, og det er avgjerande for fortolkinga vår kva for samanheng vi står i. Den viktigaste sida ved utnyttinga av det historiske kjeldematerialet vil gå på ei direkte eller indirekte tolking av av kjeldene. Dette vil hjelpe oss til formuleringa av hypoteser der spørsmål om føremål og bodskap blir sentrale.

*Vi er her midt hermeneutikkens felt, hvor det blir spørsmål om dels å anvende generelle synspunkter på tolking av meningsbærende materiale, dels å skille ut spesielle momenter i den historiske utnyttelse av slikt materiale.<sup>28</sup>*

Som fortolkande kjeldegranskare søker historikaren ei forståing gjennom den hermeneutiske tilnærminga, og forståing og fortolking er to sider av same sak. I arbeidet med brev, referat, årbøker og historiske verk til denne masteroppgåva, bygger mi forståing av konfliktar og hendingar på mi hermeneutiske tilnærming. Den hyppige bruken av sitat i skildringa av konflikten er gjort for at andre også skal kunne vurdere om mi tilnærming har vore god eller dårlig.

---

<sup>27</sup> Høystad (1994) s. 273

<sup>28</sup> Dahl (1986) s. 54

Hermeneutikken er ein grunnleggande teori som kan førast tilbake til dei gamle grekarane. Grekarane fortolka sine homeriske dikt, kyrkjefedrane bibeltekstene og romerske juristar sine lovtekster. Ingen av desse såg på hermeneutikken som ein eigen disiplin men tok opp problema innanfor retorikken, estetikken og poetikken. Som forskarar reflekterte dei samstundes over dei problema fortolkinga innebar. Augustin (354-430) strevde med tolkingsproblema da han sette saman Platons tekster med Det gamle og Det nye testamentet.<sup>29</sup>

Når historikaren skal arbeide med kjelder og tekstar frå ein tidlegare epoke, melder problema seg. Platons dialogar var vanskelege for Augustin, og dei er verre for oss. Avstanden i tid gjer oss mindre skikka enn Augustin, for han hadde det Hans-Georg Gadamer kalla *før-forståing* og *for-domar* for tolkinga av Platon.

Gadamer la vekt på føresetnadene for forståinga. Det vi gjeng inn i tolkinga med av kunnskap og bakgrunn er den *førforståinga* som er avgjerande for kor djupt innsyn vi får av det materialet vi arbeider med.<sup>30</sup>

Når eg i masteroppgåva har nytta brevvekslinga mellom Arnold Lunn (FIS) og Avery Brundage (IOC), var mi *før-forståing* avgjerande for utvalet av det eg vil ta med av det omfattande materialet. Det blei viktig å ta omsyn til sambandet mellom det materialet eg skulle tolke, mi eiga *før-forståingav heilskapen* og delane, og den konteksten dette materialet skulle tolkast i.

Denne samanhengen kallar vi den hermeneutiske sirkel,- ”*..der delen blir forstått ut frå heilskapen, og heilskapen ut frå delane som går inn i han.*”<sup>31</sup> Ole Martin Høystad meiner med dette at for å grunngi fortolking av spesifikke delar av eit verk, må ein ha ei tolking av heile verket ”i botnen”. På same måten må ein bygge på ei tolking av alle delane, for å kunne tolke heile verket. Den hermeneutiske sirkel blir kjenneteikna av ei pendling mellom tolkingar av detaljar og heilskap, seier Ottar Dahl:

*Tolkingsprosessen vil være karakterisert ved en stadig pendling mellom ulike kombinasjoner av muligheter, og resultatet vil i beste fall være karakterisert ved valg av en tolkingshypotese som antas å være konsistent, evt. mer konsistent enn andre muligheter*<sup>32</sup>

For å kunne tolke delar av brevvekslinga mellom Lunn og Brundage, måtte eg ha innsyn i heile FIS/IOC-striden. Eg måtte ha lese heile samlinga av brev mellom dei to for å nytte

---

<sup>29</sup> Wormnæs (1989) s. 126.

<sup>30</sup> Gilje/Grimen (1993) s. 148

<sup>31</sup> Høystad (1994) s. 71

<sup>32</sup> Dahl (1986) s. 70.

hermeneutikken som ”teoritradisjon” på dette materialet. Heile brevsamlinga hjelpte meg med tolkinga av enkeltbreva, og enkeltbreva kasta ljós over heilskapen.

## Før-forståing og for-domar

Vi reknar dei tyske filosofane Wilhelm Schleiermacher (1768-1834) og Wilhelm Dilthey (1833-1911) som dei som la grunnlaget for moderne hermeneutikk. Dei grunnga den som ”*..metodiske fundament for studiet av mennesket og dei historiske humanvitskapane.*”<sup>33</sup> Seinare kom tidlegare nemnte Hans-Georg Gadamer (1900-2002) og tilførte omgrepene *før-forståing* og *for-domar*. Gilje og Grimen nemner tre komponentar som stikk seg fram i før-forståinga:

1. *Språket til aktøren* (forskaren, masterstudenten) og hans/hennar verd av omgrep inngår i før-forståinga. Eg ser verda gjennom det språket og dei begrepa eg har tileigna meg. Andre har eit anna ”begrepsapparat” og det gir oss alle som aktørar ”forskjellige forståelseshorisonter”<sup>34</sup>
2. *Oppfatningar av tru* inngår i før-forståinga. Vi har oppfatningar om natur, politikk og samfunn og til dømes den olympiske rørsla.
3. *Personlege røynsler* inngår også i før-forståinga. Vi tolkar verda ulikt, og dei røynslene vi samlar med oss, ikkje berre som forskarar men som heile menniske, går inn som viktige komponentar i før-forståinga. I dei ”personlege røynslene” inngår også vår bakgrunnskunnskap frå ”livsverda” vår. Eller som Ole Martin Høystad seier det: ”*Mennesket står og fell med sine eigne tolkingar*”<sup>35</sup> I arbeidet med denne masteroppgåva var mine personlege røynsler og min skihistoriske bakgrunnskunnskap ein del av mitt før-forståingsapparat. Å vera medviten om min eigen ståstad i diskursen om haldningane til alpin skisport i Mellom-Europa, var avgjerande for å koma så nære målet om ”sanning” som råd. Røynslene kan både auke og avgrense forskarens innsyn i tolkingsprosessen, og som historikar er det viktig å hugse: ”*All kildekritikk bygger på skepsis. Den er en mistankens hermeneutikk.*”<sup>36</sup>

---

<sup>33</sup>Høystad (1994) s. 41.

<sup>34</sup>Gilje og Grimen (1993) s. 148.

<sup>35</sup>Høystad (1993) s. 291.

<sup>36</sup>Seip (1976) s. 11.

Gilje og Grimen presenterer to tradisjonar for korleis forskarane tolkar folks skildringar av seg sjølv og det dei driv med. I den eine tradisjonen meiner dei at vi skal sjå heilt bort frå dei skildringane aktørane gjev av seg sjølv til dømes ved intervju. Slike skildringar er ofte feil og lite vitskaplege. I høvet til dei personlege breva og skriftlege skildringane frå striden mellom FIS og IOC skrive av sentrale aktørar som Lunn og Edstrøm, ville denne tradisjonen sagt at desse personlege vitemåla var lite eigna. Emile Durkheim blir halde fram som representant for dette synet på fortolkinga, og dette *faktaparadigmet* er det eine grunnleggande paradigmet i sosiologisk forsking.


Det andre paradigmet, *handlingsparadigmet*, blir hevd av Max Weber. Han meiner at vitnemåla frå desse aktørane er fundamentale og signifikante. Dette ikkje minst fordi det er synet til aktørane på det dei gjer, og deira syn gir handlingane mening og identitet. Weber la vekt på *forståinga* og gjorde individet til sitt ”*metodologiske utgangspunkt og grunnleggende analyseenhet*”<sup>37</sup>, medan Durkheim la vekt på institusjonar og strukturar.

Så langt eg kan sjå, ville historikaren sagt som Ole Brumm ”*Ja, takk, begge delar*”, og seinare sosiologisk teoridanning har søkt ei samordning av dei to paradigma. For mitt forskingsprosjekt blei det viktig å forstå og få fram dei institusjonelle føringane det låg i ein konflikt mellom dei to gigantane i internasjonal idrett, FIS og IOC. Samstundes blei den individorienterte vurderinga, tolkinga og gjennomgangen av det nedskrivne kjeldematerialet etter dei seks hovud-aktørane (IOC: Baillet-Latour, Brundage, Edstrøm, FIS: Østgaard, Lunn, Hodler), tufta i heile prosjektet. IOC-museet i Lausanne har brevsamlingane til IOC-presidentane, og i London har Ski Club of Great Britain gitt ut mange av breva til Arnold Lunn i bokform. Men har dei alle breva med, eller hadde Lunn eller andre alt redigert i dei eller gjort eit utval?

Mykje av det kjeldematerialet som er nytta til å skrive denne masteroppgåva om striden mellom FIS og IOC, er nedfelt i referat frå møter, i protokollar og årbøker. Årbøkene til Ski Club of Great Britain frå 1920 til 1971 er fulle av referat, omtaler, brevvekslingar og debatt om emnet. Desse årbøkene som Arnold Lunn redigerte er truleg dei mest verdfulle dokumenta om utviklinga av alpin skisport. Både som debattorgan og som årbøker med det beste artikkelstoffet, er dei viktige.

---

<sup>37</sup> Gilje og Grimen (1993) s. 97



Årbøkene til The Ski Club of Great Britain er dei viktigaste verka til å hente kunnskap om utviklinga av alpin skisport.

Ikkje minst fordi ”alle” i internasjonal vintersport las årbøkene til Lunn og gjorde dei til friske debattorgan. Men felles for årbøkene er at tekstene i dei : ”*allerede er fortolket av aktørane selv*”<sup>38</sup>. Som historikar må vi gå vidare og tolke aktørane sine oppfatningar av seg sjølve, og denne tolkinga av tolkinga kalla den engelske sosiologen Anthony Giddens *dobel hermeneutikk*.

Dei to vendingane *amatør* og *profesjonell* er fortolka og brukt ulikt til ulike tider og i ulike samanhengar. I striden mellom IOC og FIS var begge samde om at ein amatør var ein som ikkje tok imot godtgjersle som idrettssutøvar. Likevel var dei usamde i kva som låg i dette, og dei hadde sjølve kvar for seg ein *tolkingstradisjon* som ikkje stemte med den andre. Kor mykje som var ei politisk eller tolkingsmessig usemje, vonar eg vil gå fram av masteroppgåva. Men når nokon i dag slenger ut av seg: ”*Er du heilt ammatør, eller?*”, kjem enda ei ny tolking, - amatøren som den klossete som ikkje får til det som er forventa. Fortolking av dei skriftlege kjeldene blei ein viktig del av arbeidet med masteroppgåva. Likevel er det grunn til å minne om dei innvendingane historikaren Ottar Dahl kom med i boka ”*Problemer i historiens teori*” (1986). Der tok han eit oppgjer med det han kalla ”*overdrevet og misvisende betoning*” av kravet om før-forståing, ”*Vorverständnis*” i tolkingsprosessen. Han meinte ein lett blei bunden opp av sine ”*utgangshypoteser*” og endte opp med å søke å få dei stadfesta i forskingsprosessen. Dahl la vekt på at forskaren måtte kunne korrigere hypotesar i forskingsprosessen, og at det måtte vera eit forskingsmål i seg sjølv.

<sup>38</sup> Gilje og Grimen (1993) s.146

*Det er derfor helt misvisende, både faktisk og normativt å hevde at vår "Vorverständnis" entydig determinerer tolkningsprosessen og – resultatet. Hvorfor skulle man arbeide med tolking av tekster, kunstverker osv. hvis man ikke hadde mulighet for å komme ut over sin "Vorverständnis" i retning av en riktigere forståelse?*<sup>39</sup>

Når bruken av hermeneutikken blir ei vitskapeleg analyse blir diskursanalysen ei forskingsmessig vidareføring.

## Diskursanalyse

Som del av arbeidet med denne masteroppgåva la eg vekt på *kritisk diskursanalyse* med dei røtene den har i lingvistikken og Norman Faircloughs analyse, av diskursens fem trinn frå problemformulering til resultat. Først ein stutt gjennomgang av "grunntrekka" i denne tradisjonen.

Slik ordet diskurs blir forstått av oss, er det "*en bestemt måde at tale om og forstå verden (eller et utsnit af verden) på*"<sup>40</sup>. Lingvisten og språkfilosofen Ferdinand de Saussure (1857-1913) var særleg opptatt av det "tause" systemet med språklege reglar som gjer at vi alle kan kommunisere med kvarandre. Han skilde mellom *langue*, språkstrukturen, alle dei fast forankra teikna som saman gir kvarandre mening, og *parole* som er daglegtalen, den vi brukar i omgang med kvarandre og som bygger på språksystemet *langue*. Språksystemet, meinte de Saussure, var dei uskrivne og "tause" reglane som får oss menneske til å kommunisere effektivt.<sup>41</sup> Tilhøvet mellom språket og røyndomen er arbitrært eller vilkårleg, og tydinga av enkelte teikn kjem av det forholdet det har til andre teikn.

Etter de Saussure og strukturalismen har poststrukturalismen modifisert ideane til de Saussure. Nå ser ein ikkje like strengt på oppfattinga av språket som ferdig og uforanderleg struktur ,og dessutan er grensene mellom *langue* og *parole* mindre skarpe.

Strukturalistane gav oss biletet av språket som eit fiskegarn der kvart teikn var knutar i det stramt utforma rutenettet. Poststrukturalistane løyste på dette mönsteret for å gi plass til forandring, "... *fordi tegnenes betydning kan glide i forhold til hinanden*".<sup>42</sup> Teikna i ordet *amatør* er dei same, men meiningsinnhaldet kan vera endra både i tid og rom. Det er i pakt

---

<sup>39</sup> Dahl (1986) s. 31

<sup>40</sup> Jørgensen, Winther, Phillips (2005) s. 9

<sup>41</sup> Smith (2003) s. 235.

<sup>42</sup> Jørgensen Winther, Phillips (2005) s. 20

med med poststrukturalistane sine idear om at det er i daglegtalen ”..at strukturen skabes, reproduceres og forandres”<sup>43</sup>.

## To tilnærmingar.

Sjølv om forfattarane legg vekt på at dei følgjande tre tilnærningsmåtane til diskursen overlappar kvarandre, er oppsettet til Winther Jørgensen og Phillips pedagogisk motivert og til strukturell hjelp i ei innfløkt verd av trendar og tradisjonar. Dei tre tilnærningsmåtane er *diskursteori*, *kritisk diskursanalyse* og *diskurspsykologi*. Ettersom den siste er ei samlenemning for mikronivået i diskursanalysen som etnometodologi, eller læra om korleis folk flest brukar språket, valte eg i arbeidet med masteroppgåva å legge vekt på dei to første.

## Diskursteori

Den franske historikaren og filosofen Michel Foucault (1926-1984) gav diskursanalysen ny tyngde gjennom teoriutvikling og forsking. Han var omstridd, og faggruppene støytte han frå seg: historikarane kalla han filosof og filosofane kalla han historikar. Forfattarskapen hans blei delt etter den *arkeologiske* og den *genealogiske* fasen.

Diskursteorien hans ligg i den første fasen, og der søker han etter reglar for korleis enkelte utsegner blir godtatt som meiningsfulle og ”sanne” i ein bestemt historisk periode, andre ikkje.

Teorien hans om *makt og kunnskap* er frå den genealogiske fasen i Foucaults forfattarskap. Makta ser han som eit positivt vilkår for det sosiale. Foucault legg vekt på at makta alltid er knytt til kunnskap og viten, og at makta og kunnskapen begge er ein føresetnad for kvarandre. Fengslet og asylet var sentrale institusjonar i Foucaults forsking. I dømet sitt ser han makta: fengslet oig asylet som utenkelege utan kunnskapen: krimionologien og psykiatrien.<sup>44</sup>

Til historikaren seier Foucault at historievitskapen ikkje må studere ei hending eller ein tilstand utan å definere den samanhengen den blir sett i

---

<sup>43</sup> Jørgensen et al 2005

<sup>44</sup> Jørgensen et al (2005) s. 23.

*..uten å spesifisere den analysetypen denne rekken hører inn under, uten å søke å erkjenne fenomenenes regularitet og sannsynlighets grense for deres framtredelse,..<sup>45</sup>*

For å få til dette må historikaren analysere målingar over tid, ikkje minst dei som granskar økonomisk historie.

Slik eg forstår Foucault, snur han opp-ned på konvensjonelle oppfatningar av historie som noko lineært eller som ei stram og målretta vandring langs datolina. Historia er ikkje ein kronologi over fakta som fortel ei meiningsfylt historie, seier Foucault. Epistemologien som kunnskapsteori er opptatt av å skilje mellom ekte og falsk kunnskap, og Foucault ønskjer å avdekke det underliggende, kodane og føresetnadene for den struktur og orden som samfunnet oppnår sin identitet igjennom.<sup>46</sup>

Foucaults måte å snu opp-ned på empirisk tradisjon på er ved å: ”*.. fly in the face of empirical evidence*”.<sup>47</sup> Goldstein derimot meinte vi laut leva vidare med det ”tvisynet” Foucault la opp til: ”*Rather than get lost in Foucault’s labyrinth, we can perhaps learn to live, at least temporarily, with a double truth*” .<sup>48</sup>

La oss til slutt sjå på ei anna side der diskursanalysen var nyttig for arbeidet med denne oppgåva. Der diskursar, som konflikten mellom FIS og IOC, støyter saman, får vi ein *antagonisme*. ”*Antagonisme er diskursteoriens begreb for konflikt*”<sup>49</sup> og i følgje Winther Jørgensen og Phillips<sup>50</sup> kan konflikten, antagonismen, berre løysast gjennom *hegemonisk intervensjon*. Denne intervensjonen er ei kraft som skaper orden på tvers av diskursane, og den er vellukka når ein diskurs ”vinn” og antagonismen dermed er oppløyst. Overført til masteroppgåva, måtte drøftinga gjerast på ein annan måte. Ingen ”vann” i antagonismen mellom IOC og FIS. Sjølv om IOC prøvde seg på langvarig ”maktabruk” frå 1935 til 1973, var det etter drøfting fram til eit kompromiss at konflikten blei løyst.

## Kritisk diskursanalyse

Norman Faircloughs kritiske diskursanalyse tek for seg teori- og metodebygging til bruk i empirisk forsking av kvardagsspråket.

---

<sup>45</sup> Foucault (1999) s.31.

<sup>46</sup> Goldstein (1994) s. 1.

<sup>47</sup> Goldstein ibid.

<sup>48</sup> Goldstein ibid.

<sup>49</sup> Jørgensen Winther, Phillips (2005) s.78.

<sup>50</sup> Ibid.

*I modsætnig til poststrukturalismen främhever Fairclough at man skal lave systematiske analyser av tale og skriftspråg i fx. massemedierne...<sup>51</sup>*

Det er eit dynamisk høve mellom livet og diskursen, hevdar Fairclough, og diskursen er ein av fleire sider ved sosial praksis. Med dette meiner han at gjennom arbeidet med å *skape* tekster og å *konsumere* dei, skaper vi ei sosial verd med sosiale relasjonar.

Faircloughs definisjon på diskurs er språkbruk som sosial praksis. Han gir bare rom for lingvistiske element i diskursen og fokuserer på at språkbruken er ei rein kommunikativ handling. Der har den tre dimensjonar som han har illustert med tre kvadrat utanpå kvarandre. Det innerste kvadratet er **teksten**, til dømes Kongens tale nyttårskvelden. Kvadratet utanfor er den **diskursive praksis**, dette å halde ei tale som kommunikativ handling. I det ytterste kvadratet plasserer Fairclough **sosial praksis**. Til vårt døme med Kongens tale vil det tilsvare den vidare kulturelle kontekst: "Kva er den kommunikative grunngjevinga for å sleppe Kongen til i beste sendetid nyttårskvelden?" "Kva tyder det for innvandringspolitikken at Kongen tok våre nye landsmenn så heilhjarta inn i talen?"

Når ein i ein tekst som dette ofte refererer til andre tekster, er det eit døme på det Norman Fairclough kallar "*manifest intertekstualitet*"<sup>52</sup>. Med intertekstualitet meiner han at all tekst eller kommunikativ hending bygger på noko andre har gjort før. Ein kan aldri unngå å bruke ord andre har brukt før. Ein startar aldri tekstarbeidet heilt frå nullpunktet, men bygger som historikar på det andre har skrive før. Ein av dei viktigaste oppgåvene ved oppstartinga av masterarbeidet blir nettopp å leite opp det andre har gjort før og sjå mitt eige bidrag som ein del av ein *intertekstuell kjede*.

Fairclough har gitt oss skisser til forskingsmetodar for analyse av dei tre stega *tekst*, *diskursiv praksis* og *sosial praksis*. Nytteverdien for ein idrettshistorikar vil variere og forsøkt drøfta for kvart punkt. Framstillinga bygger på Winter Jakobsen og Phillips s. 89-104.

1. **Problemformuleringa.** I pakt med det som tidlegare er sagt, er den sosiale praksis utgangspunkt for formuleringa av problemet. Alt etter kva formuleringa blir, må ein gå til dei spesifikke fagområda for å finne svar. Dermed nærmar ein seg det som er analysens hovudmål: å syne sambandet mellom diskursiv praksis og breiare kulturelle strukturar.

---

<sup>51</sup> Jørgensen Winther, Phillips (1999) s.78

<sup>52</sup> Jørgensen ibid s. 84.

2. **Val av materiale.** Jakta på signifikant materiale er ei utfordring eg har vore innom i andre samanhengar. Det er fleire ting som er avgjerande i den prosessen. Kor tilgjengeleg er materialet? Veit eg nok om emnet til å bli det den gamle metodikaren Kristian Erslev kalla ein "finne-kunstnar"?

3. **Transkribsjonen.** Ingen av dei som var sentrale aktørar i IOC/FIS-striden lever i dag. Derfor har vi ingen av "deltakarane" å intervju. I transkribsjonen av eit eventuelt intervju, er det viktig å følgje Fairclough: ikkje berre å velja ut, men også å *fortolke* intervju-materialet. Transkribsjonen er ein teori fordi ein fortolkar det som er sagt, "det talte sprog", igjennom transkribsjonen.

4. **Analysen** gjer Fairclough på dei tre "nivåa" kvar for seg. Den **diskursive praksis** blir for Fairclough eit spørsmål om korleis teksten er laga og bruka (produsert og konsumert). Vi kan gå til den intertekstuelle kjeden og sjå om tekstane, ordlyden, har blitt skjerpa eller utvikla over tid. Tonen i striden mellom partane i det kløyvde FIS og IOC var vesentleg tøffare i 1940 enn i 1935.

For historikaren er tolkinga av tekst knytt opp mot grammatikalske vendingar som *transitivitet* og *modalitet*. Når visepresident Edstrøm (IOC) skriv til FIS-president Østgaard at: "...kommer skiidrotten at falla bort från olympiska spel"<sup>53</sup> formulerer han det som ei "naturlov", der agenten (IOC) er utelatt.

*En sådan sætningskonstruktion fratager agenten ansvar ved at lægge vægt på effekterne og tilsidesætte de handlinger og processer, der førte frem til dem.<sup>54</sup>*

Det *transitive* i analysen blir korleis hendingane og prosessane hekk i hop mellom subjekt og objekt. FIS hadde nok ingen problem med å sjå kven agenten var.

Med *modalitet* i analysen meiner Fairclough at ein må sjå på engasjementet, den talandes tilslutning til utsegna. Det ville vore stor *modal skilnad* på om Edstrøm hadde sagt: "Skisporten **skal** ut av OL!", "Skisporten **kan** gå ut av det olympiske program", eller "Framtida til skiløypinga i vinterolympiske leikar er **usikker**." Denne skilnaden i modalitet gjer den språklege delen av analysen viktig. Korleis retorikaren Edstrøm, som skrev på svensk til Østgaard, reagerte da den korrekte Østgaard svarte dette på engelsk veit vi ikkje : "*I am personally sure that there is no fundamental interest for the FIS to*

---

<sup>53</sup> Yttergren (2005) S. 7

<sup>54</sup> Jørgensen ibid s. 95

*take part in the Olympics*<sup>55</sup>. Det var vel ikkje heilt etter planen at Østgaard skulle ta brodden av trugsmålet om utesettenging ved sjølv å avvise heile vinter-OL.

Dermed står det ytre kvadratet att, den *sosiale praksis*.

*"Det er i analysen af forholdet mellem diskursiv praksis og den bredere sociale praksis, at undersøkelsen finder sine endelige konklusioner"*<sup>56</sup>.

Overført til denne masteroppgåva blei det eit arbeid med å sjå FIS-IOC-striden som ein del av den politiske striden i samtida. Tekstene, dei skriftlege kjeldene og utsegnene frå ulike aktørar har eg søkt å sette inn i ein kontekst av den politiske diskursen i samtida, og ut av denne analysen kan ein, i følgje Fairclough, trekke konklusjonar.

5. **Resultata** skal brukast med aktsemd innanfor eit diskursivt system. Fairclough er redd resultata kan misbrukas til det han kallar "sosial ingeniørkunst". Ideen med diskursen er at den skal

*.. regulate the production of meaning within the context of definite textual and institutional conditions – they regulate what can and cannot be said and read within historically and social specific situations"*<sup>57</sup>

Arbeidet med diskurs har vore ei hjelpe til å bygge opp ei breiare før-forståing av posisjonen til dei skriftlege kjeldene i masterarbeidet. Ikkje minst i vurderinga av brevvekslinga mellom dei sentrale aktørane i den omtalte konflikten. Når historikaren Knut Kjeldstadli opnar for at medlemmer i ein fagleg stamme kan ha nytte av ein fagleg svipptur innom "nabo-stamma" , er det nettopp for å "shoppe" element frå andre teoritradisjonar for å styrke sin eigen faglege ståstad. Dei prestisjetunge, blytunge skotta mellom fagstammene, ser han som hemmande på forskinga. Han nemner den britiske historikaren John Fines som ein som har vore til hjelp i andre "stammer". Han har gitt konkrete råd til tekst- og kjelde-granskaren: *"How to tackle a document in eight easy steps"*.<sup>58</sup> Utan at det står eksplisitt, skimtar eg spor av analysene frå kritisk diskursanalyse i denne nyttige lista:

1. Skildre dokumentet. Kven skreiv? Kva er det – brev eller dagbok? Når og kvar er det skrive?
2. Dele inn materialet under tematiske overskrifter

---

<sup>55</sup> Yttergren (2005) s. 7

<sup>56</sup> Jørgensen ibid s.98

<sup>57</sup> Smith (2003) s. 343.

<sup>58</sup> Omsett/attgjeve i Kjeldstadli (2005) s. 231.

3. Det er inga skam ikkje å forstå, så lenge ein innser eigen mangel på kunnskap. Auk kunnskapen for å få innsyn i tekstene.
4. Les teksta med tanke på å sjå i kor stor grad teksta er eit produkt av si eiga tid.
5. Kor truverdig er kjelda? Manglar ting du venta å finne? Er det formuleringar som vekker din mistanke om at teksta gøymer meir enn den syner?
6. Kva for spørsmål får du som forskar etter å ha lest av teksta? Reiser teksten nye problemstillingar?
7. Kor signifikant eller viktig er dokumentet? Kva er dokumentet verdt som kjelde og peikar det mot ny viten?
8. Korleis vil forskaren bruke dette dokumentet? Kva og kor mykje skal refererast?

## Kravet om intersubjektivitet

I eit ope demokratisk samfunn er det eit mål med forskinga å gjera ho så *intersubjektiv* som råd. Det gjer vi når vår dokumentasjon er lett tilgjengeleg for andre som vil eller kan etterprøve våre resultat og bygge vidare på dei. Forskaren skal gjere greie for metodar og framgangsmåtar så grundig at andre forskarar lett kan etterprøve dei. Denne forskingsforma passar dårlig inn i eit kaldt forskarsamfunn der skjerming av forskingsfunn er eit vilkår for framgang. Det intersubjektive kravet er eit viktig element for ”å kome vidare” med open vitskapeleg forståing.

Heilt intersubjektiv kan historisk forsking aldri bli. Forskaren har dei avgrensingane som bind ho/han opp som deltar i prosessen. Ein kan streve etter å bli ein nøytral tilskodar, men same kor prektige metodiske mål ein set, vil subjektive val og tolkingar presse oss på sida av det intersubjektive målet.

I arbeidet med mi masteroppgåve sto i starten essayet av den svenske idrettshistorikaren Leif Yttergren sentralt i arbeidet.<sup>59</sup> Med hjelp frå bibliotek ved IOC-museet i Lausanne og forsøk på ”finne-kunst”, har eg leita fram tilgjengeleg historisk forsking både på hovudområdet og på delemna. Der eg har funne konklusjonar eller tekstar eg kunne bygge vidare på, har eg gjort arbeidet så *kumulativt* som råd. Forskaren skal vera kritisk til tidlegare forsking på feltet, men der konklusjonane har vore underbygde, har eg søkt å bygge vidare på det i eige arbeid.

Yttergren har i kjeldebruken i hovudsak brukt det han har funne i Edstrøms brevveksling og i svenske publikasjonar. Han har under arbeid eit breiare forskingsarbeid på Edstrøm, så

---

<sup>59</sup> Yttergren (2005)

essayet om den omtalte striden mellom FIS og IOC er berre ein del av eit større opplegg. Kjeldevalet hans har kanskje vore tilstrekkeleg for hans forsking på Edstrøms rolle i den omtalte konflikten. Gjennom grundige tilvisingar og kjeldeopplysningar har han gjort sitt arbeid intersubjektivt tilgjengeleg slik at eg kritisk kan vurdere hans arbeid og kva eg kumulativt kan arbeide vidare på. Eg har funne andre kjelder som eg vonar skal kaste nytt lys over saka. Ikkje minst i norske og britiske kjelder.

Eit døme: Yttergren drøftar kvifor Edstrøm til dels var hatefull mot FIS og internasjonal skisport. Han nemner at Edstrøm var ein aktiv friidrettsutøvar og seinare var med og stifta det internasjonale friidrettsforbundet der han var president i 30 år. *"Friidrottsintresset gjorde at sommar-OS hadde prioritet framför Vinter-OS hos Edström."*<sup>60</sup> Kvifor nemner ikkje Yttergren at Edstrøm var ein av dei fremste svenske representantane ved stiftingsmøtet til Den Internasjonale Skicommision (forløparen til FIS) i Kristiania i februar 1910?<sup>61</sup> Kvifor nemner han ikkje at Edstrøm var så framståande i den første organiseringa av skisporten at han straks blei valt til formann i ein komite som alt same hausten leverte frå seg dei første internasjonale reglane for skihopping? Kvifor er det ikkje viktig å nemne at Edstrøm var vert og møteleiar for den andre skikommisjonen som blei halde i Stockholm i 1911? Kvifor er J. Sig. Edstrøm som med-stiftar av skisportens internasjonale fellesskap så hatefull mot den same idretten 25 år seinare?



Til v.: J. Sig. Edstrøm saman med Karl Roll på stiftingsmøtet til Den Internasjonale Skicommision, Kristiania 12. februar 1910. Roll tok initiativet til skipingsmøtet.

Etter arbeidet med masteroppgåva framstår J. Sig. Edstrøm som mindre sentral i denne konflikten enn det Yttergren hevdar. IOC-presidenten Henri Baillet-Latour og seinare president Avery Brundage framstår som vesentleg meir reflekterte i argumentasjonen, og

<sup>60</sup> Yttergren (2005) s. 2

<sup>61</sup> Østgaard (1956) s. 151

meir balanserte i framstellinga enn den til tider nokså hysteriske J. Sig. Edstrøm. Det har av den grunn vore nødvendig å nytte mange sitat frå brevvekslinga mellom alle aktørane, for betre å få eit inntrykk av kven som hadde substans i argumentasjonen og kven som ikkje hadde det.

Eg har brukt ein del biletar og illustrasjonar der dei er nyttige til å få fram fleire sider ved historia. Bileta som fortel ei historie, er brukt som kjelder. Når idrettshistorikaren Matti Goksøy hevdar at: ”*Bilder er (...) en undervurdert kildetype.*”<sup>62</sup>, er det nettopp for å auke tilfanget av eit knapt kjeldemateriale. Når verten ved møtet i Kristiania i 1910, den norske ski-presidenten Karl Roll, har plassert nettopp Edstrøm til høgre for seg i eit stort gruppebilete, tolkar eg det som at arrangøren såg på Edstrøm som viktig for skipinga av eit internasjonalt forum for skisport.

Det har vore eit mål med dette arbeidet å vere så ”sikker” som råd på at tolkingar, vurderingar, utval kunne gje så rett biletar av emnet som råd. I metodebruken har eg søkt å sette kjelder opp mot kvarandre der dei er nedskrivne frå motsette ståstader. I tidlegare forsking på emnet har det blitt lagt hovudvekt på til dømes den rolla J. Sig Edstrøm spela. Ved å sette kjelder både frå skisport og olympisk rørsle mot kvarandre, meiner eg det er lettare avsløre både linjer og likskapar, motsetnader og haldningar. Dessutan er tonen mellom aktørane i korrespondansen både spissformulert og provoserande. Til tider også underhaldande og svært ofte overraskande.

---

<sup>62</sup> Goksøy (1994)

## Alpin skisport

Da konflikten mellom IOC og FIS oppsto i 1935, før dei Olympiske Leikane i Garmisch Partenkirchen, var alpin skisport ein ”ung” idrett. Slalåm og utfør blei først godkjente øvingar på det internasjonale skiprogrammet på FIS-kongressen i Oslo 1930, og kombinasjonen slalåm-utfør hadde aldri før stått på det olympiske programmet. For å forstå kvifor den ”unge” idretten alpin skisport hamna i eit minefelt av strid og krang i nesten 40 år, er det heilt avgjerande å kjenne den historiske bakgrunnen og den sosiale kontekst ”barnet” vaks opp i. Alpin skisport blei avla fram som eit innovativt prosjekt for britisk reiseliv i Alpane. Etterkvart deltok både skilæraren og eleven med startnummer i det same skirennet, og dette fall därleg saman med olympiske idear om amatørskap.

### Den norske slalåma

Første gong vi finn ”slalåm” i ei skriftleg kjelde, er i bladet Fædrelandet 8. mars 1879.<sup>63</sup> Første gong slalåma får breiare omtale er 17. februar 1886. Norsk Idrætsblad inviterer til ”*Præmieskirænd i Siljord*” ei veke seinare:

*Programmet bliver to opvisninger i hop og en såkaldet ”sla lom”, et løb med svinger og knejker bakken ud over; intet længdeløb. Sandsynligvis vil rendet komme til at foregå i den såkaldte ”Djuvsrejnan”, en overmåde lang, jevnt skrånende bakke, der egner seg fortrinlig for sådanne løb.*<sup>64</sup>

Ein månad seinare fortel bladet om rennet som gjekk på ”glatt føre” i ”en svær bakke” som heitte Raudkleiv. Uttrykket slalåm er tydeleg nytt for skribenten:

*Løbet begynte med en ”slalom” fra toppen. Så vidt vides, vil dette sige et løb i ujævt, vanskelig terræn, som hist og her kan nødvendiggjøre omgåen av naturlige hindringer, og hvor det derfor gjelder om snarrådighed for at klare sig i en snever vending. Ifølge indberetningen var terrænet i denne ”slalom” både brat og vanskelig ligesom længere en den bagefter brugte skibakke, der mer var beregnet på opvisning i hop...*<sup>65</sup>

---

<sup>63</sup> Huntford (2006) s. 105

<sup>64</sup> Norsk Idrætsblad, 17/2 1886

<sup>65</sup> Norsk Idrætsblad, 26/3 1886

Slalåm var eit uttrykk frå Vest Telemark, og skihistorikaren Einar Stoltenberg deler løypinga i tre kategoriar: slalåm, kneikelåm og vill-låm.<sup>66</sup> Når dei beste fann slalåma kjedeleg, valte dei ut trasear i meir ulendt terreng. ”*For å gjera det rettleg vrangt bygde dei upp ei rekkje med svære sprøythopp nedetter ein bratt bakke, der sto dei.*”<sup>67</sup> Dette var kneikelåma. Neste steg var vill-låma. Namnet gir seg i grunnen sjølv, og vill-låmine levde på folkemunne lenge etter at låma blei lagt.

Slalåma i Seljord 1886 og Husebybakken i 1890 var i kombinasjon med hopprennet:

*Opvisningen i Bakke vil komme til at omfatte tvende Hopløb og en saakaldt ”slalom”. ”Slalomen” vil bestaa i Løb udoever Bakken uden opbygget Hop, men til Gjengjeld over naturlige kneiker og Ujevheder i Bakken, hvorhos det der antagelig vil blive indlagt mindst en sving i løbet.*<sup>68</sup>

Slalåmdelen var lagt til bakken ved Skjennungen og den

*...var utstukket med en sving til venstre og en til høire og passerte nogen mindre kneiker forinnen man nådde det under bakken liggende Tjern, Skjennungen.*<sup>69</sup>

I 1895 var det lagt inn postar for dommarane til å vurdere stilene i slalåma:

*..over Skjennungsbakken, hvor slalom er lagt med dommerpost, videre i retning Slagteren,..*<sup>70</sup>.

Slalåma blei aldri nokon suksess i programmet, korkje i Husebybakken eller Holmenkollen. Men fleire var entusiastiske til å prøve vidare:

*”Slalaam” har flere Gange været sat paa Programmet ved Landsskiløbene, utfør svære bakker, hvor da Karakter ble givet. Det vilde være meget heldig, tror jeg, om man ved det kommende Rend i Holmenkollbakken vilde faa i stand et ”Slalaamløb”; Bakken er fortrinlig skikket dertil, og for Publikum vil det være en behagelig Afveksling istedenfor tre Gange i træk at se Deltagerne paa en mere eller mindre elegant Maade sætte utfør Hoppet.*<sup>71</sup>

Det var diverre ikkje nok med entusiasmen til Laurentius Urdahl, så etterkvart blei slalåma i Holmenkollen berre brukt som oppvisningsøving for deltakarane i yngste klasse. Løypa gjekk frå Tryvannshøiden ned til Tryvann, og alle deltok både på tid og med døming av stil. Siste gong vi høyrer om den, er i referata frå Holmenkollrenna i 1906.<sup>72</sup>

<sup>66</sup> Stoltenberg, (1938/39), s 19

<sup>67</sup> Ibid s 18

<sup>68</sup> Skiforeningens jubileumsbok, (1933) s 36

<sup>69</sup> Ibid, s 39

<sup>70</sup> Skiforeningens årbok 1894/95, s23

<sup>71</sup> Urdahl, 1893, s 101

<sup>72</sup> Skiforeningens jubileumsbok, (1933) s. 59

Robert Liefman i frå Freiburg i Tyskland skildra rennet i 1906 i det tyske bladet *Winter*, og han var fasinert av slalåma.

*After the Jump came what was for me the most interesting part of the races. Already prior to the commencement of the Jumps a number of gentlemen under the direction of the first umpire, Captain Roll, marked a downhill course right through the wood, perhaps 1 km. long, from Tryvanshøi (the height of Tryvan) to the aforesaid ravine and here the so called Slalom took place, a downhill run in difficult terrain. Here too the terrain was very uneven. Everywhere there were small hills, furrows and hollows.<sup>73</sup>*

I 1908 kom Fritz Huitfeldt si bok om skiløyping, og da var den ”gamle” slalåma frå Telemark gløymt: ””Slalaam” er et Begreb, som vist de aller færreste udenfor Telemarken har nogen Ide om.”<sup>74</sup>

Den østerrikske forskaren Erwin Mehl såg med undring på at slalåma, ”barnet frå Telemark”, blei lagt vekk i Noreg:

*But in Norway one put no importance on the child from Telemark. This is shown by its degradation into a competition for the youth and the report in the festive publication which could scarcely be more trifling. That was the end of the Holmenkoll-Slalom and the second and final downfall of the Slalom in Norway.<sup>75</sup>*

I 1901 forma ein nedsett skikommisjon i Kristiania ut dei første reglane for skihopping, ”Veiledning ved indstruktion i hoprend”, og her blei Kristianiasvingen og Thelemarksvingen første gongen definerte og forklart:

A. ”Kristianiasvingen”, foregaar væsentlig paa indvendige ski, hvis skispids føres noget indad, skien svagt paa kant, og noget foran udvendige ski; kroppen hældes sterkt inover; ydre ski følger den indre og bevegelsen foregaar paa tvers affartens retning. Armene benyttes til bibehold af balance.

B. Thelemarksvingen foregaar væsentlig paa udvendige ski: Ydre ben føres noget frem, hælen vrider sterkt utad, kroppen hældes innad, den bagerste ski svinges ind til den forreste. Armene som i A.<sup>76</sup>

Desse to svingtypane kom til å prege utviklinga av alpin skisport frå dei sto på trykk i 1901. I striden mellom ulike ”skolar” tapte ”Thelemarksvingen” i det som blei kalt ”The Murder of the Telemark”<sup>77</sup>, og ved dei Olympiske Leikane i 1936 var det bruken av ulike

---

<sup>73</sup> Liefman 1906, s. 18

<sup>74</sup> Huitfeldt (1908) s. 44

<sup>75</sup> Mehl (1949), s 334

<sup>76</sup> Skiforeningen (1901), s 167)

<sup>77</sup> Utrrykket blei brukt av biografen til Hannes Schneider, Gerard Farlie i boka *Flight without Wings*. S. 80 har han eit heilt kapittel med tittelen *The Murder of the Telemark*, om korleis Hannes Schneider fekk Telemarksvingen ut av skiskoleprogrammet i Arlberg-skolen.

variantar av Kristianiasvingen som dominerte meisterskapen.<sup>78</sup> Men det var etter 25 stridbare år mellom ulike skolar i Sveits, Østerrike og Tyskland.

## Skiløypinga i Alpane

Utviklinga av skisporten i Alpane tok tre vegar. Den *norske* kom med framsyninga av hopping i bakkar som Glarus i Sveits, Kitzbuhl i Østerrike og Feldberg i Schwarzwald i Tyskland.<sup>79</sup> Norske studentar ved den tekniske høgskolen i Darmstadt synte fram meisterhopping til eit stort publikum, og dei var det store trekplasteret ved dei største skirennar frå ca 1900 til 1910.<sup>80</sup>

*Fjell-løypinga i Alpane* kom med ønskje om å ta seg inn pass og til toppar på snøen vinterstid. Dei fremste fjellfolka i Alpane hadde i mange år vore engelskmenn. Engelske fjellvandrarar klatra til dei høgaste toppane og var dei første som nådde passa mellom dei sagtakka tindane sommarstid.<sup>81</sup> Nå blei skia tatt i bruk i ulendt fjellterreng vinterstid.

Den *alpine turist-skiløypinga* kom som eit ønskje frå engelsk reiseliv om å bruke Alpane vinterstid. Dei store luksushotella i St. Moritz, Mürren og Engelberg hadde vore stengte og ute av drift om vinteren. Frå 1898 var ein kreativ engelsk turoperatør, Sir Henry Lunn, sett på ideen med å fylle hotella den snødekte delen av året. Kjelkeaking, skeising og curling var blant aktivitetane. Men snart blei skiløypinga hovudattraksjonen. Men overgangen til vinteropne hotell tok tid. Vinteren 1908-09 opna hotellet i Kitzbühl, og styresmaktene i Østerrike støtta vintersportsstadene, særleg i åra etter første verdskrig.

*The rise of this new ski tourism was particularly pleasing to the Austrians. They seized on skiing to refurbish a national image somewhat dimmed by Austria's aggressiveness as the Habsburg Empire, in launching World War I. Anything which depicted Austria as a land of peaceful, beautiful alpine skiing was reflexively encouraged by all sectors.*<sup>82</sup>

Det var denne alpine ”turist-vegen”, sterkt knytta til reiselivet, som kom til å utvikle utfor og slalåm til ei konkurransegrain, og det er med den bakrunnen ein må sjå den seinare

<sup>78</sup> Schneider & Fanck (1933) s. 8, nemner : *Jerked Christiania, Pure Christiania, Scissor Christiania, Stem-Christiania og Step-Christiania.*

<sup>79</sup> Lunn (1952) s. 21. Arnold Lunn deler skisoga i mellom-Europa i tre faser: ”*The Norwegian Period, The Alpine Period, The British Period.*”

<sup>80</sup> Vaage (1952)


<sup>81</sup> Donelly (2004), s. 131

<sup>82</sup> Lund (1996) s. 5

konflikten om skilærarane var profesjonelle og difor ikkje skulle få ta del i dei Olympiske Leikane. Profesjonelle aktørar i reiselivet forma ut alpin konkurancesport og spørsmålet blei om dei som arbeidde med å lære turistane å stå på ski, skulle reknast som profesjonelle i olympisk samanheng.

## Den norske skiløpinga i Alpane

Fridtjof Nansen kom til å prege utviklinga av skisporten i mellom-Europa. Seinare skipionerar las Nansens skildringar frå ekspedisjonen over Grønland ”på senga”, og tok med seg det dei hadde lese ut i dei snøkledde bakkane dagen etter. Morten Lund, amerikansk skihistorikar, seier om boka til Nansen at den blei ei verdsomspennande propagandabok for skiløping,<sup>83</sup> og Arnold Lunn meiner Nansens bok var den viktigaste pådrivaren for skiløping i Alpane:



Boka til Fridtjof Nansen blei ein bestseljar i Europa, og boka skapte ei ”vekkjing” for skisport i Alpane.

*No book has had greater influence on the developement of ski-ing than Fridjof Nansens Paa Ski over Grönland, which was first published in 1890 and*

<sup>83</sup> Lund (1996) s. 3

*translated the following year into English and German. Paulcke, Zdarsky and Iselin were all converted to skiing by this book.*

*Scarcely less important than the publication of this book was the Diaspora of Norwegians. Norwegian skiers were often the first to introduce skiing and always provided a powerful stimulus even where others had preceded them.<sup>84</sup>*

Skihistorikaren Jakob Vaage dokumenterte i 1952 med boka "Norske ski eroarer verden"<sup>85</sup> korleis nordmenn dreiv skisporten fram i mellom-Europa. Anders T. Holte, Thorvald Heyerdahl, Leif Berg og Thorleif Bakke samla tusenvis av menneske i hopbakken på Feldberg i Schwarzwald i Tyskland, og A. Fendrich skreiv i boka "Der Skilauf" i 1908:

*Da kam die Nachricht von Nansens Durchquerung von Grönland auf Schneeshuhen und bald darauf erschien sein Buch mit einer Geschichte des Schneeshuhs und einer Beschreibung der Technik. Die Tat Nansens und sein Werk wirkten wie eine Befreiung aus der zögernden Ungewissheit, in der sich die ersten Besuche mit dem Schneeshuh bewegten. Ein unerhörter Ausschwung begann, der seine volle Steigerung erst erfuhr, als norwegische Studierende aus Darmstadt, zuerst im Schwarzwald, zeigten wie man wirklich auf Ski laufen kann.<sup>86</sup>*

Nordmennene synte fram hopping og darest langrenn, men langrennet fanga heller lita interesse i Mellom-Europa.



Postkort med bilde av Anders T. Holte i svevet i Glarus i Sveits 1904. Kortet er sendt til Holte frå "skisportens far" i Sveits, Christof Iselin, der han inviterer Holte til å koma tilbake som oppvisningshoppar året etter.

Telemarksvingen og Kristianiasvingen blei i denne norske tradisjonen berre brukt etter hoppnormen frå 1901 som ein avsluttande sving på sletta etter hoppet.

<sup>84</sup> Lunn (1952) s. 21

<sup>85</sup> Vaage (1952) s.35-123

<sup>86</sup> Fendrich (1908) s. 11

*Ja, da har man ogsaa Lov til at være stolt, naar man efter Luftsejladsen lykkelig tager Bakken og for den beundrende Mængde paa Sletten gjøre Honnør i en elegant Telemarksving.*<sup>87</sup>

## Den alpine fjell-skiløypinga

Den engelske forfattaren Sir Arthur Conan Doyle, mest kjent for bøkene om Sherlock Holmes, kryssa 23. mars 1894 over fjellet Mayenfelder Kurka frå Davos til Arosa i Sveits på ski. Den kjente forfattaren skreiv ein spennande artikkel om det i *Strand Magazine*, og utan kunnskap om teknikk brukte han skia som slede og akte seg ned fjellsidene på baken. Skildringa er fornøyelag:

*My tailor tells me that Harris tweed cannot wear out. This is a mere theory, and will not stand a thorough scientific test. He will find samples of his wares on view from the Furka Pass to Arosa, and for the remainder of the day I was happiest when nearest to the wall.*<sup>88</sup>

Ein av dei som blei inspirert av Fridtjof Nansen, var filosofen Mathias Zdarsky frå Lilienfeld i Østerrike. Han fekk ski tilsendt frå Noreg, men blei tidleg sikker på at den norske løypemåten ikkje var brukeleg i bratt alpeterreng. Både i skrift og tale gjekk han til frontalangrep på telemarksvingen og den "norske skolen". Skihoppinga kalla han "tøvete gymnastiske øvingar" og han laga sine eigne ski og bindingar som han meinte var dei einaste rette:



Mathias Zdarsky blei heidra i 1990 som "Begründer der Alpinen Ski-Fahrtechnik und des Torlaufes."

<sup>87</sup> Huitfeldt (1908) s. 5

<sup>88</sup> Lunn (1952) s. 31, sitat frå Strand Magazine.

*"They claim for the binding that it is the one and only possible one for mountaineering..."*<sup>89</sup> Det var ikkje alle enige i. Han blei sett på som ein ekstremist, og det same galdt dei mest ivrige forsvararane av den "norske skolen".

*Choose, then, that is good in Norwegian and Lilienfeld alike, and hearken not to the false prophets on either side.*<sup>90</sup>

Striden mellom Zdarsky og resten av skiverda er ei lang historie, men for å forstå den eksentriske østerrikkaren er det viktig å hugse at han såg klatreturnen på ski opp på fjellet, som målet med skituren. Løypinga ned hadde berre som mål at ein kom heilskinna heimatt. Han valte derfor ein teknikk med å krysse dei bratte liene med ein lang lurk av ein stav. For å styre brukte han staven som styrestong, og i nedoverbakke sat han skrevs over staven for å bremse. Zdarsky brukte skia meir i ein plog som han kalla stem, og gjennom dette tekniske bidraget blir Zdarske heidra som ein far for alpin skisport. Stem-svingen glei gradvis inn i det tekniske øvingsprogrammet, men stavbruken blei forkasta.

I britisk tradisjon blei *The Alpine Ski Club* stifta i 1908. Da hadde det alt vore mange skiklubbar i sving i Sveits og Østerrike, men denne klubben hadde fjellskiløping som einaste mål og meining.

*The A.S.C. does not aim at competing with existing clubs, many of whose leading members we hope to enrol. We work, on perhaps narrower, but not conflicting lines. We do not touch racing, ski-jumping or any form of record breaking, however venial. We offer no badges, we frame no tests. To ensure that every member of the club shall be fit for first-class ski-expeditions, candidates for election are asked for a list of their climbs,*--<sup>91</sup>

Stiftaren var Arnold Lunn, son til den driftige engelske hotelleigaren Henry Lunn som ti år tidlegare hadde forsøkt å opne alpehotella for turisme vinterstid. Arnold Lunn, skulle det vise seg, greidde å ha meir enn to tankar i hovudet samstundes: Han tok aktiv fjellskiløping over til det vi i dag kallar alpin skisport, han laga den moderne slalåma, fekk alpin skisport til å bli ei internasjonal skigrein, og han er den mest sentrale personen i det internasjonale skiforbundet i den seinare striden mellom FIS og IOC om amatørskap i alpin skisport.

---

<sup>89</sup> Crichton Somerville, Rickmers, Richardson (1904) s. 64

<sup>90</sup> Ibid, s. 65

<sup>91</sup> Alpine Ski Club Annual no 1 (1908) s. 2

## Den alpine turistskiløypinga

Den innovative Henry Lunn, som dreiv The Lunn Travel Agency, fekk med seg krigshelten Lord Roberts of Kandahar, kjent frå felttog i Afghanistan og Boerkriegen i Sør Afrika, og stifta *The Public Schools Alpine Sports Club* i Adelboden 1903. Føremålet var reit kommersielt, med eit islett av engelsk privat-klubb-tradisjon:

2. – *The objects of the Club shall be to secure the presence at one or more Swiss resorts of a congenial society of people interested in Alpine sports, and to make such arrangements for their comfort and enjoyment as may seem desirable.*<sup>92</sup>

Dette var ein klubb som skulle samle alle aktivitetar rundt hotellet, og som etterkvart henta ut folk frå bygda rundt hotellet til å løyse dei ulike oppgåvene ved drifta. Nokre blei skilærarar på deltid, andre hadde ansvaret for skeisebanen. Bakkane rundt hotellet blei gradvis tatt over av skiløparane, og ettersom alle gjestene den første tida var nye for skisporten, blei det klatring opp og renning ned heile dagen. Dermed blei skiløypinga viktigare enn sjølve turen til fjells,- det var aktiviteten som var målet, ikkje det geografiske målet i fjellheimen.

Aktive britiske skiløparar stifta 6. mai 1903 “*The Ski Club of Great Britain*”. Her var skiløypinga *målet*, ikkje *middelet*. Året etter gav klubben ut den første handboka om skiløping på det engelske språk. Redaktør var E.C Richardson, og med seg hadde han M. M. Chrichton Somerville som var:

*...well known to all Norwegian lovers of our sport. Resident for the last thirty years in Christiania, there exist no more competent authority on the history of ski, a history in which he has himself played an inconsiderable part.*<sup>93</sup>

Medforfattar tyske W.R Rickmers var fjellklatrar og ein av Zdarskys disiplar. I denne første boka på engelsk skreiv han om kor viktig det var med trening på teknikk for å få meir ut av fjellturen. Han meinte ein burde bruke tid på dette når ein løyper ned frå fjellet. Dermed blir Rickmers den første i skisoga som presenterer ein illustrasjon på det som seinare skal bli ei slalåm med merka hinder. I denne boka frå 1904 er det eit bilde av ”*The Snake of Laret*”, og ”slangen” er ei løype ned ei dalside ikkje langt frå St. Moritz. Her er det berre ”tenkte” og naturlege hinder:

<sup>92</sup> Public Schools Alpine Sports Club Year Book (1913) s. 9

<sup>93</sup> Crichton Somerville, Rickmers, Richardson (1904) s. B 2 Preface

*It is a "snakeline" made in the winter of 1903 by the writer of this chapter, and by no means an accomplishment requiring more than ordinary skill or talent (...) May the beginner draw the proper conclusion: that where there's a will there's a way, and that both in this case are within the reach of the ordinary individual who can walk, row, shoot, ride, play tennis, cricket or football.*<sup>94</sup>



THE SNAKE OF LARET.

*Photo by W. R. Rickmers*

Det første biletet av ei slalåmløype sto på trykk i handboka til The Ski Club of Great Britain i 1904

<sup>94</sup> Crichton Somerville, Rickmers, Richardson (1904) s. 46-47

Rickmers skildra skigleda på ein slik måte at Alpe-farande engelskmenn blei dratt med og Ski Club of Great Britain vokste fort til eit lag med fleire hundre medlemmer. Kven kunne stå imot skildringar som desse?:

*Off he goes! For ten minutes the swish of the spurting snow is sweet music to his ears; for ten minutes he scornes the soaring albatross, as he feels himself buoyed by the feathering ski, swaying from curve to curve. The excitement of the start has left him, and though ten minutes may seem a short time he enjoys them to the full, for he is calm, and glides easily, without a show of strength, without effort or strain. He feels the mighty power of the rush, the living force which is gathering as he flies, which drives him along, but which is nevertheless under his absolute control.*<sup>95</sup>

Dei første åra var det Rickmers som var instruktør for den engelske skiklubben, og han gjorde det han kunne for å få elevane til å lage s-svingar som Slangen frå Laret. Dette var ein ny måte å bruke ”norske” svingar på, og Rickmers brukte flittig stemsvingen til Zdarsky. W.R. Rickmers er seinare mest kjent som forfattar av boka *“Skiing, for Beginneres and Mountaineers”*, der han sverga truskap til Mathias Zdarsky: *“To my teacher Zdarsky I owe much that cannot be adequately expressed in cold print.”*<sup>96</sup>

Men britiske skiløparar kom til å vende Rickmers og Zdarsky ryggen. Britane ville stå på ski, ikkje ”ri” på staven. *“The use of a single stick to reduce speed or to help out a turn was completely taboo.”* skreiv Arnold Lunn<sup>97</sup>. Lunn gir all æra for fjerninga av ”stavrytteriet” til forfattaren Vivian Caulfeild som i 1910 formulerte det britiske synet i boka *“How to ski and not to”*. Oppgjeret med Mathias Zdarsky tok Caulfeild enkelt og brutalt:

*Considering as I do, that the Lilienfeld system of ski-ing is in the main a very bad one, and that it is indirectly responsible for the low standard of English ski-running , I have done my best to warn my readers against it (...) It is the very worst school for a beginner who takes up skiing no less for its own sake than as a means to an end, for if he begins in this way, sooner or later he will have to alter his methods entirely, and get rid of a lot of bad habits which he would never have acquired if he had, from the outset, learnt his ski-ing in the Norwegian matter.*<sup>98</sup>

Det første britiske skirennet i Sveits blei arrangert tidleg i januar 1903 i Adelboden. Rennet kombinerte skeising, aking og skiløping, og The Public Schools Alpine Sports Club hadde sett opp eit trofe til vinnaren. I 1904 var det eit reint skirenn, og det var W.R. Rickmers som laga skiløypa. Først var det ei klatreetappe opp bakken, og så vel 300 meter

---

<sup>95</sup> Ibid, s. 47

<sup>96</sup> W.R. Rickmers (1910) s. 5

<sup>97</sup> Lunn (1952) s. 34

<sup>98</sup> Caulfeild (1912) forord s.VI og s. 16

ned igjen. Eit flagg oppe og nede i bakken markerte start, runding og mål. Vinnaren i 1904 var, - Arnold Lunn.<sup>99</sup>

## Kandahar-renna

Feltherren, krigshelten og visepresidenten i The Ski Club of Great Britain, Lord Roberts of Kandahar, ga i 1911 eit stort trofe, The Kandahar Challenge Cup, til den nye skiøvinga. 6. januar 1911 starta ti deltakarar marsjen opp i fjellet frå Crans Montana. Dei låg over på ei hytte og starta rennet dagen etter.

*On 7th January, the competitors left the Hut at 10 a.m. and raced across the Plain Morte Glacier and thence down natural snow, as shaped by the sun, wind and frost. (...) There was not one flag on the first Kandahar course.*

Rennet hadde berre britiske deltakarar og blei vunne av Cecil Hopkinson. Året etter blei Kandahar-rennet flytta til Murren der John Mercer vann tre år på rad og fekk det første Kandahartrofeet til odel og eige. Utfor var nå blitt ei konkurranseform på ski.



Dei første Kandahar-renna i Mürren blei arrangert som fellesstart.

---

<sup>99</sup> Lunn (1952) s. 45-47

Arnold Lunn starta så prosessen med prøving og feiling mot eit konsept for variert alpin konkurranseskiløyping. Frå vinteren 1908 til 1909 hadde fleire av vintersportstadene vinterope, og gjestene ville lære å stå på ski. I 1921 forsøkte dei seg med ein kombinasjon av utfor og eit renn med stildømming i det britiske skimeisterkapet. Resultat var mislukka. Lunn hadde sett nokre sveitsiske forsøk på ei slalåm, men han var ikkje imponert.<sup>100</sup> Først i 1923 tok slalåma til Lunn form. Første slalåmrennet var 4. januar 1923. Frå det britiske meisterskapet i Gstaad i januar 1924, var slalåm fast inne på programmet til det britiske nasjonale meisterskapet.

Norge hadde tatt farvel med slalåma i Holmenkollen 1906, og denne nye ”alpeleiken” blei fullstendig avvist i alle styrande organ for skisport i Norge. Det er derfor underleg at Arnold Lunn valte ordet *slalåm* på den nye øvinga. Han var ein klassisk utdanna kar med kunnskap i latin og gresk, og via Caulfeild og Crichton Somerville hadde han fått kunnskap om norsk skihistorie. I striden om bruken av Telemarkssvingen, var Lunn ein av dei sterkeste forsvararane av den tradisjonsrike svingen. Professor i historie ved Plymouth State College i USA, E. John B. Allen, har denne forklaringa på at ”*slalom*” blei ”barnets” namn:

*It is an indication of the continuing Norwegian influence, though, that the British and all other skiing nations of Europe called the new race slalom and so it remains today.*<sup>101</sup>

For å få fart på konkurranseløypinga blant engelskmenn, stifta Arnold Lunn the Kandahar Ski Club i 1924. Ideen var å utvikle eit konkurransekonsept innafor utfor og slalåm. Tre år seinare møtte Lunn Hannes Schneider i St. Anton, og saman sette dei i gang det viktigaste skirennet i alpin skisport, The Arlberg-Kandahar.<sup>102</sup> Det første rennet gjekk i 1928, og 80 år seinare står det framleis som eitt av dei viktigaste renna i den internasjonale verdscupen.

## Hannes Schneider og Arlberg-skolen

Samtidig med at Arnold Lunn utvikla alpin skisport som konkurranseform, utvikla Hannes Schneider i St. Anton i Østerrike eit skiteknisk program og ein eigen pedagogikk for skiplæring gjennom det som blei kalla Arlberg-skolen.

Hannes Schneider var født i Stuben i Arlberg i 1890, og alt som 16-åring var han den yngste skiguiden i Alpane. Han var østerriksk skimeister og knytt til Hotell Post i St. Anton

---

<sup>100</sup> Lunn (1952) s. 48-50

<sup>101</sup> Allen (1993) s. 10

<sup>102</sup> Lunn (1952) s. 83-88

som skilærar. Etter krigen i 1918 kom han heim fast bestemt på å lage sin eigen skiskole i St. Anton. Orientekspresen hadde stopp ved jernbanestasjonen i St. Anton, og Schneider såg fort at her kunne gjester frå London eller Munchen lett kome til skibakken. Hannes Schneider forma om heile skiskole- systemet med militær presisjon og på same stad i skibakken kvar gong:

*Schneider hired teachers to instruct at a location in the middle of town and trained them to teach a fixed sequence based on the stem turn, so that pupils returning after having had lessons could take up at the same level they had left off – no matter which teacher headed the class. If Henry Ford had come by, he would have nodded approvingly, for this was an assembly line system.<sup>103</sup>*

Hannes Schneider's  
**SKI-ING SCHOOL**  
at  
**ST. ANTON am ARLBERG**  
Austrian Tyrol



*Photo by* [unclear] **Open from December to April** *[unclear]*

<i>Terms:</i>
Ticket for 1 day ... ... ... 6 Austrian Schillings
Ticket for 3 days ... ... ... 16 Austrian Schillings
Ticket for 6 days ... ... ... 30 Austrian Schillings

**EVERYTHING YOU NEED FOR SKI-ING**  
at  
**Hannes Schneider's Sports Shop**  
*Expert Advice. Huge Stock. Best Skis.*  
*Accurate Binding Fitting. All Accessories.*  
*MODERATE PRICES.*

Hannes Schneider og skiskolen hans i St. Anton blei både skiteknisk og pedagogisk ein modell for liknande skiskolar både i Europa og USA. Desse skiskolane utvikla i sterk grad alpin kisport til eit reiselivsprodukt.

Schneider utvikla skiskolen med dei beste skiløparane i Alpene og folk kom frå heile verda for å lære skiløypinga "The Hannes Schneider Way". I 1920 laga han saman med Arnold Fanck den første skifilmen i verda, "Wunder des Schneeshuhs". Filmen kom til å vera

<sup>103</sup> Lund (1996) s. 6

grunnlaget for læreverket med same namn som kom ut på tysk i 1927 og på engelsk i 1933.<sup>104</sup> Dette står framleis som ”grunnmuren” i all utdaning av skilærarar, og det er forbausande mange sider ved skiplæringa som står uforandra 80 år seinare.<sup>105</sup>

*In 1928, two giants of alpine skiing got together to concoct the first international alpine combined. Schneider's Ski Club Arlberg and Lunn's Kandahar Ski Club ran the first “Arlberg-Kandahar” alpine combined, open to all comers. The “AK” attracted the largest entry of alpine racers on the Continent and the AK winner was thereafter clearly seen as the alpine racer of the year and the luster of the event by far outshone the St. Moritz Olympics of the same year.*<sup>106</sup>

Schneider og Lunn skifta om vertskapsrolla og arrangerte rennet i Murren og St. Anton annankvart år etter 1930.<sup>107</sup>

## **Internasjonal organisering av alpin skisport**

Suksessen til Arlberg-Kandahar var godt synleg, og arrangementet fekk andre vinterdestinasjonar til å sette i gang med å arrangere tilsvarande renn. Kitzbuhl drog i gang det første Hahnenkamm-rennet i 1931, og Wengen fekk sitt Lauberhornrenn.

Skilærarane, avla fram innanfor Arlbergskolen, blei dei beste løparane i Europa. Tony Seelos frå Østerrike var ein av dei.

*Seelos was the first skier to make high-speed parallel turns in steep terrain. He simply dispensed with the initial stem movement and substituted a small hop, after which he came down sliding both skis “pure Christie”, or “parallel Christie”. Seelos beat his competitors by ten seconds or so in races of the mid-1930's.*<sup>108</sup>

Tony Seelos, Otto Furrer frå Sveits og dei fleste andre som toppa premielistene på trettitalet, var skilærarar om vinteren. Alpin skisport hadde to kategoriar løparar: velståande med god tid og god råd til å bu på hotell og trenere, og skilærarar som trente på deltid i skibakken om vinteren. Her skil alpinsporten seg merkbart frå dei nordiske greinene. I langrenn og hopp galdt det norske idrettsidealet der vanlege folk skulle kunne delta på lik line med overklassa. Klisjeen av langrennssløparane frå Vinjarengen til

---

<sup>104</sup> Den fulle tittelen på læreverket var: *Wunder des Schneeshuhs. Ein System des Richtigen Skilaufens und seine Anwendung im Alpinen Geländerlauf.* Verket hadde over 1000 illustrasjonar.

<sup>105</sup> Hannes Schneider gjorde mange filmar desse åra fram til 1930. Filmane blei spreidde over heile verda og Schneider og Arlbergskolen fekk eit verdsnamn.

<sup>106</sup> Lund (1996) s. 7

<sup>107</sup> Fairlie (1957) s. 171

<sup>108</sup> Lund (1976) s. 92

Ellefsæter, var at dei kom ut av tømmerskogen, drog ut i verda og tok gullmedaljer. Deretter drog dei heimatt, tilbake i skogen og hogg vidare. Kontrasten til alpin skisport var stor, og konflikten mellom FIS og IOC om amatørskap kom nettopp av at alpinsporten hadde aktørar som fekk godtgjersle for arbeidet som skilærarar.

Frå det internasjonale møtet i Oslo i 1910, blei det halde seks kongressar før Fédération Internationale de Ski (FIS) blei stifta under dei Olympiske Vinterleikane i Chamonix 2. februar i 1924. Dei møttest seinare i 1926 i Lahti og i 1928 i St. Moritz før møtet i Oslo 1930. Det var berre nordiske øvingar på programmet og den einaste som ville ha alpin skisport inn på programmet var Arnold Lunn og nokre mellom-europeiske delegatar.

På FIS-kongressen i Oslo i 1930, vedtok det internasjonale skiforbundet at slalåm og utfør skulle på organisasjonens program, og at det første FIS-rennet (seinare kalt verdsmeisterskap) skulle haldast i Mürren i Sveits 1931. "Feltherren" som feira "slaget om alpinsporten" var Arnold Lunn. Han slost seg fram til vedtaket i FIS og fekk nå ansvaret for å sikre "oppvekstvilkåra for barnet", som Lunn sa det.<sup>109</sup>



FIS-møtet i Oslo 1930. Nederst til venstre, Arnold Lunn, bak i rommet, Nikolai Ramm Østgaard.

Nicolai Ramm Østgaard var på dette tidspunktet president i Norges Skiforbund og visepresident i FIS der svenske Ivar Holmquist var president. Holmquist og Sverige hadde

<sup>109</sup> Lunn (1952) s. 74-76

synt interesse for slalåma til Lunn ei stund, det var verre med Norge og norsk presse: "But in Norway the Slalom had no friends, and the press was almost uniformly hostile".<sup>110</sup>

Professor E. John B. Allen hevdar i boka *From Skisport to Skiing* at den norske skitradisjonen i USA heldt seg godt sjølv etter at alpinsporten siva inn i amerikansk vintersport på 20-talet. Skihoppinga var framleis populær, men dei nye skisentra som opna etter mellom-europeisk modell blei fleire og fleire utover i 1930-åra. Men også Allen kommenterer den norske motstanden:

*The Norwegians did not want anything to do with this "Circussport," this "acrobaticsport," this "hotelsport"; it was not going to taint "real" skiing! One Norwegian judgement was that Lunn was the "worst enemy of the ski sport in the Alps"*<sup>111</sup>

Skiforbundet hadde tidlegare synt lita interesse for skiløypinga i mellom-Europa, og sterke krefter i Norge hadde vore imot norsk OL-deltaking både i 1924 og 1928. Nå sat den internasjonale skileiaren Ramm Østgaard ved roret, og han ville det annleis. Hans plan var å styrke skisporten som internasjonal idrett, og han var villig til å trasse ski-Norge på heimebane:

*Major Ostgaard was well aware that the vote he intended to give in favour of recognizing Downhill races would be interpreted as a further surrender to Central Europe. From the first Ostgaard worked for the unity in the FIS and realized that the FIS could only remain a world-wide organisation by satisfying the legitimate aspirations of its various associations.*<sup>112</sup>

Med alpin skiløping på det offisielle skiprogrammet, blei det arrangert FIS-renn i Mürren i Sveits 1931, Cortina d'Ampezzo 1932, Innsbruck i 1933, St. Moritz i 1934 og Mürren igjen i 1935. Konkurrentane var enten velståande engelskmenn med vinteropphold i Alpane, eller dyktige skifolk frå Alpane, løparar som på deltid var skilærarar for utanlandske gjester på hotella. Hannes Schneider og Arlbergskolen trekte til seg folk frå heile verda. Schneider rekrutterte stadig nye lærarar, og dei drog etter ei stund vekk frå St. Anton for å starte eigne skiskular i Alpane eller USA. Frå 1930 til 1935 vokste interessa for utfor og slalåm raskare enn sjølv Arnold Lunn hadde venta. Den norske storhopparen Sigmund Ruud drog til Mürren og fekk ein fjerdeplass i Kandahar-utforrennet i 1931. Arnold Lunn ville ha Ruud med i slalåma dagen etter, men Sigmund Ruud takka nei:

---

<sup>110</sup> Lunn , ibid

<sup>111</sup> Allen (1993) s. 99

<sup>112</sup> Lunn (1952) s. 75



Foto frå den første verdmeisterskapen i slalåm og utfor i Mürren i Sveits 1931

*Formannen i arrangementskomiteen, mr. Arnold Lunn, forsøker å få mig med. Det nyttet ikke. Jeg slår fast at slalåm ikke er en sport for voksne skiløpere, men utmerket for kvinner og barn.*

*Tiden, utviklingen og ikke minst et nærmere kjennskap til hva slalåm virkelig er, har gitt mig sørgetlig urett. Jeg har lært å forstå hva et slikt løp krever av skiferdighet, beregning og beslutsomhet. Jeg forstår nu at mr. Lunn hadde god grunn til å føle sig støtt. Episoden lærte meg også at vi nordmenn har lett for å innta denne posituren når det gjelder skisport: Vi alene vite!*<sup>113</sup>

Kva var det så ved denne ”britiske” slalåma som fenga slik at tusenvis av amerikanarar valfarta til Alpane vinterstid? Det er ikkje vårt tema, men likevel viktig for å forstå krafta i gjennomslaget for alpin skisport. Den kommersielle suksessen var retta mot den same populasjonen som gledde seg over Olympiske Leikar. At alpin skisport blanda amatørar og proffe skilærarar i eigne renn blei heilt naturleg for dei som var glade i den idretten, og i møtet med den olympiske amatørskapen blei dette ein konflikt som involverte skifolket. Professor Allen kan ha ei forklaring på kvifor den britiske slalåma blei så populær:

<sup>113</sup> Ruud (1938) s. 83

*The British love of "taking it straight," redolent of the fox hunt, and the appeal of speed (Schneider observed that "it is speed that is the lure) combined to inspire a new form of skiing. Perhaps the charm and mania for speed on skis were simply because there was still so much of the natural world with which to contend. In a period when speed records fell to the industrial marvels of boat (the Blue Riband) train (the Flying Scotsman), and plane (the Schneider Trophy), skiing was autochthonous and therein lay its attraction. Skiers had to know how to manage their equipment, and Schneider and Lunn were the world's masters in this new era of downhill speed.<sup>114</sup>*

## **Starten på konflikten med IOC**

I 1935 heldt IOC sin 33. sesjon i Oslo. Nok ein gong skulle den norske hovudstaden vera arena for ei viktig hending i skihistoria. Her var den internasjonale skikommisjonen stifta i 1910, her var FIS-kongressen i 1930 som vedtok å sette alpin skisport på programmet, og her var nå IOC-delegatane samla frå 25. februar. Det var mindre enn eit år til dei Olympiske Vinterleikane i Garmisch Partenkirchen i 1936, og alpin skisport var invitert inn på det olympiske øvingsprogrammet for første gong. Andre dagen på IOC-øtet i Oslo var det rapportering frå organisasjonskomiteen for leikane i Garmisch. I eit innlegg etter rapportane var det den norske IOC representanten Thomas Fearnly som minte forsamlinga om at FIS i 1932 hadde vedtatt at skilærarar ikkje var å sjå på som profesjonelle og derfor gjerne kunne delta i internasjonale renn. Vinterleikane i Garmisch Partenkirchen ville bli dei første olympiske leikane med alpin skisport på programmet, og kom ikkje skilærarane i konflikt med dei olympiske amatørreglane? Vedtaket frå IOC er berre på fire liner, men det blei eit dramatisk vedtak som nær hadde fjerna skisporten frå det olympiske programmet.

*Le Comité décide que le Président écrira au Président de la F. I. S. pour attirer son attention sur le fait que les professeurs de ski contre retribution ne sont pas qualifiés pour prendre part aux épreuves olympiques de ski, réserves aux amateurs.<sup>115</sup>*

President Nikolai Ramm Østgaard mottok brevet frå IOC, og striden om amatørskap mellom FIS og IOC var igang. Den skulle overleve tre IOC-presidentar og tok ikkje slutt før synet på amatørskap i olympisk idrett blei endra i 1973.

---

<sup>114</sup> Allen (1993) s. 100

<sup>115</sup> IOC Protocol (1935) s. 6 "Komiteen bestemmer at Presidenten skriv til Presidenten i FIS for å gjera han merksam på det faktum at skilærarane som tek imot betaling ikkje er kvalifisert til å ta del i dei olympiske skiøvingane som er reservert for amatørar." Forf. omsetting.



Nikolai Ramm Østgaard var adjutant for kronprins Olav. I 1910 var Østgaard sekretær for den internasjonale skikommisjonen i Kristiania, han var president i Norges Skiforbund 1927-1930, visepresident i FIS 1928-1934 og president 1934-1951.

Her er Kronprinsen og adjutanten i Holmenkollen i 1914.

## **IOC, amatørskap og Olympiske Vinterleikar**

Presidenten i IOC, grev Henri de Baillet-Latour<sup>116</sup>, hadde fått melding om FIS-vedtaket fra 1932, om at det internasjonale skiforbundet såg på skilærarane som gode amatørar, før Thomas Fearnly tok saka opp i IOC-møtet i Oslo 1935. Informanten var Avery Brundage som ”fyra opp” Baillet-Latour i høvet til FIS.<sup>117</sup> Det blei Brundage som dei neste 38 åra skulle stå som hovudaktør i IOC i kampen med det internasjonale skiforbundet.

Vedtaket IOC gjorde i Oslo i 1935 sa klart i frå at skilærarane var profesjonelle og utan rett til å delta i Olympiske Leikar. FIS fekk raskt melding om dette, og skinasjonane protesterte ved å halde sitt eige verdsmeisterskap veka etter dei Olympiske Leikane i 1936. Ved VM i Innsbruck fekk skilærarane delta, ikkje i Garmisch Partenkirchen. Dette reduserte verdien av det som blei det første alpine mesterskapet i olympisk historie.



Birger Ruud vann utforrennet i OL i 1936, men blei nummer fire  
når skilærarane var med veka etter i VM i Innsbruck

<sup>116</sup> President i IOC 1925-1942

<sup>117</sup> Lennartz (1994) s. 289

For å forstå den steile haldninga til IOC, må ein sjå nærmare på kva som gjorde at amatørskap sto øvst på lista over kampsaker den olympiske rørsla var villige til å slost for. Inga sak tok opp meir tid i møter og drøftingar, og alle olympiske kongressar frå 1896 til 1972 hadde amatør-spørsmålet på dagsordenen.<sup>118</sup> Ein studie i utviklinga av amatørskap i moderne idrett, fell difor nøyne saman med moderne olympisk historie.

*Since participating in the Olympic Games became the goal of most world class athletes, the Olympic Movement was in a unique position to influence amateurism as a category of sport on every level throughout the world. This control was established by the development of a working relationship, which still exists, between international sports federations, the national Olympic committees, and the International Olympic Committee. Because of this unique set of circumstances, the development of amateurism as an international phenomenon during the twentieth century can be effectively studied by reviewing the history of the International Olympic Committee and its relationship with the various international federations.*<sup>119</sup>

Pierre Bourdieu hevdar at idretten på slutten av 1800-talet meir var eit brot med fortida enn del av ei utvikling. Det vi kallar moderne idrett, som den olympiske rørsla skulle bli ein del av, blei påverka av heilt nye aktørar.

*This field included public and private associations, producers and vendors of equipment, the service side and marketing area.*<sup>120</sup>

Bordieu delte denne prosessen inn i to faser: *opprikkelsen* (the initial genesis) og *populariseringa av sportsproduktet*.

*Echoing his general analyses on fields, Bourdieu notes that it was members of the aristocracy and bourgeoisie who “took over” popular games and pastimes and simultaneously changed their meaning and function. These groups were to become the dominant group in the sports field. These groups set in train several interconnected processes. A rationalisation process, ensuring predictability and calculability over performance unfolded. Standardisation of rules occurred and organisations devoted to the administration and promotion of the sports field emerged. These processes were combined with the forging of a political philosophy of sports emphasising fitness, fair play and amateurism.*<sup>121</sup>

Dei moralske ideala frå det engelske ”public school”-systemet var den ideologiske tufta Pierre de Coubertin bygde den olympiske ideen sin på. I denne fasen, som Bourdieu kalte *opprikkelsen* til moderne idrett, blei det vidtfemnande grunnlaget for den olympiske rørsla lagt:

---

<sup>118</sup> Glader (1978) s. 9

<sup>119</sup> Glader (1978) s. 129

<sup>120</sup> Jarvie & Maguire (1994) s. 195

<sup>121</sup> Jarvie & Maguire (1994) s. 196

*Sport still bears the mark of its origin. Not only does the aristocratic ideology of sport as disinterested, gracious activity, which lives on in the ritual themes of celebratory discourse, help to mask the true nature of an increasing proportion of sporting practices, but the practice of sport such as tennis, riding, sailing or golf doubtless owes part of its “interest”, just as much nowadays as the beginning, to its distinguishing function and, more precisely, the gains in distinction it brings.*<sup>122</sup>

## Paris 1904

Da Pierre de Coubertin tok opp arbeidet med å organisere dei moderne olympiske leikane, brukte han amatørspørsmålet som ”trekkplaster” til det store møtet om saka i Paris 1894. Entusiasmen for å lage store internasjonale idrettsleikar var laber, men amatørspørsmålet var det lettare å samle interesse rundt.

*To de Coubertin the real issue of the 1894 congress was not amateurism, but he revival of the Olympic Games. Nevertheless, he used the problem of amateurism as bait to attract people to the congress.*<sup>123</sup>

Tittelen på kongressen var sterkt vill-leiande: ”*Paris International Congress for the Study and Propagation of Amateuristic Exercises*”. Programmet hadde 10 punkt, sju om amatørskap og tre om Olympiske Leikar.

Bakgrunnen for at amatørskapen sto så sentralt, var at moderne idrett var bygd opp omkring victorianske ideal som bygde på ideen om at overklassa hadde betre haldningar til edel kappestrid enn folk som var mindre bemidla. Eugene Glader deler inn føremålet med amatørskapen i idretten etter tre liner <sup>124</sup>:

**Social Distinction.** Ideen var at ein gjennom amatørskapen skulle skilje ”gentlemen” frå dei lågare klassene i samfunnet. Den eksklusive haldningan til overklassa i synet på amatørskap, medførte at ein såg ned på den profesjonelle utøvaren som konkurrerte for pengar:

*.. any person who competed for money was not only basically inferior, but also a person of questionable character.*<sup>125</sup>

**Special Advantage Destinction.** Dersom ein oppnådde treningsmessige fordeler ved fysisk arbeid, kunne ein bli vurdert som profesjonell. Det ville ikkje vera rettvist at ein

---

<sup>122</sup> Bourdieu (1978) s. 825

<sup>123</sup> Glader (1978) s. 130

<sup>124</sup> Glader (1978) s. 15-19

<sup>125</sup> Glader (1978) s. 16

"gentleman" konkurrerte med ein arbeidar som hadde fått trening gjennom fysisk arbeid. Dei fordelane ein hadde frå fysisk arbeid, tok frå ein retten til å delta i idretten og var med i *The Eligibility Code* for dei Olympiske Leikane så seint som i 1972. Reglane kravde at du måtte ha eit yrke med ei inntekt, at du ikkje kunne få betalt løn og vera vekk og tren, og at du ikkje måtte vera vekk frå jobben meir enn fire veker i eit kalenderår for å tren. Alt dette fall vekk i oktober 1974<sup>126</sup>.

**Motivational Distinction.** Det var den leikne idrettsleda som skulle motivere for konkurranse, og den verdige utøvaren såg på suksess eller tap som underordna den edle kappestriden. Heilt til 1960 måtte utøvarane skrive under på denne lovnaden:

*....declare on my honour... that I have participated in sports solely for the pleasure and for the physical, mental, and social benefits I derive, therefrom; that sport to me is nothing more than a recreation without material gain of any kind, direct or indirect...*<sup>127</sup>

I striden mellom IOC og FIS viste Avery Brundage ofte til at ein måtte stå støtt på ideala frå dei opprinnelige Olympiske Leikane i antikken, slik Pierre de Coubertin hadde ført dei vidare. Seinare forsking har kome til at ein ikkje finn prov på at dei "gamle" grekarane hadde ideal som likna på amatørskap, etter at dei klassiske Olympiske Leikane blei opna for andre enn spreke folk i overklassa.<sup>128</sup> Heller ikkje de Coubertin var like klar i moralen. Han var nok meir pragmatisk i synet på amatørskap enn i synet på dei leikane han skapte:

*Coubertin often repeated that he had never been particularly excited by the question of amateurism; it had simply served as a "screen".(....) For the President of the IOC and his closest collaborators, the problem of amateurism was a non-problem and one which, unfortunately, poisoned the Olympic atmosphere.*<sup>129</sup>

I antikkens Hellas var det bare dei mest velståande som tok del i aktiv idrett dei første 300 åra. Overklassa, aristokratiet og deira folk konkurrerte, og deltakarlista såg ut som "*a page from the Social Register*".<sup>130</sup> Ingen av desse trøng økonomisk kompensasjon for å drive idrett. Rundt 450 f. Kr. blei det meir vanleg at folk frå underklassa deltok i fri-idrett og idrettar der det var fysisk kontakt mellom utøvarane:

*Financed by local patrons and public funds drawn from taxes on wealthy citizens, they ran and fought to bring honor to their city-states as well as to themselves. Their city-states, in turn rewarded them with cash prizes, free*

---

<sup>126</sup> Glader (1978) s. 17

<sup>127</sup> Glader (1978) s. 18

<sup>128</sup> Douglas Booth (2004) s. 22 siterar David Young (1984) som "...reports he cannot find a shred of evidence to support the case that the ancient Greeks had a concept even vaguely similar to amateurism."

<sup>129</sup> Boulongne (1994) IOC's historie bind 1 s. 107

<sup>130</sup> Glader (1978) s. 43

*food, and lodging. Therefore, although the Olympic Games paid no direct material rewards, they existed in a maze of commercial enterprise.(...) Whether or not he received money for his Olympic exploits is beside the point. Well paid for his full-time efforts, he was a professional athlete.*<sup>131</sup>

Til den olympiske kongressen i Paris 1894 hadde Pierre de Coubertin invitert til ein konferanse om like reglar for amatørskap i alle idrettar. Her var emna spreidde frå definisjonsspørsmål, til spørsmålet om ein som var profesjonell i ein idrett, kunne vera amatør i ein annan. Kan amatørdefinisjonen i ein sport bli brukt på ein annan idrett? Skal deltakarane få dekt utgifter ved å få del av billettinntektene? Bør verdien på medaljer og trofe avgrensast?<sup>132</sup> Tre av ti tema på konferansen dreidde seg om ideen om Olympiske Leikar. Kongressen samla seg 22. juni 1894 om sju punkt som reglar for amatørskap, og sjølv om dei blei revidert og forandra nesten kvar gong IOC-kongressen seinare møttest, er tre av reglane verdt å merke seg:

1. *Any infraction of the rules of amateurism disqualifies as an amateur. A disqualified amateur may be reinstated on proof of ignorance of the law, or for good faith.*
2. *The value of objects of art given as prizes need not to be limited. Whosoever obtains money by means of the prizes he has won loses his qualification as an amateur.*
6. *The committee considers that the tendency off all sports should be toward pure amateurism, and that there is no permanent ground in any sport to legitimize money prizes.*<sup>133</sup>

Desse reglane galdt for leikane i 1896 og 1900, men med så mange ulike idrettar representert var det uråd å samle alle under dei same reglane. I 1902 sendte difor IOC eit spørjeskjema til alle internasjonale idrettar der dei blei bedne om å svare på tre spørsmål. Korleis definerte dei amatørskap i sin idrett? Kunne IOC få kopiar av alle amatørreglar? Kva for amatørspørsmål ønskte idrettane å diskutere på IOC kongressen i Brussel 1905? Reglane blei reviderte før leikane i St. Louis i 1904 og ved kongressen i Brussel i 1905. Til dei Olympiske Leikane i London 1908 var det amatørreglane i Storbritannia som galdt, og dette skapte stor debatt. Derfor var det ny spørjeundersøking til alle internasjonale idrettsorganisasjonar i 1909 der alle måtte svare på fem spørsmål om amatørskap.<sup>134</sup> Svara var motstridande og til lita hjelp for IOC, og presidenten gjekk trøytt av heile amatørspørsmålet

---

<sup>131</sup> Baker (1988) s. 22

<sup>132</sup> Glader (1978) s. 131

<sup>133</sup> Glader (1978) s. 132

<sup>134</sup> Glader (1978) s. 135

I sjølvbiografien skreiv Pierre de Coubertin om amatørstriden: "Today I can admit it: the question never really bothered me."<sup>135</sup> Sjølv om han var ein del av aristokratiet, såg han klart at amatørreglane kunne halde gode utøvarar frå "folket" ute frå dei Olympiske Leikane. Amatørreglane kunne vere til hinder for utviklinga av den olympiske rørsla, og kvaliteten på dei Olympiske Leikane. Framtida for den "*Olympiske verdsomspennande familie*" var viktigare for de Coubertin enn spørsmålet om kompensasjon til dei som ikkje hadde råd til "leike" i arbeidstida. På eit vis var han framsynt på problema IOC skulle få med amatørspørsmålet i åra framover:

*Coubertin fought against these decisions, the consequences of which were to weight heavily on the IOC for the next quarters of a century.*<sup>136</sup>

Coubertin ville forenkle problemet med å innføre ein eid der utøvarane sverga at dei heldt seg til reglane. Og, med tanke på den seinare striden om skilærarane, såg han klar skilnad på ein lærar og ein profesjonell: "*I stuck to my conviction that a teacher and professional should not be put on the same footings*"<sup>137</sup>

## IOC-kongressen i Praha 1925

Dei første åra etter første verdskrigen fekk amatørspørsmålet ligge i fred, fordi den olympiske rørsla hadde nok med å overleve. Dei ulike idrettane hadde nå organisert seg i internasjonale organisasjona,r og desse *føderasjonane* kom oftare og oftare i konflikt med IOC. Golf, bogeskyting og landhockey forsvann ut av OL-programmet før 1914. Det internasjonale skeiseforbund kom i krangelen om kven som skulle ha Vinterleikane i 1924, og seinare same år rauk IOC og det internasjonale tennisforbundet saman i ein uforsonleg strid som endte med at tennis uteblei frå programmet i Amsterdam i 1928. Det internasjonale fotballforbundet FIFA låg i strid med IOC om betaling for tapt arbeidstid, og i 1932 for fotballen ut av det olympiske programmet i Los Angeles og heldt sitt eige verdsmeisterskap i Montevideo same år.<sup>138</sup>

Årsaka til desse konfliktane var ofte spørsmålet om amatørskap og spørsmålet om godt gjersle for tapt arbeidstid. Dei internasjonale federasjonane hadde ulike reglar, og IOC`steile maktbruk for å få samlande "regelmakt", blei dårleg tatt imot. Eit anna stridspunkt var reglane ein konkurrerte etter i dei Olympiske Leikane. IOC hadde sine

---

<sup>135</sup> Boulongne (1994) IOC`s historie bind 1 s. 118

<sup>136</sup> Boulongne (1994) IOC`s historie bind 1. s. 118

<sup>137</sup> Coubertin (1975) s. 161

<sup>138</sup> Lennartz (1994) s. 234-240

eigne reglar, medan dei internasjonale ferasjonane ville ha styringsrett over eigen idrett og etter sine eigne reglar. I eit brev til Baillet-Latour gav Pierre de Coubertin dei ulike idrettsgreinene si støtte:

*I have often fought them (the IFs) because their syndicalism is antisporting, but from our point of view they are so useful that if they did not exist we would almost have to invent them. It is they who carry the weight of everything that goes wrong at the Olympic Games, while we are commended for the lofty idealism of our programme. Thanks to that, Olympism triumphs. Otherwise, it would have been in danger of decline<sup>139</sup>*

I 1921 møttest leiarar for 18 internasjonale ferasjonar i Lausanne, dei nasjonale olympiske komiteane og IOC for å drøfte det därlege forholdet dei i mellom. Denne kongressen av internasjonale idrettsferasjonar valte J. Sig Edstrøm som møteleiar. Han var sjøl president i den største ferasjonen, det internasjonale fri-idretts forbundet, og var handplukka inn i IOC året før. Som den dyktige diplomaten og sterke leiaren han var, greidde han å få organisasjonane til å samarbeide med IOC om viktige saker. Kongressen blei viktig for IOC:

*It underscored the extent to which the IFs, which had become a counterweight in both sporting and political terms, were now a major actor in the Olympic Movement. This dialogue, indeed this confrontation, was to become one of the features of the modern Olympic Movement and a factor in its progress.<sup>140</sup>*

Felleskongressen la opp til at fedarsjonane skulle få meir makt i amatørspørsmålet. I vedtaket heitte det:

- A. *That the contests in the Olympic Games be open only to amateurs as herein defined.*
- B. *That the definition of an amateur for each sport be that of the International federation governing such sport.*
- C. *That the National Federation, which in any country governs a particular sport must certify on the entry form that each competitor is an amateur according to the rules of the international federation of that sport, and this certificate must be countersigned by the National Olympic Committee of that country, which must also declare its belief that the competitor is an amateur under the definition of the International Federation concerned.*<sup>141</sup>

Dette såg greitt ut på papiret, men det var før spørsmålet om amatørskap verkeleg kom opp i dagen på IOC-kongressen i Praha 1925.

---

<sup>139</sup> Boulongne (1994) s.156

<sup>140</sup> Boulongne (1994) s.168

<sup>141</sup> Glader (1978) s. 138

Det blei fatta tre vedtak som fekk mykje å seie for framtida til skisporten på kongressen i Praha. Den eine var at Pierre de Coubertin gav presidentgjerninga vidare til den belgiske greven Henri Baillet-Latour, ein av dei mest konservative IOC-medlemene i amatørspørsmålet. Det andre viktige vedtaket, var at IOC godkjente Chamonix-leikane året før som offisielle Olympiske Vinterleikar og at det skulle haldast nye vinterleikar i St. Moritz vinteren 1928. Alt dette og ein lang dagsorden vart vedteke samrøystes. Det siste viktige vedaket galdt amatørsaka, og det ga ein klar bakgrunn for den seinare diskusjonen om skilærarane. Her var diskusjonen heit, meiningane mange, og det var dissens om sluttdokumentet. Det var to hovudsaker om amatørskap som blei drøfta i Praha. Den eine var om ein idrettsinstruktør, lærar eller "professor" skulle bli rekna som profesjonell, og det andre om amatørar skulle ha rett på økonomisk bidrag for tapt arbeidstid, "broken time". Litt av vedtaket lydde slik:

*1. Amateurism.*

*The amateur status as defined by the respective International Federations shall apply to athletes taking part in Olympic Games. At the same time, all athletes taking part in the Games must comply with, as a minimum, the following conditions:*

- A. Must not be a professional in any branch of Sport.*
- B. Must not have re-instated as an amateur after knowingly becoming a Professional.*
- C. Must not have received compensation for lost salaries.*

*The International Associations and the National Olympic Committees are requested to study the suggestions contained in the articles 4 and 7 of the report issued by the Commission on Amateurism, at the Congress, viz.:*

**4. Trainers, Advisors, and Instructors, and Coaches who teach competitive games for money directly or indirectly can neither compete in the Olympic Games nor serve as Judges and members of the Juries. Professors or Teachers who do not specifically train or teach competitive Sports and exercises may take part in the Games and serve as Judges and Members of the Juries (uth. av forf.)**

**7. Lengthy sporting competitions which take place in a country far away from that of the competitor are to be condemned, and it is recommended as a general rule that no competitor remains from his home more than one fortnight in a year to take part in Sporting competitions. At the same time it is recognized that for important international competitions in very large countries, certain exceptions are necessary. These exceptions should be infrequent and rigidly controlled.**<sup>142</sup>

I tillegg vedtok kongressen at alle olympiske deltakarar måtte skrive under ein olympisk eid der ein lova på ære og samvit at ein var amatørar etter dei olympiske reglane for

---

<sup>142</sup> Glader (1978) s. 139, sitat frå "Decisions Taken by the Technical Congress at Prague," Official Bulletin, International Olympic Committee, II (December 1927), pp. 2-3.

amatørskap. Dette var den siste kongressen der de Coubertin var president, og det var ein trøytt pioner som nok ein gong måtte slite seg gjennom ei drøfting av amatørspørsmålet:

*Finally, we opened the cupboard where the skeletons were stored and took out, to study once again, the problem of amateurism, with all that is involved: loss of earnings, pocket money, distinction between instructors and professionals, contacts between amateurs and professionals, etc...<sup>143</sup>*

Den nye presidenten Baillet-Latour såg spørsmålet om amatørskap i idretten som eit spørsmål om å leve eller døy for den olympiske rørsla. I mange samanhengar blei han den fremste stridsmannen i IOC i kampen for amatørskap, og som vi skal sjå var han kompromisslaus i haldninga heilt fram til andre verdskrigen tok til:

*Baillet-Latour in particular did his utmost throughout his 16 years in office, to preserve Coubertin's legacy, as he understood it, undiminished at the expence of serious clashes with the International Federations which led, for instance, to the absence from the Olympic programme of shooting in 1928, football in 1932 and tennis from 1928 onwards (until 1984).<sup>144</sup>*

Det jamne presset mot amatørreglane gjorde at presidenten var i stadig forsvarsposisjon. Da han 1935 blei informert av Avery Brundage, som ikkje var medlem av IOC ennå, om at det internasjonale skiforbundet hadde vedtatt i 1932 at skilærarar var amatørar og kunne delta i alle FIS-arrangement, venta han til Thomas Fearnley tok saka opp på IOC-sesjonen i Oslo. Der vedtok dei kort og enkelt at skilærarar var å sjå på som profesjonelle og at dei ikkje ville få lov til å delta i dei Olympiske Vinterleikane.<sup>145</sup>

## **Edstrøm, Brundage og von Halt**

Ved dei Olympiske Leikane i Stockholm i 1912 møttest tre aktive idrettfolk for første gong. Den tidlegare sprintaren J. Sig. Edstrøm var nå ein av arrangørane etter mange års idrettskarriere bak seg. I Stockholm møtte han Avery Brundage frå USA og Karl Ritter von Halt frå Tyskland, som begge deltok i fridrett. Desse tre skulle saman eller enkeltvis stå sentralt i den olympiske rørsla frå 1920 til 1974.

**J. Sig. Edstrøm** stifta året etter Stockholm-leikane International Amateur Athletic Federation, (IAAF) og han blei president i dette internasjonale friidretts forbundet i mange år (1913-1946). Mindre kjent er det at Edstrøm to år tidlegare hadde vore i Kristiania som


---

<sup>143</sup> Coubertin (1925) s. 128 (eng. omsetting)

<sup>144</sup> Lennartz (1994) s. 234.

<sup>145</sup> Lennartz (1994) s. 240

svensk utsending til stiftingsmøtet i den internasjonale skikommisjonen i 1910.<sup>146</sup> Der blei han straks valt inn i ein komite for utvikling av internasjonale reglar for skisporten. Hans hatefulle utfall mot skisporten og det internasjonale skiforbundet etter 1935, kjem i eit litt spesielt ljós når vi veit at han 25 år tidlegare hadde vore med på legge grunnlaget for organisert internasjonal skisport. Den svenske idrettsforskaren Leif Yttergren, som har skrive om Edstrøms rolle i "Skidlararkonflikten", grunngir dette med at "*Friidrotten låg honom varmast om hjartat*" og "*Friidrottsinteressen gjorde at Sommar-OS hadde prioriteten framfor Vinter-OS..*"<sup>147</sup>



Svenske medier ironiserte over at Edstrøm fekk seg sentrale verv innafor mange idrettar. "Sigfrid Vidfamne" samla alle verv i eigne armar. Teiknaren gløymte skia.<sup>148</sup>

Yttergren nemner ikkje at Edstrøm var sentral stiftar av Den Internasjonale Skikommisjonen i 1910 og at han var vertskap for den same kommisjonen i Stockholm året etter. J. Sig. Edstrøm kom inn i IOC i 1920, blei visepresident i 1937, fungerande president i 1942 og valt president frå 1946 til etter dei Olympiske Leikane i Helsinki i 1952. I Sverige blei han karrikert som ein som "hamstra" internasjonale verv både i idrett

<sup>146</sup> [www.fis-ski.com](http://www.fis-ski.com) s. 1 "Amongst the delegates was future IOC President J. Sigfred Edstrøm". Les også: Østgaard (1956) s. 149

<sup>147</sup> Yttergren (2005), s. 1

<sup>148</sup> Lennartz (1994) s. 72

og næringsliv, og han blir nok ståande som den mektigaste idrettsleiaren vi nokon gong har hatt i Norden.<sup>149</sup> (Sjå s. 65)

Karl Ritter von Halt sat saman med Brundage i IAAF-styret i mange år, og saman med Brundage blei dei tre venene ein sterk maktfaktor i internasjonal idrett. Da J. Sig. Edstrøm døydde i 1964, skreiv venen Avery Brundage brev til Bjørn Edstrøm, son til den svenske idrettsleiaren, og fortalte om venskapen dei tre hadde delt:

*We met first at the Games of the V Olympiad in 1912 and we were closely connected for thirty years in the International Amateur Athletic Federation where I served as his Vice President. When he became President of the International Olympic Committee I succeeded as Vice President and on his retirement as President. We were in almost daily contact all during this period and you know the warm affection we had for each other. With Karl von Halt we had our own special beer drinking society, the warm conviviality of which aroused great envy among all our friends.<sup>150</sup>*



”The beer drinking society”. Frå v.: Brundage, Edstrøm og von Halt.<sup>151</sup>

Ved sida av IOC-presidenten, belgiaren Henri Baillet-Latour, som tok over som IOC-president etter Pierre de Coubertin i 1925, var det J. Sig. Edstrøm og ”øl-venene” som styrte debatten om amatørskap. Ettersom den seinare striden om amatørskap med FIS hadde sterke politiske undertonar, er det grunn til å sjå nærare på haldningane til dette

<sup>149</sup> Yttergren (2005), s. 1

<sup>150</sup> Brev frå Avery Brundage til Bjørn Edstrøm, 30. mars 1964. Brundage-arkivet, IOC-museet, Lausanne

<sup>151</sup> Hesse (1936) s. 227

trekløveret av mektige IOC-leiarar. Den viktige felles maktbasen var styret i IAAF der Edstrøm var president og dei to andre visepresidentar

**Karl Ritter von Halt** blei medlem av IOC i 1929 og medlem av Executive Committee i IOC samstundes med Avery Brundage 8. juni 1936. Han blei president for organisasjonskomiteen for dei olympiske vinterleikane i 1936 og ein tidleg støttespelar for Adolf Hitler i den tyske idrettsrørsla. Karl Lennartrz, som skreiv delar av IOC` s historie, seier om von Halt:

*Lewald`s successor on the EC was the convinced National Socialist Karl Ritter von Halt.<sup>152</sup>*



Karl Ritter von Halt helsar på der Führer i Garmisch Partenkirchen 1936.

Da han åpna leikane i Garmisch Partenkirchen 1936 sa Karl Ritter von Halt:

*Wir Deutschen vollen der Welt auch auf diese Weise zeigen das wir die Olympischen Spiele getreu dem befehl unseres Führers und Reichskanzlers zu einem wahren Fest des Friedens und der aufrichtigen Verständigung unter den Völkern gestalten werden.<sup>153</sup>*

<sup>152</sup> Lennartz (1994) s. 217

<sup>153</sup> Hesse (1936) s. 256

Karl Ritter von Halt sat etter krigen i sovjetisk fengsel som krigsforbrytar, men takk vera hjelp frå Edstrøm og Brundage<sup>154</sup> var han ute i fridom i 1948, kom tilbake i IOC og leia innmarsjen for det tyske laget på Bislet under opninga av dei Olympiske Leikane i Oslo i 1952. Nazifortida brydde Brundage og Edstrøm seg lite om. I eit brev til Brundage i januar 1946 skreiv Edstrøm om von Halt:

*He held a position in a bank, which was quite natural, and all the people serving in the bank had to be members of the Nazi party, he was also forced to join it.*<sup>155</sup>

I 1958 blei von Halt på nytt valt inn i Executive Committee, styret i IOC, der han sat til 1964. Han gjekk da ut av IOC etter 35 år, heile tida som medspelar for Edstrøm og seinare for Avery Brundage.

**Avery Brundage** var ein trufast ven av Tyskland. Både i ord og handling synte han seg som ein klar antisemitt. Som biografen hans, historikaren Allen Guttmann skreiv:

*.. he became completely unbalanced on the topic of Jewish influence. He began collecting anti-Semitic literature. Pamphlets like Robert Edmondsons "The Proof of a Jewish Conspiracy to Communize America and Rule the World" (1935), magazines like The American Gentile, and copies of Hitler's speeches were filed away (along with a number of Jewish publications). His letters contained frequent references to the materialism of Jews and to their inability to understand fair play and sportsmanship.*

Det oppsto sterk strid i USA om nasjonen skulle delta i dei Olympiske Leikane i Garmisch Partenkirchen og Berlin i 1936. Avisene var fulle av historiar om undertrykking av jødar i Tyskland, og frå fleire kyrkjessamfunn kom det liknande historier og kraftig motstand. Desse trussamfunna gjekk i spissen for ein boikott av dei Olympiske Leikane, og Brundage var rasande:

*Many of the individuals and organizations active in the present campaign to boycott the Olympics have Communistic antecedents. Radicals and Communists must keep their hands off American sport.*<sup>156</sup>

Den av desse tre venene som er mest viktig for forstå maktforholda i IOC på 1920 og 1930-talet, var J. Sig. Edstrøm. Det var Edstrøm som hadde fått dei to andre med i IOC

---

<sup>154</sup> Guttmann (1984) s. 100-101.”..Brundage loyally defended von Halt when he came under suspicion from the Allied High Commission for Germany. Brundage wrote to High Commissioner John McCly that “Dr. von Halt is not a politician and was never a Nazi”.

<sup>155</sup> Brundage-arkivet, brev frå Edstrøm 30.11.1946, IOC-museet, Lausanne.

<sup>156</sup> Guttmann, (1984) s. 73

etter at dei blei gode vener i IAAF. Idrettsforskaren Leif Yttergren, som har forska på idrettsleiaren Edstrøm, karakterisera Edstrøm som konservativ-liberal:

*Han var på 1930-talet imponerad av Tysklands snabba ekonomiska och industriella utveckling, dock utan att hamna i den nazistiska och antisemitiska fällan, till skillnad från vännen och efterträdaren som IOK-president, Avery Brundage, vars antisemitism är välkänd.*<sup>157</sup>

Ei nærmare gransking av kjeldene etter Edstrøm vil kunne syne noko anna. Det er ikkje emne for denne oppgåva, men eit brev frå Edstrøm til Brundage i september 1935 kan kaste lys over Edstøms syn på jødane:

*As regard the Jewish population in Germany, there are strong anti-Jewish tendencies, as you know. This is owing to the fact that the Jews have taken a too prominent position in certain branches of German life and have – as the Jews often do when they got in the majority – misused their positions. This is the main reason for the Arian movement in Germany.*<sup>158</sup>

Edstrøms analyse av tilhøva i Tyskland er i beste fall naiv, dei fleste vil vel hevde at dette grensar mot antisemittisme.

For å forstå dei politiske implikasjonane av striden mellom FIS og IOC, er det viktig å sjå kor samla leiinga i IOC sto i dei store politiske spørsmåla før andre verdskrigen. Det internasjonale skiforbundet blei delt mellom Aksemaktene og ”dei allierte”. I striden om skilærarane skulle få vera med i Olympiske Leikar, sto IOC-leiinga på Aksemaktene si side.

---

<sup>157</sup> Yttergren (2005) s. 2

<sup>158</sup> Brundage-arkivet, brev frå Edstrøm 12.09.1935, IOC-museet, Lausanne.

## Konflikten om amatørskap 1935-1940

IOC-vedtaket på styremøtet i Oslo om å sende brev til FIS om at skilærarane ikkje kunne vera med i OL, blei fatta 26. februar 1935, mindre enn eit år før dei Olympiske Leikane i Garmisch Partenkirchen skulle starte. FIS blei sett under press utan tid til å kalle inn til ein kongress der medlemslanda kunne seie si meining, og presidenten Nikolai Ramm Østgaard drog i møte med IOC-president Baillet-Latour utan at saka kom nærare ei løysing. Østgaard skulle ha kjent seg ”mobba” på møtet med IOC:

*“The Olympic Committee”, he remarked to me, “sent for me as if I was a schoolboy who could be summoned to the headmaster’s room.”<sup>159</sup>*

Alt frå det første offisielle FIS-rennet i Mürren i 1931 hadde skilærarane deltatt. Slik var det også ved meisterskapet i Cortina d’Ampezzo i Italia 1932. Resultatlista syner at sju av dei ti første plassane i utfør for herrer var vunne av karar som var skilærarar om vinteren.<sup>160</sup> Blant dei mest kjente var Otto Furrer frå Sveits og brørne Josef og Anton Seelos frå Østerrike.

Norge deltok ikkje i desse meisterskapa. Framleis var det motvilje i Norges Skiforbund imot deltaking, og ingen frå Norge fekk lov å delta. Det var kanskje bakgrunnen for at dei norske delegatane tok opp saka med skilærarane på FIS-kongressen i Paris 13.-15. mai 1932.<sup>161</sup> Der skulle dei endelege reglane for alpin skisport vedtakast, og nordmennene foreslo at skilærarane var profesjonelle og ikkje kunne delta i internasjonale FIS-renn. Forslaget blei nedstemt, men det hadde sett alpinsportens far og styremedlem i FIS Arnold Lunn i ein vanskeleg posisjon.

*Under British rules skirunners who teach skiing for a fee are regarded as professionals, and as British delegate I should therefore have supported the Norwegian motion but for the fact that the Norwegian motion, if carried, would have entailed consequencies which British skiers would keenly regret. (...) Professionalism becomes a danger with the introduction of big money prizes and “gate-money”. Skiers who compete for money prizes should not only be described as professionals but should rigidly be excluded from all competitions. Skiers who teach for money should be described as professionals and should be admitted to all the big competitions. There is not the least reason, logically or otherwise, why any other form of ski professional should be excluded from competing in any ski competitions.<sup>162</sup>*

---

<sup>159</sup> Lunn (1952) s. 123

<sup>160</sup> Resultatlistene finn ein i The British Ski Year Book for 1932, s. 510-514

<sup>161</sup> The British Ski Year Book 1932, s. 595

<sup>162</sup> The British Ski Year Book 1932, s. 600-601

For Arnold Lunn var den britiske amatørtradisjonen like “heilag” som for leiarane i IOC, men alpinsporten ”hans” hadde tatt ein annan veg nær knytta opp mot kommersiell turisme, og Lunn meinte skilærarane var naudsynte for at skiverda skulle gå framover.<sup>163</sup> Han gjekk så langt som å hevde at det var ei ulempe for dei å vereskilærarar:

*We admit professionals to the British Ski-Running Championship because we consider that a ski-teacher is under grave disadvantage compared with an amateur who spends the entire winter on the snow. Nothing is worse for a man's skiing than to ski throughout the winter with beginners.*<sup>164</sup>

Med vedtaket i Paris i 1932 i ryggen, deltok skilærarane på FIS-meisterskapa i Innsbruck i 1933, i St. Moritz 1934 og i Mürren i 1935 på lik line med ”amatørane”. På FIS-kongressen i Sollefteå i Sverige 21.-23. februar 1934 hadde FIS samråystes vedtatt å ta med alpine øvingar i programmet for dei Olympiske Leikane i Garmisch Partenkirchen i 1936. Ingen stilte spørsmål ved om FIS` amatørreglar var ”gode nok” for IOC. Derfor kom det brått på at skilærarane ikkje skulle få lov å bli med i det Olympiske meisterskapet. I praksis tydde dette at dei beste alpinistane fra Sveits og Østerrike ikkje fekk delta i Garmisch Partenkirchen.<sup>165</sup> Den norske IOC-representanten Thomas Fearnley tok opp dette 1932-vedtaket i FIS på IOC-møtet i Oslo i 1935. Da hadde Avery Brundage, som ennå ikkje var IOC-medlem, alt informert president Baillet-Latour om stoda i FIS.<sup>166</sup> 9. august 1935 samla president Østgaard FIS-styret til møte for å drøfte situasjonen. Frå fleire kantar blei det truga med boikott av dei olympiske vinterleikane, men Lunn frå Storbritania foreslo som eit kompromiss at ein i tillegg arrangerte eit eige verdsmeisterskap i alle disiplinar i Innsbruck veka etter OL i Garmisch, og der skulle skilærarane få vere med:

*I argued that it would be unjust to deprive Seelos, who will be excluded as a ski-teacher from the Olympics, of the right to defend the unofficial title of FIS Champion which he won at Mürren last year.*<sup>167</sup>

Den norske motstanden mot skilærarane blåste bort i den felles fronten mot IOC, og Nikolai Ramm Østgaard sto lojalt og steilt på FIS-vedtaket frå 1932, sjølv om han den gong var imot. Før vinteren 1936 fekk han varm støtte frå Lunn:

*And congratulations to our respected skipper, Major<sup>168</sup> Oestgaard, for steering the good ship FIS through these perilous seas.*<sup>169</sup>

<sup>163</sup> The British Ski Year Book 1935, s. 229-230

<sup>164</sup> The British Ski Year Book 1932, s. 601

<sup>165</sup> Lennartz 1994, IOC`s historie b. 1 s.289


<sup>166</sup> Lennartz, ibid

<sup>167</sup> The British Ski Year Book 1935, s. 231

<sup>168</sup> Seinare oberst.

## FIS-vedtaket i Garmisch Partenkirchen 1936

Ruskeværet rundt ”FIS-skuta” hausten 1935 var ingenting mot det som skulle kome etter at FIS heldt sin kongress i Garmisch Partenkirchen midt under leikane i 1936. I alt møtte 47 delegatar frå 24 nasjonar, og fleire viktige saker sto på dagsorden.<sup>170</sup> Kongressen vedtok at dei tidlegare ”*FIS-meetings*”<sup>171</sup> og dei i framtida skulle kallast verdsmeisterskap, og at det neste verdsmeisterskapet skulle arrangerast i Innsbruck i Østerrike etter FIS eigne amatørreglar rett etter dei Olympiske Leikane.



Sjølv om kompromisset med å arrangere verdsmeisterskap der skilærarane kunne delta vart gjort seint, rakk likevel det østerrikske postvesenet å lage frimerke med skilæraren Rudi Matt, som også vann utforrennet i Innsbruck. Han var nekta å delta i dei Olympiske Vinterleikane veka før.

Nikolai Ramm Østgaard styrte møtet i Garmisch Partenkirchen med visepresidenten Carl Gustav David Hamilton frå Sverige som lojal medspelar. Hamilton var generalsekretær i FIS frå 1926 til 1934 og deretter visepresident fram til 1946. Han var den viktigaste støttespelaren for Arnold Lunn da denne kjempa for å få alpin skiløyping på FIS-

<sup>169</sup> The British Ski Year Book 1935, s. 221

<sup>170</sup> [www.fis-ski.com/insidefis/fishistory.html](http://www.fis-ski.com/insidefis/fishistory.html)

<sup>171</sup> ”FIS meetings” var det første namnet som blei brukt på dei seinare verdsmeisterskapene.

programmet før 1930<sup>172</sup>. Da den omstridte saka om skilærarane kom opp, tok han til orde for å skilje mellom skilæraren som ein "professional skier" og ikkje som ein "professional ski-racer".<sup>173</sup> På dette tidspunkt var heile FIS samla, og det var den steile haldninga til IOC som samla skifolket. Dei som hadde stemt for det norske forslaget på kongressen i 1932, stemte nå for at skilærarane skulle delta i FIS meisterskap, og dei Olympiske Vinterleikane var eit slikt arrangement. FIS, som skisportens øvste organ for utvikling og styring, skulle vera herrar i eige hus utan styring utanfrå. "*Home Rule for the FIS was the real issue behind the ultimatum to the Olympic Committee.*"<sup>174</sup>

FIS-kongressen i Garmisch Partenkirchen gjorde eit samråystes vedtak om korleis skisporten skulle opptre i forhold til dei olympiske vinterleikane i framtida. Men det var streng møteleiing som sikra vedtaket:

*A Belgian and a Bulgarian and two other representatives of small nations moved an amendment which should, of course, have been taken before the substantive motion but, owing to inexperience on the part of the minority, Colonel Ostgaard was able to represent the FIS as unanimous in support of his resolution.*<sup>175</sup>

Vedtaket blei skrive i eit brev til IOC dagen etter:

*La F.I.S. participera aux Jeux Olympiques d'Hiver de 1940 a condition que les dispositions du Reglement des Concours Internationaux de F.I.S. soient appliquees.*<sup>176</sup>

I brevet skreiv Østgaard vidare at vedtaket bygde på vedtak i FIS heilt frå 1932 der det blei slått fast at all deltaking i internasjonale meisterskap skulle føregå etter FIS sitt regelement. Dette galdt også spørsmålet om amatørskap. Sjølv om dette ikkje står med reine ord, var konsekvensen av brevet at FIS ville ta skisporten ut av OL dersom skilærarane ikkje fekk delta. IOC heldt styremøte 15. februar, same kveld som brevet blei overlevert av Østgaard.

I referatet står det:

*FEDERATION INTERNATIONALE DE SKI.- La C.E. reçoit Mr le Commandant R. N. Oestgaard, President de la FIS, qui lui fait part de la décision prise le 14 fevrier 1936 par le Congrès de la FIS: "...de ne participer aux Jeux d'Hiver de 1940 que si les dispositions du règlement des concours internationaux de la FIS son appliquées", c'est à dire si les professeurs de ski y*

<sup>172</sup> Lunn 1952, s. 70 "Our first ally in Scandinavia was Count C.G.D.Hamilton, hon. Secretary of the FIS."

<sup>173</sup> The British Ski Year Book 1936 s. 450

<sup>174</sup> The British Ski Year Book 1936 s. 452

<sup>175</sup> Lunn 1952, s. 124

<sup>176</sup> Brev frå N.R. Østgaard til IOC, 15. febr. 1936. IOC-arkivet Lausanne. "FIS tek del i dei Olympiske Vinterleikane i 1940 under føresetnad av at reglane i FIS sitt regelement for internasjonale konkurransar blir nytta." Forf. omsetting.

*sont admis. La C.E. fera connaitre cette decision au CIO lors de sa session de Berlin.*<sup>177</sup>

Det kompromisslause vedtaket i FIS var ikkje berre eit uttrykk for ønsket om autonom styring over eige regelverk. Under låg og at dei Olympiske Vinterleikane fall i dårleg smak hjå skifolket. I årboka til Ski Club of Great Britain hausten 1936 skreiv Arnold Lunn:

*The Olympic Committee are said to be lukewarm on the subject of the Winter Games, and I think most members of the FIS would not be sorry to see the last of the Winter Games*<sup>178</sup>.

Det gjekk ikkje lang tid før det gjekk politikk i saka. IOC sette eit sterkt press på medlemslanda til å få saka opp på ein ny kongress i FIS, men FIS sto på sitt og nekta å drøfte saka før på den tillyste kongressen i Helsinki 21.-23. februar 1938. Den tyske FIS-delegaten Guy Schmidt, som hadde utropt FIS-vedtaket i Garmisch-Partenkirchen som ”irrevocable”<sup>179</sup>, hadde nå blitt utsett for politisk press både frå IOC og frå tysk hald. På den neste kongressen åpna Schmidt tala si med å gjera framlegg om at vedtaket måtte gjerast om ”..in accordance with the instructions of German Sport..”<sup>180</sup>. Dermed fekk han sagt at andre styrte meiningsa, og Arnold Lunn var rasande. Han spurte ”kvifor sende skifolk til FIS-kongressen? Kvifor ikkje heller spare pengar og sende instruksjonar til kvart lands konsulat og la dei røyste?

*The I.O.C. secured the whole-hearted alliance of the Axis in their campaign to reverse this decision, and the status of ski-teachers was relegated to a secondary place in the controversy. The real issue was whether what was described as the unanimous decision of the FIS Congress should be reversed under political pressure.*<sup>181</sup>

J. Sig. Edstrøm oppførte seg mest ”desperat” av alle i leiinga av IOC<sup>182</sup>. I januar 1937 skreiv han til Baillet-Latour :

---

<sup>177</sup> Referat, Commission Executive, del 2, 15. februar 1936. IOC-arkivet Lausanne. ”C.E. (styret I IOC forf. anm) har mottatt Herr kcommandant R.N. Østgaard, Presidenten i FIS, som sjølv var med på å ta avgjerd under FIS-kongressen den 14. februar 1936: ”..å delta i dei Olympiske Vinetrleikane i 1940 berre hvis reglane i FIS sitt regelement for internasjonale konkurransar blei nytta,” det vil seie at skilærarane får løyve. Styret gjer dette kjent for IOC under sesjonen i Berlin.” Forf. oms.

<sup>178</sup> The British Ski Year Book 1936. s. 433

<sup>179</sup> Lunn 1952, s. 124

<sup>180</sup> The British Ski Year Book 1939, s. 275

<sup>181</sup> Ibid.

<sup>182</sup> Yttergren 2005, s. 4: ”Edstrøm føreføll i detta lage nästan desperat”

*We must make it plain to skiing people that if they do not give in, we must take skiing away from the Olympic programme. In fact, we ought to cancel the whole winter-sport.*<sup>183</sup>

Og to månader seinare til Brundage:

*We must decide if the winter games shall remain on the Olympic programme or not. Personally I am tired of both the Skiing and Skating people although their presidents are Scandinavians and I wish to send the winter games out of the programme.*<sup>184</sup>

Også FIS-president Nikolai Ramm Østgaard fekk brev der Edstrøm skjelte ut FIS-vedtaket:

*Alltså, om detta beslut vidmakthålls, kommer skiidrotten att falla bort från olympiska spelen. Då nu skiidrotten är den barande idrotten innom vinterolympiaden, är det även möjligt att alla olympiska vinterspel slopas (...) Vilja ni vara med i de Olympiska Spelen eller vilja ni icke?*<sup>185</sup>

Edstrøms “fundamentalisme” nådde sitt høgdepunkt under IOC sesjonen i Warszawa i 1937. I debatten om vinterleikane foreslo han beint fram å kutte dei ut:

*Although this motion was rejected by 26 votes to one, Edstrøm's own, the IOC decided that the Winter Games would be held in 1940 only on condition that the federations complied with its eligibility rules*<sup>186</sup>

Dette avslørande nederlaget fortel at Edstrøm i denne saka hadde lite gjennomslag i IOC. For ein som var vane med å lukkast,<sup>187</sup> var denne avrøytinga tung og pinleg. Gjennom å legge fram eit forslag ingen andre støtta, synte Edstrøm sviktande vurderingsevne. Leif Yttergren refererer ein del av brevvekslinga mellom Edstrøm og Østgaard vinteren 1937. Den avslører ein opphissa og til tider usakleg visepresident i IOC og ein direkte men alltid korrekt president i FIS.<sup>188</sup>

Før IOC-møtet i Warszawa hadde president Henri de Baillet-Latour sendt eit essay om amatørskap til IOC-medlemene. I god tradisjon frå de Coubertins kongress i Paris i 1894, var amatørskap hovudpunktet på dagsordenen. Essayet skulle vera innleinga til ein debatt, og det tok opp fleire sider ved spørsmålet om amatørskap:

### *1. Spørsmålet om lærarar var amatørar*

<sup>183</sup> Edstrøm til Baillet-Latour 22. januar 1937. Edstrøms arkiv, sitert hos Yttergren 2005 s. 4

<sup>184</sup> Edstrøm til Brundage 12. mars 1937. Brundage-arkivet, IOC museet, Lausanne

<sup>185</sup> Edstrøm til Østgaard 22. jan. 1937, Edstrøms arkiv, sitert frå Yttergren 2005, s. 5

<sup>186</sup> Lennartz 1994, IOC` s historie b. 1, s. 279

<sup>187</sup> Yttergren 2005, s. 6: "Han var ikke van vid misslyckanden, ikke i sitt privatliv, ikke i sitt professionella liv och absolut inte innom idrottsfaren".

<sup>188</sup> Yttergren 2005, s. 5

2. Nasjonaliseringa av idretten med støtte frå universitet og høgskolar.
3. Utvida og støtta treningssamlingar før Olympiske Leikar.
4. Overdrevet premiering og bruk av idrettsfolk som korrespondentar i media.
5. Deltaking av utøvarar som ein eller annan gong har tatt imot kompensasjon for sin idrett.
6. Spørsmålet om doping.<sup>189</sup>

Under det første punktet, rosa Baillet-Latour dei internasjonale federasjonane til turn og svømming for at dei hadde blitt samde om reglar for desse to idrettsgreinene. Verre var det med skisporten:

*The position is very much different, as far as the F.I.S. is concerned. This Federation which seems to delay matters as long as possible, will not give any answer before the meeting in Warsaw. Therefore it is essential for the members of the I.O.C. to find out before hand what is in their respective countries the prevailing feeling amongst the skiers. It will be the prevailing element, on which will depend, not only the future of the next winter games but also very likely the whole future of winter games, as nothing can change our own position.*<sup>190</sup>

I påvente av at FIS skulle møtast til kongress i Helsinki vinteren 1938, starta IOC-presidenten Henri de Baillet-Latour og visepresident J. Sig. Edstrøm ei rein hetskampanje mot FIS, i hovudsak retta mot N.R. Østgaard og Arnold Lunn. Baillet-Latour samla “etterretning” om Lunn og spreidde “informasjonen” til dei som lojalt ville høyre:

*You may tell him that Lunn uses the Ski Olympic competitions as an advertisement for the hotels and winter resorts he runs in Austria and as an excellent way of making money with his Travelling Agency. He has been the most bitter opponent to the decision made by the IOC not to admit paid teachers compete with olympic amateurs and why, because he made no secret about it – the Olympic Games were the best advertisement for him, when the teachers he paid were olympic winners.*<sup>191</sup>

Frå USA kom Avery Brundage med sitt bidrag. Sommaren 1937 hadde han og ”øl-venene” Edstrøm og Von Halt vore i Køln og laga utkast til nye reglar for amatørskap. Brundage hadde hatt besøk av Arnold Lunn i Chicago og gjort tapre forsøk på å få han til å forstå synet til IOC:

*...I flatter myself that I convinced him on some things. However he sees no particular reason for the Winter Games and believes it is quite sufficient to have the F.I.S. Championships. He is evidently a peculiar individual, and I do not know that I produced any permanent good.*<sup>192</sup>

---

<sup>189</sup> Baillet-Latour: Essay upon various points figuring on the Agenda of the coming Meeting in Warsaw, under the heading: AMATEURISM. 1937. IOC arkivet, Lausanne. Omsett samandrag av forf.

<sup>190</sup> Ibid

<sup>191</sup> Baillet-Latour til Brundage, 15. sept. 1937, Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>192</sup> Brundage til Baillet-Latour, 11. januar 1938, Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

Presidenten i det svenske skiforbundet Sixtus Jansson blei hudfletta av J. Sig. Edstrøm og sett under eit kraftig press<sup>193</sup>. Og presset verka. På FIS-kongressen støtta Sverige aksemaktene og det tyske forslaget om at IOC` s reglar for amatørskap var rettesnora for olympisk skisport.

## FIS-kongressen i Helsinki 1938

Den internasjonale skikongressen til FIS møttest i Helsinki 21.-23. februar 1938. Møtet blei halde med klare politiske spenningar mellom delegatane:

*I den siste halvpart av 1930-årene ga den økte politiske spenning i Europa også gjenklang innenfor F.I.S., og på kongressen i 1938 forekom det dessverre at standpunkter og avstemninger ikke alltid var diktert utelukkende av idrettelige hensyn.<sup>194</sup>*

Dette var veka før verdsmeisterskapet i Lahti men likevel var det 9 færre nasjonar representert enn ved kongressen i Garmisch Partenkirchen to år tidlegare. USA var blant dei fråverande nasjonane, og spenninga om utfallet av avrøystingane var stor. Tyskland, og dei landa som synte seg som mest tyskvennlege i internasjonal politikk, samla seg for å få omgjort vedtaket frå 1936. Dei var villige til å godta kravet frå IOC om at skilærarane var å sjå på som profesjonelle. Dei andre, som i stor grad fell saman med ”dei allierte” i internasjonal politikk, ville nekte å delta i dei Olympiske Vinterleikane i Sapporo i 1940 hvis kravet var at FIS måtte bøye unna og godta at skilærarane var profesjonelle. President Østgaard hadde på førehand sendt brev til alle delegatane der han stilte ”kabinettspørsmål” og informerte om at han ville gå av som president dersom han ikkje fekk støtte for at FIS skulle styre etter sine eigne reglar.

Åpningstalen til president Nikolai Ramm Østgaard er for stor del på trykk i den britiske skiårboka for 1938. Østgaard heldt talen både på tysk og fransk, men Arnold Lunn har omsett den til engelsk i denne årboka.

*According to the FIS Amateur Rule ski-teachers are legitimate members of the FIS. If the FIS decides to take part in the Olympic Games, it is essential that all members of the FIS should be admitted. We cannot exclude a certain category of our members from a particular international competition. It is unjust that ski-teachers should be placed in a special category for the Winter Olympics, because we must recognise the fact that it is precisely in these Olympics that*

---

<sup>193</sup> Yttergren 2005 s. 6.

<sup>194</sup> Østgaard 1956, s 158.

*many competitors take part whose amateur status is considerably more doubtful than that of the ski-teachers...<sup>195</sup>*

Østgaard la elles vekt på den gode venskapen mellom skifolk frå heile verda. Desse gode relasjonane måtte ikkje ofrast på ”*det Olympiske alter*”. Etter at FIS hadde blitt dratt inn i vinterolympisk arbeid, var mykje av den venlege tonen borte:

*”.. in so many disputes and so many controversies and weaking of friendships, that we could scarcely consider it a misfortune if the FIS did not take further part in the Olympics.”<sup>196</sup>*

Oppgjeret med dei politiske slagsidene ved arbeidet i FIS tok Østgaard opp mot slutten av talen. Denne norske omsettinga er frå ein artikkel han skreiv om FIS i 1956:

*Den XV internasjonale skikongress holdes på en tid, som sett fra et internasjonalt, politisk ståpunkt er full av uro og usikkerhet. Det nytter ikke å forsøke å skjule for oss selv, at disse forhold også kaster skygger over vårt forbund. Desto nødvendigere synes det meg å være at vi minnes de avskjedsord som general Holmquist uttalte ved sin avgang som president i 1934: ”Idet jeg nå forlater F.I.S. vil jeg legge medlemmene på hjertet aldri å blande politikk inn i F.I.S. ` anliggender”. Jeg er på min side overbevist om om at dette prinsipp er en livsbetingelse for Det internasjonale skiforbund og at et brudd på dette prinsipp lett kan bety sprengning av hele forbundet.<sup>197</sup>*

Thrillaren om kongressen i Helsinki er best fortalt av Arnold Lunn i den britiske skiårboka for 1938. Som part i saka fargar han skildringa frå eigen ståstad, men analysane kan lett prøvast opp mot resultatet og ikkje minst gjennom reaksjonar og innlegg i seinare årbøker<sup>198</sup>. I artikkelen ”*Behind the Scenes*” skildra han maktspellet i lokala rundt møtet, og han delte delegatane inn i fire kategoriar<sup>199</sup>.

Den første gruppa var ei lita gruppe mektige land som mislikte dei Olympiske Leikane, ”*a group composed of realists who are not misled by the sentimental platitudes beloved by postprandial Olympic orators.*”<sup>200</sup> Det er lett å forstå at Norge var leiande i denne gruppa. Den andre gruppa ville gjerne delta i Olympiske Leikar, men berre om det var etter FIS

<sup>195</sup> The British Ski Year Book 1938 s. 445

<sup>196</sup> Ibid s. 446

<sup>197</sup> Østgaard 1956, s. 158.

<sup>198</sup> Den britiske skiårboka redigert av Arnold Lunn frå 1919 blei lesen av alle aktørar i internasjonal vintersport og av leinga i IOC. Avery Brundage, som vi skal sjå seinare, heldt brevkontakt med Lunn i over 30 år, og han skreiv innlegg i årbøkene kvar gong han hadde lese noko han mislikte. Han ga ofte Lunn heider som redaktør for årboka, og meinte det årlege verket var unikt i internasjonal idrett.

<sup>199</sup> The British Ski Year Book 1938 s. 450-451.

<sup>200</sup> Ibid.

sine amatørreglar. Den tredje gruppa, hevda Lunn, var nasjonar som meinte det var knytt så stor prestisje til å delta i Olympiske Leikar, at dei ville det sjølv om eigne skilærarar ikkje fekk vere med. Hit sokna også dei ”politiske kommisærane”, i følgje Lunn. Til sist, den fjerde gruppa med nasjonar som USA som meinte det var lettare å finansiere reiser til vinterolympiske leikar enn FIS sine verdsmeisterskap. USA deltok med stor skitropp i Garmisch Partenkirchen 1936, men ikkje i Lahti 1938, heller ikkje med delegatar på kongressen i Helsinki. Lunn slo fast at om USA hadde vore på møtet, hadde dei støtta Tyskland og IOC.

Den første som fekk ordet i debatten var den tyske delegaten Guy Schmidt.

*Tyskland, angeläget att bistå Japan, sökte finna en godtagbar løsning på frågan gjennom att till kongressen ingiva ett förslag gående ut på, att FIS skulle ändra sina amatörbestammelser genom ett tillagg, att vid olympiska spel skulle CIO:s amatörbestämmelser gälla. Därigenom skulle kongressbeslutet i Garmisch kunna upprätthållas och skidlöpningen upptagas på det olympiska programmet igjen.<sup>201</sup>*

I Garmisch Partenkirchen i 1936 hadde Schmidt kategorisk slått fast at vedtaket om at FIS reglar skulle gjelde i vinterolympiske stemne i framtida, ikkje kunne gjerast om,- nokon gong. Nå stadfesta han at han var ”beden” om å skifte meinинг og at han gjorde det med bakgrunn

*”im Auftrage des Führers des Deutschen Sports Herr von Tchammer und Osten”, and thus emphasised the fact that the proposal sponsored by Germany did not originate with German skiers but with the German Government.”<sup>202</sup>*

Schmidt fekk kraftig svar på tiltale. Den franske representanten Dr. Lacq las høgt det ordrette referatet frå Schmidts tale i 1936 der han sterkare enn nokon peika på FIS`autonomi:

*The National Associations pledge themselves to accept the Competition Rules of the FIS, but the FIS is to go to the Olympic Committee and ask them to make rules for the FIS. Gentlemen, in my opinion, such a state of affairs is intolerable. If therefore we decide to send skiers to the 1940 Winter Olympiad, this decision must be conditional on an agreement to organise these events in accordance with our rules. A subsequent capitulation would damage irretrievably our reputation. Whatever we resolve at this Congress must be considered to be irrevocable at the next Congress<sup>203</sup>.*

Klarare kunne det ikkje seiast, men meinga til Schmidt var snudd 100 prosent på to år, og Lunn kommenterte at Schmidt ”smiled deprecatingly”. Den svenske delegaten Johansson

---

<sup>201</sup> Hamilton 1939, s. 355

<sup>202</sup> Ibid, s. 452

<sup>203</sup> The British Ski Year Book 1938 s. 452

hevda at vedtaket i Garmisch var eit taktisk vedtak som bygde på at delegatane var villleia til å tru at IOC ville gi etter for press. Det hadde IOC feia vekk med vedtak på møtet i Kairo 1937 der dei sto på at IOC styrte over reglane til FIS i vinterolympiske leikar. Derfor sto FIS nå fritt til gjera nytt vedtak, og Sverige ville støtte Tyskland og IOC. Lobbyarbeidet til J. Sig. Edstrøm hadde bore frukt. Arnold Lunn såg dette heilt annleis:

*We are invited by Mr. Johanson to inform the Olympic Committee that we never meant what we said. We are sorry that we stated that we would only compete on our terms. We confess that we are so anxious to compete that we will crawl back into the fold, and compete on their terms. If the FIS is really prepared to accept this version of their unanimous vote at Garmisch, the FIS is no longer a Federation to which any selfrespecting club would desire to belong<sup>204</sup>.*

Det hadde blitt reist kritikk fra IOC og Tyskland mot president Østgaard for at han hadde truga med å gå av dersom han ikkje fekk støtte gjennom avrøystinga. I tala si grunnga Østgaard dette med at det ville vore verre for FIS om han hadde tatt sin hatt og gått etter avrøystinga enn å gjera det kjent på førehand. I talen la han mykje vekt på at FIS måtte få styre skisporten utan innblanding frå andre. Han såg det som si plikt å slåst for”.. *the principle of self-government within the FIS.*”<sup>205</sup>

Tyskland kravde hemmeleg avrøysting men blei avvist. I staden skulle landa ved opprop svare for kva dei røysta. Femten røyster og ingen våga å spå resultatet. Avrøystinga blei eit sviande nederlag for IOC, Sverige og aksemaktene, 9 – 6. Ved sida av Norge røysta Storbritannia, Estland, Jugoslavia, Tsjekkoslovakia, Polen, Østerrike, Sveits og Frankrike for at FIS sine reglar også skulle gjelde ved leikane i 1940. I praksis røysta dei for at skisporten ikkje skulle ta del i Vinterolympiske leikar. Dei seks som ville endre reglane var Tyskland, Japan, Sverige, Finland, Italia og Ungarn. Konsekvensene var hardast for Japan. Dei skulle halde Vinterolympiske leikar i Sapporo i 1940 utan skisport på programmet og såg avrøystinga som eit stort vonbrot<sup>206</sup>.

Som vi ser røysta Norge likt i 1936 og 1938, medan Sverige skifta side. Yttergren hevdar at presset frå Edstrøm mot dei svenske delegatane var avgjerande. Visepresidenten i FIS, svenske Carl G.D. Hamilton, hadde gjort felles sak med president Østgaard og ville trekt seg om avrøystinga hadde gått han imot. Derfor var det kløyving i den svenske delegasjonen. Når vi elles veit at Sverige i 1941 deltok i det nazifiserte

---

<sup>204</sup> Ibid.

<sup>205</sup> Ibid s. 453

<sup>206</sup> Ibid s. 453

"verdsmeisterkapet", som blei sletta av rullane i 1946, kan det vera grunn til å spørja om det var meir naturleg for Sverige å støtte aksemaktene enn det var for Norge.

## IOC-møtet i Kairo 1938

IOC-møtet i Kairo blei avvikla tre veker etter skikongressen i Helsinki. Trass i ein trugande verdssituasjon og politiske konfliktar mellom deltakarlanda, var konflikten med FIS på dagsorden alt første dag. I diskusjonen hadde både Edstrøm, von Halt og Brundage ordet, og det blei lagt fra tre alternativ for dei vinterolympiske leikane i Sapporo 1940:

1. Slutte å arrangere vinterolympiske leikar.
2. Avlyse vinterleikane for 1940.
3. Arrangere olympiske vinterleikar utan skisport på programmet.

Det siste forslaget vann, men det var etter ein hard debatt der kritikken mot FIS-presidenten var hard og uforsonleg. Det formelle IOC-referatet greier ikkje å dekke over den bitre tonen:

*Dans la discussion de ce sujet, on fit surtout remarquer la situation créée par la décision de la F.I.S., aggravée par l'étrange attitude du Président de cette Fédération. On fut très étonné d'apprendre qu'avant la réunion, le Président de la F. I. S. écrivit à toutes les Fédérations Nationales de Ski, les menacant de démissionner, si la proposition de la loi olympique de qualification était acceptée. Le Comité apprit avec surprise que les Fédérations Nationales de Ski se permettaient, non seulement d'exclure les professeurs de leurs propres compétitions, mais encore de hier aux professeurs leur qualité d'amateurs.<sup>207</sup>*

Det er påfallande at spørsmålet om skilærarane og konflikten med FIS fekk slik plass i IOC-sesjonen i Kairo når verda sto på kanten av ein stor konflikt. Tokyo og Sapporo skulle vera vertskap for sommar- og vinterleikane i 1940, og under møtet til IOC i Kairo i mars 1938 var konflikten mellom Kina og Japan så vanskeleg at mange tvilte på Japans evne til å gjennomføre leikane berre to år seinare. Til vinterleikane hadde japanarane ikkje ein gong utnemnt generalsekretær, og nå når FIS sto fast på Garmischvedtaket, var berebjelken

---

<sup>207</sup> Proces-Verbal de la 37ème Session du Comite International Olympique Le Caire 13. Mars 1938. IOC-arkivet i Lausanne. *Under diskusjonen om dette emnet gjorde ein særlig merksam på situasjonane som har oppstått som følgje av FIS si avgjerd, som er ytterlegare forverra av den merkelege haldninga til Presidenten i dette forbundet. Ein er forundra over at Presidenten i FIS, før samlinga, skreiv til alle dei nasjonale skiforbunda og truga med å gå av dersom forslaget til lov for olympiske kvalifikasjonar blei akseptert. Komiteen var også forundra over at dei nasjonale skiforbunda tillet seg å ekskludere skilærarar frå eigne konkurransar men også går frå deira kvalitetar som amatørar. Forf. oms.*

skisporten ute av arrangementet<sup>208</sup>. Oslo hadde vore reservekandidat til vinter-OL ei stund. Tidlegare hadde det vore ei klar meining at vinterleikane skulle avviklas i same land som sommarleikane, berre tidlegare på året. Smånasjonar som Norge hadde hevda at det dermed blei uråd for dei små nasjonane med ein ”stor” vinteridrett å søke om dei Olympiske Vinterleikane, men dei hadde møtt lita forståing. Karl Lennartz skriv i IOC` s historie at nå var tida inne, og også IOC-presidenten var enig i dette:

*In contrast to the attitude he had so vehemently defended five years earlier, Baillet-Latour now favoured an amendment to feature on the agenda of the next Session, and called Oslo a good fall-back candidate.*<sup>209</sup>

Fleire av IOC-medlemene var realistar, og i eit hemmeleg møte drøfta dei kva dei skulle gjera om Japan trekte seg frå ansvaret for begge 1940-leikane. Thomas Fearnley frå Norge foreslo igjen Oslo. Her ser vi det første teiknet på at også dei mest ”hardføre” amatørskapsforsvararane kunne tenke pragmatisk:

*.. he (Fearnley forf. anm.) also hoped that the IOC would then accept the FIS rules for ski instructors, on an exceptional basis. Wheras Avery Brundage and Lord Clarence Aberdare were willing to countenance such an exception in the hope that the FIS would come round after 1940, Baillet-Latour stuck to his rigid opinion that the amateur rules could not be changed.*<sup>210</sup>

I ei pressemelding retta mot amerikanske medier frå Avery Brundage 31. mai 1938, prøvde han å korrigere eit inntrykk mediene hadde gitt av at IOC hadde tenkt å utelate skisporten frå dei Olympiske Vinterleikane. Han slo fast at det var opp til Federation Internationale de Ski (FIS)om dei ville delta eller ikkje, og at det einaste kravet som blei stilt frå IOC var at FIS, som 25 andre internasjonale federasjonar, måtte følgje amatørreglane til den internasjonale olympiske rørsla. Brundage fortalte at FIS sitt vedtak var gjort ”*by a close vote with only a small percentage of its members present*” og at FIS blei manipulert inn i vedtaket av president Østgaard:

*..this was largely because of the personal influence of the president of the F.I.S who is in favour of allowing coaches to participate and who announced that he would resign if he was not supported.*<sup>211</sup>

Det mest interessante frå vår ståstad er det Brundage avslutta pressemeldinga med. Han fortalte at etter møtet i Kairo kunne kven som helst søke om olympiske vinterleikar.

---

<sup>208</sup> Lennartz 1994 s. 280-281

<sup>209</sup> Ibid

<sup>210</sup> Ibid

<sup>211</sup> Brundage, 31.mai 1938, SKIING AND THE OLYMPIC PROGRAM s. 1-4. IOC-arkivet, Lausanne.

*Hereafter applications for the Winter Games from all cities will be given equal consideration. Oslo, Norway and Saint Moritz, Switzerland, have both applied for the Winter Games of 1944.<sup>212</sup>*

Gjennom å vise at to av dei fremste skinasjonane i verda, som stemte for resolusjonen i Helsinki, nå var søkarar til å få dei leikane dei ikkje vil sende skiløparar til, søkte han å hole ut truverdet i det representantane for desse landa røysta for.

## **Dei Olympiske Vinterleikane 1940**

16. juli 1939 trekte Sapporo og Tokyo seg frå dei Olympiske leikane i 1940,



Denne vignetten fortel oss at planane for OL i Sapporo i 1940 var godt i gang da krigen med China sette ein stoppar for planane.

og IOC-president Baillet Latour ba Finland om å ta over sommarleikane. F.I.S. hadde nå sletta alle band til IOC og peika ut Oslo og Rjukan som stad for verdsmeisterskapen på ski i 1940. Skilærarane skulle kunne delta i dei alpine øvingane frå Gaustatoppen og ned i Vestfjorddalen, og dei nordiske gruinene skulle avviklast i Holmenkollen.

17. august sendte visepresident i IOC J. Sig Edstrøm telegram til Avery Brundage.

*At meeting Brussels September third, important know if Lake Placid willing take winter games stop Oslo refuses because of ski situation stop<sup>213</sup>.*

Brundage meldte aldri tilbake interesse, så 3. september 1938 ba IOC Sveits om å arrangere vinterolympiske leikar i St. Moritz 1940. I eit brev datert 2. september til president Baillet-Latour (med kopi til venene Edstrøm og von Halt), skreiv han om referatet han nettopp har fått frå FIS-kongressen i Helsinki eit halvt år tidlegare. Han var opprørt over dei åtaka Lunn og Østgaard kom med mot IOC og skreiv at:

---

<sup>212</sup> Ibid

<sup>213</sup> Edstrøm til Brundage. Telegram sitert i brev 29. august 1938. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.



Gaustaløpa ved Rjukan var først tenkt til eit olympisk arrangement, men striden om skilærarane gjorde at FIS la den alpine delen av VM 1940 til denne løypa. Normann postkort frå 1939.

*Unfortunately, Lunn and Ostgaard together apparently have poisoned the minds of a large section of the ski world<sup>214</sup>.*

Edstrøm hadde hissa seg opp over skifolket, og han var blitt enda meir oppøst etter brevet frå Brundage. Denne gongen var det Arnold Lunn det gjekk utover:

*At the meeting of the Executive Committee at Brussels the 3rd of this month we were very much upset by the activities of that man Arnold Lunn. He is a professional hotel keeper in Murren, Switzerland, and his British ski club carries its activities in Switzerland. Still he represents the whole Empire of Great Britain when it comes to discussion and voting at the International Ski Federation!<sup>215</sup>*

<sup>214</sup> Brundage til Baillet-Latour, 2. sept. 1938. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>215</sup> Edstrøm til Brundage. 15. sept. 1938. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

Sjølv tok Lunn skuldingane med stoisk ro. Som redaktør av The British Ski Year Book hadde han lesarar over heile verda. I årboka for 1939 vedgjekk han at striden om skilærararane ikkje lenger var det viktigaste i striden med IOC:

*The status of ski-teachers, theoretically the point at issue between the FIS and the Olympic Committee, is a question relatively unimportant in relation to the fundamental issues of this controversy, of which none is more vital than the autonomy of the FIS and its freedom from political controversy<sup>216</sup>*

IOC hadde gitt arrangøren i St. Moritz i oppdrag å ha skiøvingar som demonstrasjonsidrett i 1940. Hausten og vinteren 1938-39 gjekk debatten om dette i Sveits, og det sveitsiske skiforbundet nekta arrangøren å ta dette inn i programmet som eit forsøk på å "gå rundt" FIS. Rykta om at Sveits vurderte å trekke seg nådde IOC. Dermed blei styremedlem i IOC, den tidlegare presidenten for organisasjonskomiteen for Garmisch Partenkirchen, Karl Ritter von Halt, spurt om dei kunne ta arrangementet "*if necessary*".<sup>217</sup> 8. mai 1939 spurte Reichssportsführer Hans von Tschammer und Osten sjefen for Adolf Hitlers stab, Hans Lammer, om den tyske stat ville støtte eit eventuelt nytt olympisk arrangement.

*Hitler naturally did not wish to pass up such an opportunity of presenting a peaceloving Germany to the world and, despite the fact that he was busy preparing the attack on Poland, he gave his consent<sup>218</sup>.*

IOC sette press på den sveitsiske olympiakomiteen om dei godtok å ha ski som demonstrasjonsøving eller ikkje, og 9. juni 1939 svara sveitsarane at det ville dei ikkje. IOC vedtok dermed samrøystes å tilby dei Olympiske Vinterleikane for 1940 til Garmisch Partenkirchen. I 1932 og 1933, før vedtaket om å legge 1936-leikane til Tyskland, blei det stilt krav om at jødar og alle kvalifiserte utøvarar skulle har rett til å delta i vinterleikane. I juli 1939 stilte IOC ingen slike krav for 1940. Nå starta derimot IOC, med Avery Brundage i spissen, kampen for at medlemslanda i FIS snarast råd skulle kreva at det skulle kallast inn til ein ekstraordinær FIS-kongress der Helsinkivedtaket skulle gjerast om før leikane i Garmisch Partenkirchen. Presidenten i det amerikanske skiforbundet, Roger Langley, fekk brev frå Brundage sendt 5. september, to dagar etter at Tyskland hadde gått inn i Polen. I brevet fortalte Brundage at han hadde hørt frå Europa at 12 nasjonar var klare til å kalle inn til ein slik ekstraordinær kongress i FIS. Og målet var klart:

---

<sup>216</sup> The British Ski Year Book 1939, s. 274

<sup>217</sup> Lennartz 1994, s. 281

<sup>218</sup> Ibid.

*After all, eliminating the personalities and the minor collateral issues, the real question is whether those who are truly interested in amateur sport are going to stand together. (...) From the present international outlook, of course, all of this discussion is probably academic, since unless there is a prompt settlement there will neither be Winter Games, nor World's FIS Championship next winter.<sup>219</sup>*

Nå ville Brundage ha Langley og the National Ski Association of America til å støtte dette initiativet. Langley må ha rapportert dette brevet direkte til FIS-president Østgaard, for i 1939-årboka til Ski Club of Great Britain skreiv Arnold Lunn:

*Mr. Avery Brundage, an American representative on the Olympic Committee, has been doing all in his power to support the Nazi proposals, and has endeavoured to persuade the National Association of America to vote for an Extraordinary Congress, the effect of which would be to disrupt the FIS. The President of FIS has informed Mr. Langley, the President of the National Ski Association of America, that "certain National Ski Associations of Europe" have informed him that they would resign from the FIS if a Congress were called to reverse the Helsinki decision. (...) Our (Ski club of Great Britain forf. merkn.) position is clear. We desire a settlement of this controversy, but we desire an orderly settlement, at the next Congress in 1940, a settlement which will take into consideration the fact that the FIS no less than the Olympic Committee, has its prestige to consider. We shall not make it easier for the Nazis to treat the FIS as a part of the German "Lebensraum".<sup>220</sup>*

I september og oktober 1939 gjekk skiforbunda i følgjande nasjonar inn for å halde ein ekstraordinær kongress før dei tillyste Olympiske Vinterleikane i Garmisch Partenkirchen: Tyskland, Italia, Japan, Spania, Ungarn, Tsjekkolslovakia, Bulgaria, Jugoslavia, Estland, Litauen, Romania og Finland. Dei som var i mot var Norge, Storbritannia, Frankrike, Sveits, Nederland, Polen, Lichtenstein og Sverige.

*Read through these lists. Ask yourself which countries are free, and which are not free, to record a vote on merits of the case, you will find that the lists in question correspond very accurately to the division between those who are determined that politics shall dominate sport and those who are determined that sport shall not be dominated by politics. (...) The issue is no longer the status of ski-teachers or the future cooperation of the FIS in the Olympic Games, but the the prestige of the Olympic Committee and the Nazis.<sup>221</sup>*

Dermed var det ikkje lenger berre skilærarkonflikten som prega striden, men dei politiske skiljelinene skapte nye alliansar og konfliktar som skulle gjere det vanskeleg å samarbeide dei første åra etter andre verdskriga.

I 1939 førebudde Norge seg på verdsmeisterskap frå 24. februar til 4. mars 1940.

---

<sup>219</sup> Brundage til Roger Langley, 5. september 1939. Brundage-arkivet, IOC-museet Lausanne

<sup>220</sup> Lunn i The British Ski Year Book 1939, s. 278, 279

<sup>221</sup> Ibid, s. 284



VM i 1940 var delt mellom Telemark (Rjukan) og Holmenkollen i Oslo.

Mange av dei beste amerikanske skiløparane var utflytta nordmenn som Torger Tokle, Caspar Øimoen, Sigmund og Alf Engen, og USA førebudde ein stor tropp til Norge. Tidlegare hadde det amerikanske skiforbundet hatt vanskar med å finansiere reisa for ein tropp til verdsmeisterskapen i Europa, men entusiasmen for turen til Norge var stor. Presidenten i det amerikanske skiforbundet Roger Langley skreiv i årboka The American Ski Annual 1939-40:

*While at this writing (October 14, 1939) the Ski Association of Norway is going forward with plans for the Championships, a continuation of the war will mean that the FIS races will probably be cancelled (...) Inability to send a team to Norway would be a distinct disappointment to the many skiers and ski leaders who have worked so hard to raise funds for sending a big team to what seemed likely to be the greatest skiing contest of all time<sup>222</sup>*

President Langley nemte ikkje vinterleikane i Garmisch Partenkirchen 1940 med eit ord. Trass i at den andre verdskrigen alt var i full gang, var det først 22. november 1939 at dei olympiske vinterleikane for 1940 blei avlyst. Seinare gjekk verdsmeisterskapet i Norge same vegen.

---

<sup>222</sup> Langley i The American Ski Annual 1939/40, s. 101-102

## FIS i krig

Som adjutant for Kronprins Olav rømte Nikolai Ramm Østgaard med Kong Haakon og Kronprinsen til London i aprildagane 1940. 3. oktober same år skreiv Østgaard til visepresident Hamilton i Sverige:

*Da jeg finner det korrekt og hensiktsmessig, at ledelsen av Det internasjonale skiforbund under de nuværende politiske forhold henlegges til et nøytralt land, bemyndiger jeg herved Hr. Obersten til inntil videre å overta ledelsen i F.I.S.*<sup>223</sup>

Den svenske forskaren Yttergren hevdar at Hamilton tok over FIS-leiinga ”på eget bevåg”.<sup>224</sup> Det er ikkje rett. Det var FIS-president Østgaard som gav han oppdraget.

Den nazifiserte delen av FIS forsøkte å overta organisasjonen i 1941. I samband med at det blei arrangert verdsmeisterskap på ski i FIS sitt namn i Cortina d’Ampezzo i februar, heldt styret med Hamilton i spissen styremøte.

*På dette møte ble det gjort forsøk på å erstatte det gamle styre<sup>225</sup> i F.I.S. med et nytt, men forslaget ble nedstemt blant de fire fremmøtte styremedlemmer med 2 mot 2 stemmer, idet formannens stemme gjorde utslaget.*<sup>226</sup>

Hamiltons dobbeltrøyst var eit modig standpunkt, og han hindra dermed at det blei kalla inn til FIS-kongress i Ungarn i 1940.<sup>227</sup> Arnold Lunn sendte takke-brev til Hamilton 16. juli 1941:

*We all understand that the Nazis would have welcomed this opportunity of replacing Major Oestgaard by a Nazi President at a Congress at which the delegate would no doubt have been Mr. Quisling and at which other countries, once free, would be represented by skiers selected in accordance with the views of those who are doing their best to introduce “the new order” of skiing*<sup>228</sup>

Vidkun Quisling sendte Randmond Sørensen frå Nasjonal Samling som delegat frå Norge til møta rundt arrangementet i Cortina<sup>229</sup>, men Sverige stilte med fullt lag av aktive som i alle andre verdsmeisterskap. Alle dei største svenske avisene med Social Demokraten i spissen dekte arrangementet. I USA vekte dette sterke reaksjonar, og det amerikanske

---

<sup>223</sup> Østgaard 1956, s. 152

<sup>224</sup> Yttergren 2006, s. 99

<sup>225</sup> Østgaards skrivefeil

<sup>226</sup> Østgaard 1956, s. 152

<sup>227</sup> The British Ski Year Book 1941, s. 519

<sup>228</sup> Ibid s. 520

<sup>229</sup> Østgaard 1956, s. 152.

skiforbunet trekte seg frå FIS sommaren 1941 på grunn av denne leflinga med nazi-Tyskland.



Postkortet gir inntrykk av at Norge var med i VM i 1941. Det var Sverige, eit redusert lag frå Sveits og den nazifiserte delen av FIS som deltok i arrangementet.

President Roger Langley skreiv harmdirande i årboka for 1942: "Where has the democracy of the F.I.S., so strongly upheld by Col. Oestgaard, gone?"<sup>230</sup> Vidare mintte Langley om at VM i 1940 i Norge blei avlyst på grunn av krigen.

*In 1941 – though – World Championships, so-called, where held at Cortina, Italy, with the acting President, Col. Hamilton of Sweden, present. At a meeting held there the F.I.S. awarded the 1942 World Championship to Germany. We cannot agree with Col. Hamilton that this was the “practical” thing to do. By rights the world championships should be discontinued until after the war. (...) Time, we hope, will right the situation, and let us hope the day soon will be here when we can send a strong American ski team to a Norway returned to its former peaceful and democratic state.<sup>231</sup>*

<sup>230</sup> American Ski Annual 1942, s. 104. Usignerte artiklar i årboka er skrivne av red. Roger Langley.  
<sup>231</sup> Ibid.

Verdsmeisterskapen i Garmisch Partenkirchen i 1942 blei aldri arrangert. Men planlegginga av arrangementet hadde kome langt. Det store souvenirprogrammet hadde ein lang artikkel der fungerande FIS-president Hamilton grunnga kvifor han støtta arrangementet.<sup>232</sup>



Souvenirprogrammet til det avlyste  
FIS-meisterskapet i Garmisch Partenkirchen 1942.

Striden, om skilærarane var å sjå på som profesjonelle i Olympiske Leikar, var over for denne gong. Det er godt grunnlag, med bakgrunn i desse hendingane, å hevde at den internasjonale skirørsla hadde blitt kløyvd dersom ikkje den andre verdkrigen hadde sett ein ny dagsorden for alle. Striden hadde skapt mange sår og sterke personlege motsetnader blant ”aktørane” i FIS og i høvet til IOC. I 1945 og 1946 blussa striden opp att, men i andre former. Dei sterke politiske undertonane synte seg i andre samanhengar, men så seint som i 1968 og 1972 ville IOC-presidenten kaste skisporten ut av dei Vinterolympiske Leikane.

---

<sup>232</sup> FIS-rennen 1942, festprogram, s. 4.

## Konflikten om amatørskap 1945 -1973

IOC-president Henri Baillet-Latour døyde i heimen sin i Belgia 7. januar 1942. Han hadde overlatt kommunikasjonen mellom leiinga i IOC og medlemmene i organisasjonen til visepresident J. Sig. Edstrøm i nøytrale Sverige, etter at Belgia var okkupert. Ved Baillet-Latours bortgang blei alle fullmakter overlatt Edstrøm.

I motsetnad til Edstrøm og Brundage, har ettermælet til Grev Baillet-Latours aldri blitt knytt til lefling med nazistane, snarare tvert imot. Sjølv om han var stolt av begge olympiske arrangementa i Tyskland 1936, og var svært lei seg for at vinterleikane i Garmisch Partenkirchen i 1940 blei avlyst, hadde han slått i bordet for Adolf Hitler før vinterleikane i 1936.<sup>233</sup>

*While motoring to Garmisch-Partenkirchen to open the winter Games, Baillet-Latour was astonished to see many vicious anti-Semitic posters along the German highways. As soon as he arrived at Garmisch he demanded and obtained an immediate audience with the Führer and through Paul Schmidt, the interpreter, they argued. Such ornaments were impossible preludes for a festival for all races and nations, shouted the great aristocrat. Hitler declared he could not alter “a question of highest importance within Germany ... for a small point of Olympic protocol.” Baillet-Latour asserted that it was “a question of the most elementary courtesy,” assumed an air of intransigency and threatened a cancellation of the winter and summer Games.<sup>234</sup>*

Den heftige diskusjonen endte, i følge historikaren Richard Mandell, med at da Baillet-Latour kjørte heimatt, var alle antisemittiske plakatar borte. IOC-presidenten syntte styrke og fast haldning også i amatørspørsmålet, der han var meir kompromisslaus enn forgjengaren. Han meinte de Coubertin hadde vore for veik i amatørspørsmålet og blei ivrig applaudert av visepresidenten J. Sig. Edstrøm. I striden med FIS frå 1935 var nok Edstrøm ein viktig og støyande pådrivar, men det var presidenten, Henri Baillet-Latour, som sorgde for å halde emnet inne på dagsorden så vel på kongressen i 1930 som i heile sin presidentperiode<sup>235</sup>.

Med Edstrøm i presidentstolen og Avery Brundage som visepresident frå 1945, var det visepresidenten som etter andre verdskrigen tok styringa i dette emnet.

---

<sup>233</sup> Lennartz 1994 IOC's hist. bind 1, s. 268.

<sup>234</sup> Mandell 1971, s 93. Mandell bygger på Bulletin du Comité International Olympique no 56 (1956) s. 19-20.

<sup>235</sup> Kongressen til IOC i Berlin 1930 var den niande sidan 1894. Den tiande kom ikkje før i Varna i 1973. Presidentane Edstrøm og Brundage arrangerte aldri olympiske kongressar i sine presidentperiodar.

*Whereas, under the presidency of Baillet-Latour, Sigfred Edstrøm had been one of the zealous defenders of a strict interpretation of the amateur rule within the IOC, Brundage took over this role from his Swedish colleague*<sup>236</sup>

Edstrøm var ein mann på 75 år i 1945, medan den vitale amerikanaren Brundage berre var 58.

*A disproportionate amount of time had always been devoted to the "amateur question." Brundage's rise to the vice-presidency and then to presidency guaranteed that the IOC would continue to embroil itself in frustrating controversies over eligibility.*<sup>237</sup>

## Avery Brundage og Arnold Lunn

Det var ein ny dialog som opna seg etter 1945. Styremedlem i FIS, alpinsportens "far" Arnold Lunn kom i brevkontakt med Avery Brundage, og hundrevis av brev blei veksla dei mellom i åra framover. Tonen var svært open, ærleg og frittalande. Begge var argumentsterke og tidvis ganske sinte. Det som batt dei saman over konfliktane, var deira felles antikommunistiske overtyding. I striden mellom FIS og IOC fram til 1973, er korrespondansen mellom Brundage og Lunn eit viktig kjeldemateriale.

Alt i april 1945 sendte Arnold Lunn brev til Brundage. Bakgrunnen for brevet var, at den amerikanske skileiaren, Roland Palmedo, hadde fortalt Lunn at Brundage ville høyre kva slag tankar FIS gjorde seg om amatørspørsmålet når krigen etter kvart ville vere over. Lunn skreiv i krasse ordelag at han aldri hadde hatt noko kjensle av at IOC i det heile forsto kva konflikten med FIS gjekk ut på:

*No one could have been keener than the British and the Norwegians on strict amateur rule, but we were not going to revise our rules under pressure from another body to wit the Olympic Committee. We very much resented the way in which the Olympic Committee allowed the Nazis, particularly in the latter phase, to bring political pressure to bear in order to upset the unanimous decision of F.I.S. at Garmisch. We believed, and still believe, that Nazi influence was far too strong on the Olympic Committee and that, in effect, every German competitor at the Olympic Games with very rare exceptions, was a professional.*<sup>238</sup>

Mot slutten av brevet var Lunn direkte trugande, der han ba Brundage å halde "IOC-fingrane vekk frå FIS-fatet":

---

<sup>236</sup> Lennartz 1995, IOC` s historie b. 2 , s. 41

<sup>237</sup> Guttmann 2002, s. 85

<sup>238</sup> Lunn til Brundage, 5. april 1945. Brundage-arkivet, IOC-museet, Lausanne.

*The F.I.S. are very proud of their traditions and in no way regard the F.I.S. Committee as of less importance than the Olympic Committee, and have not the faintest intention of allowing your committee to dictate us.*<sup>239</sup>

Lunn fekk høfleg svar frå Brundage i juli, og i oktober hogg Lunn til med meir kritikk av IOC i synet på amatørskap. Denne gongen svara Brundage med same mynt:

*You were very outspoken in your letter of October 9th. (...) You statements (...) are so ridiculous that they would be amusing if they did not come from the head of a responsible sport organisation*<sup>240</sup>.

Samstundes hadde FIS-president Nikolai Ramm Østgaard, som i juli 1945 hadde kome tilbake til Norge etter krigen, avvist dialog med IOC. Fungerande IOC-president J. Sig Edstrøm skreiv i november til Østgaard der han blei invitert til eit møte saman med alle internasjonale føderasjonane i september 1946. Det kunne ikkje Østgaard love, for dei måtte sjølve først ha ein FIS-kongress for å diskutere eigne organisasjonssaker:

*... before the question of participation in Olympic Games can be considered. (...) I do not know, of course, how the next ski congress will consider the question of participation in forthcoming Olympic Games, but so much is certain that the amateur question has to be settled first, which can be done only by the ski congress*<sup>241</sup>.

Av brevvekslinga mellom Brundage og Edstrøm før jul i 1945 er det to ting som blir tydelege: det eine er at alle brev mellom Lunn og Brundage er sendte med kopi til IOC-president Edstrøm. Det andre er at Brundage til tider blir sliten av at Edstrøm hugsar därleg og skriv til han i tide og utide med spørsmål han har fått svar på tidlegare:

*Thank you for several letters. (...) you have no doubt before this received copies of my correspondence with Arnold Lunn. (...) You will remember in 1939.. (...) In your letter you referred to "pages 87-88 in the Olympic rules", just what Olympic rules are you referring to? In the Charte des Jeux Olympique there are only 63 pages. (...) I am quite well acquainted with athletic developments in Russia*<sup>242</sup>.

Visepresident Avery Brundage tok over ansvaret for saka om amatørskap i IOC, og den frittalande Arnold Lunn i FIS fekk god kontakt med visepresidenten. Rådet til IOC, om å la FIS kome med forslag til amatørreglar før seinare Olympiske Leikar, tok Brundage på alvor. Likevel greidde ikkje Lunn å unngå eit spark til IOC:

---

<sup>239</sup> Ibid.

<sup>240</sup> Brundage til Lunn, 4. desember 1945. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>241</sup> Østgaard til Edstrøm, 23. november 1945. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>242</sup> Brundage til Edstrøm, 31. desember 1945. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne

*I think the real trouble is that only about two members of your committee know one end of a ski from the other, and consequently the Committee as a whole is inadequately informed about skiing.*<sup>243</sup>

I april 1946 måtte igjen Brundage hjelpe Edstrøm med forståinga av situasjonen. Edstrøm såg for seg konflikt med det sveitsiske skiforbundet etter at dei hadde lagt dei olympiske vinterleikane til St. Moritz i 1948. Striden om skilærarane før leikane i 1940 var i friskt minne, og Edstrøm var uroleg:

*If we do not make a compromise with the Swiss, we cannot hold the winter Games in Switzerland and there is no other country in Europe that can take them.*<sup>244</sup>

Avery Brundage forsøkte å roe ned situation, “let us review the situation”<sup>245</sup>. Han peika på at nå måtte ein starte på nytt og “let bygones be bygones” og at det var viktigare å kome til ei avtale med F.I.S. enn med den sveitsiske arrangementskomiteen. Edstrøm hadde alt diskutert ei avtale med den sveitsiske obersten Guisan, som seinare på året blei visepresident i F.I.S. Dei diskuterte eit kompromiss som Brundage var klart imot:

*I am seriously opposed to any deviation from our regulations, that only amateurs may compete in the Olympic Games particularly in this ski situation where everyone concerned has had seven years written notice. It would be a disaster if we retracted now.*<sup>246</sup>

*Amateur sport, one of the few bright lights left in a dismal world, is under constant pressure from political and commercial interests. We must stand fast against the tide of materialism which seems to be sweeping all before it. If we yield and open the door but a crack --- we will be lost. I would much rather have no Winter Games at all, than to allow non-amateurs to compete.*<sup>247</sup>

Brundage fortalte Edstrøm at han hadde fått Lunn på si side, og at Lunn meinte at FIS ville kome med klare amatørreglar etter den internasjonale skikongressen seinare på året. Breva mellom Lunn og Brundage avslører, at det var Lunn som ba Brundage om å halde det sveitsiske skiforbundet og Oberst Guisan utanfor diskusjonen. Lunn ville ha amatørspørsmålet og deltakinga i St. Moritz opp på dagsordenen på FIS-kongressen i Pau i Frankrike 27. august 1946.<sup>248</sup>

---

<sup>243</sup> Lunn til Brundage, 27. desember 1945. Brundage-arkivet, IOC-museet, Lausanne.

<sup>244</sup> Edstrøm til Brundage, 15. april 1946. Brundage-arkivet, IOC-museet, Lausanne.

<sup>245</sup> Brundage til Edstrøm 23. april 1946. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>246</sup> Brundage til Edstrøm, 7. mai 1946. Brundage-arkivet, IOC-museet, Lausanne

<sup>247</sup> Brundage til Edstrøm, 1. juni 1946. Brundage-arkivet, IOC-museet, Lausanne

<sup>248</sup> Lunn til Brundage, 17. mai 1948. Brundage-arkivet, IOC-museet, Lausanne

## Med krigen som bakteppe

Det første vedtaket som blei fatta på kongressen i Pau, var at verdsmeisterskapet i Cortina d'Ampezzo i 1941 blei stroke frå FIS-listene som eit nazifisert meisterskap.

Sverige hadde deltatt, og etter krigen nekta nordmennene å delta i skirenn før svenskane orsaka deltakinga i Cortina som eit feilsteg. Svenskane blånekta. Dei hadde ikkje gjort noko gale!<sup>249</sup> Leif Yttergren hevdar at FIS-visepresidenten Hamilton og den seinare generalsekretären i FIS, Sigge Bergman, deltok i Cortina d'Ampezzo i 1941 fordi dei trudde tyskarane ville vinne krigen: ”..därför valde man att hålla sig på god fot med tyskarna”..<sup>250</sup> Dette gjorde nordmennene rasande, og dei kravde ei orsaking for ”sviket” etter at idretten vakna til liv etter krigen. Det tok nesten eit år før den kom på bordet. Først den 16. april 1946 kunne Edstrøm skrive til Brundage at striden var over:

*The fight between the Swedish skiers and the Norwegian is now over. The Swedes admitted that Cortina was not really world games.*<sup>251</sup>

I forkant av FIS-møtet i Pau i 1946 hadde USA meldt seg inn igjen i det internasjonale skiforbundet, og det møtte delegatar frå 18 deltarland. Tyskland og Japan var ikkje invitert. FIS vedtok samrøystes at ein skulle søke kontakt med IOC om vilkåra for deltaking i vinterleikane i 1948. Dersom slik avtale ikkje blei inngått, skulle FIS arrangere sitt eige verdsmeisterskap ein annan stad i Sveits same år. FIS sette ned eit forhandlingsutval som fekk i mandat som eit minimum å kreve at deltids ski-instruktørar skulle få delta i dei olympiske leikane. Utvalets innstilling gjekk inn på ei forhandlingsline med IOC. Innstillinga blei først nedstemt med ni mot åtte røyster, men etter intens lobbying snudde stemninga og det blei vedtatt at amerikanske Roger Lindley og Oberst Guisan skulle dra til Lausanne for å forhandle.<sup>252</sup> Forhandlingsmandatet var ei erklæring som kongressen gjorde samrøystes og som blei levert til IOC's kommisjonsmøte i Lausanne veka etter. Hovudpoenget i kompromisset som blei inngått med IOC var at skilærarar som ikkje hadde hatt skilærar-arbeidet som hovudinntekt, kunne delta i OL i 1948 dersom dei ikkje dreiv med dette etter 1. oktober 1946.

På IOC-kongressen i Lausanne 1946 foreslo den svenske representanten von Rosen Oslo som vertsbyp for vinterleikane i 1952. Han grunnga dette med Norges posisjon som

<sup>249</sup> Yttergren 2006, s. 96-119

<sup>250</sup> Ibid

<sup>251</sup> Edstrøm til Brundage, 15. april 1946. Brundage-arkivet, IOC-museet, Lausanne

<sup>252</sup> Langley, American Ski Annual 1949, s. 175

pioneerland for skisport.<sup>253</sup> Mange såg denne svenske støtta som eit forsøk på å bygge opp eit godt forhold til Norge etter den svenske deltakinga i Cortina 1941. 21. juni 1947 vedtok IOC på sitt sesjonsmøte i Stockholm at Oslo skulle arrangere dei Olympiske Vinterleikane i 1952. Oslo fekk 18 røyster, Cortina 9 og Lake Placid 1,- røysta til Avery Brundage.

Dei Olympiske Vinterleikane i St. Moritz gjekk ikkje heilt utan strid. Frå USA kom det to forskjellige lag i ishockey for å delta, begge meinte det var dei som skulle representere heimlandet. IOC-presidenten Edstrøm klaga til Brundage før leikane starta:

*I fear we must at St. Moritz discuss if not the Olympic Winter Games should be abolished after 1952 in Oslo.*<sup>254</sup>

Diskusjonen om ei anna side av amatørskapet hadde pågått ei tid, men vokst nå i styrke. Det galdt spørsmålet om "broken time payment", godtgjersle for tapt arbeidstid. Arnold Lunn sto her på klassiske britiske ideal og mana IOC-president Brundage til dåd:

*As of broken time, if you once allow payment for broken time it is all up with amateurism. There is not the slightest means of controlling whether the payment is a genuine recompense for loss of salary or a salary of any size that the organizers may wish to pay.*<sup>255</sup>

## Striden før dei Olympiske Vinterleikane i Oslo 1952

Etter leikane i St. Moritz i 1948, hadde Arnold Lunn snudd i synet på om vinterleikane var viktige for skisporten. Han såg kor mykje prestisje arrangementet ga og kor mykje enklare det var å sanke inn midlar til olympisk deltaking enn til deltaking i verdsmeisterskap:

*I am now convinced that the continuance of the Winter Games is not only in general interests of the skiing community but of very special importance for British skiers.*<sup>256</sup>

Men Lunn skimta problemet som gjorde at han året etter trekte seg frå alt arbeid i styret i FIS, - tilhøvet til austblokklanda og kommunismen:

*The I.O.C. could prevent this wretched ski-teacher issue ruining the atmosphere of the next Games if they would accept the FIS amateur definition or alternatively take a little more trouble to apply a genuine amateur standard. If, for instance they would outlaw not only ski-teachers but "State-aided amateurs" and put a time limit on the period during which skiers can be trained at the expense of the State, association, club or any other institution,*

<sup>253</sup> Proces-verbal de la 39éme SESSION, Lausanne 4. – 5. septembre 1946. s. 21. IOC-arkivet Lausanne.

<sup>254</sup> Edstrøm til Brundage, 17. november 1947. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>255</sup> Lunn til Brundage, 20. februar 1947. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne

<sup>256</sup> The British Ski Year Book for 1948, s. 36

*and announce this limitation within the next year or so, they would deprive the opponents of the Winter Olympic Games in the FIS of their best talking point.*<sup>257</sup>

President Brundage var ikkje glad for det Lunn skreiv i den britiske skiårboka:

*I think it is unfortunate that you print such destructive comment.*<sup>258</sup>

Men Lunn sto på sitt, Sovjetunionen ville undergrave spørsmålet om amatørskap dersom dei blei medlemer av IOC:

*One of the greatest difficulties about the Olympic Games will be the fact that you have sold the pass by inviting the Russians to take part.*<sup>259</sup>

I eit udatert brev frå om lag same tid skreiv Lunn:

*There can be no such thing as an amateur in a Marxist state. (...) Amateurism is a product of a Capitalistic society and cannot exist in a slave state.*<sup>260</sup>

Sommaren 1948 møttes FIS til congress i Scheveningen i Nederland. Her foreslo dei franske delegatane at ein skulle gå tilbake og stå på vedtaket om amatørskap frå Garmisch Partenkirchen 1936. Dette skremte amerikanarane:

*The French proposal that in future Olympic Games that FIS Rules be used without limitations, or the FIS would not participate, was unanimously referred to the next congress. (This appears to be a serious matter for if adopted it would appear to me that it would make a break with the International Olympic Committee).*<sup>261</sup>

Det var det ingen i USA som ønskte, men nå var saka på dagsorden igjen.

På FIS-kongressen i Oslo sommaren 1949 blei Sovjetunionentatt opp som medlemmer. For Arnold Lunn var det eit sviande nederlag som gjorde at han 19. mai trekte seg frå styret i FIS.<sup>262</sup> FIS-president Nikolai Ramm Østgaard såg det som ein siger at Sojetunionen kom med:

*At the last Ski Congress in Oslo in 1949 the Russian Ski Association, among others, applied for membership in the FIS. In spite of a slight opposition to this application, the Russians were finally adopted as members with 43 votes for the admission and 4 abstaining votes (no country voting against). This indicates that the overwhelming majority of the FIS members want to unite all skiers of*

---

<sup>257</sup> Ibid s. 205

<sup>258</sup> Brundage til Lunn, 18. februar, 1949. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>259</sup> Lunn til Brundage, 4. mars, 1949. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>260</sup> Lunn til Brundage, udatert, ca 1. april 1949, for Lunn refererer til eit møte dei har hatt etter forrige brev. Brundage-arkivet, IOC-museet, Lausanne.

<sup>261</sup> Langley, Roger: FIS meeting at Scheveningen , June 27t to July 1st, 1948. Brundage-arkivet, IOC-museet I Lausanne.

<sup>262</sup> Lunn i The British Ski Year book 1949, s. 297-311.

*the world, in spite of differences in race, religion, languages and political systems, and stick together by their mutual interest in skiing.*<sup>263</sup>

Avery Brundage hylla den kompromisslause måten Lunn hadde stått fram på i spørsmålet om amatørskap og forholdet til russarane:

*As you know, we do not differ on fundamental principles. (...) Perhaps, as you say, sooner or later I will have to take similar action.*<sup>264</sup>

Avery Brundage, som sommaren 1952 overtok jobben som IOC-president etter J. Sig Edstrøm, heldt kontakten med Lunn trass i at denne var ute av vedtaksføre organ i internasjonal skisport. Brundage- arkivet inneholder mange brev dei imellom, også etter 1949, og Lunn heldt Brundage løpende orientert om ting han hadde fiska opp som redaktør av The British Ski Year Book. I mars 1950 fortalte han at Østgaard nå planla meisterskap på sida av OL i Oslo 1952:

*...there will be a tremendous support for Oestgaard's policy to organize in Norway a World Championship in ski-ing currently with the Olympic Games in skating, ice-hockey, etc. I have had a very disquieting letter from Al Lindley who supports Oestgaard, and Oestgaard's determination to break with the Olympic Games.*<sup>265</sup>

Østgaard stadfesta at deltakinga i dei Olympiske Leikane i Oslo 1952 var usikker da han skreiv om dette i VM-programmet i USA 1950:

*The participation of the FIS in the Olympic Winter Games has since 1936 caused difficulties because of the amateur question, owing to the fact that the Amateur Rules of the FIS do not harmonize with those of the International Olympic Committee. So far it has been managed to settle these difficulties in due time before each Olympic Winter Games. As regards the Olympic Winter Games 1952 no agreement on this point has present been reached as to the participation of the FIS in these Games.*<sup>266</sup>

President J. Sig Edstrøm og visepresident Avery Brundage heldt fram sine krasse utfall mot skisporten og vinterleikane i brev til kvarandre:

*Unless we can keep them reasonably clean, and honestly amateur, it would be better to abandon them entirely.*<sup>267</sup>

*I don't like thinking about abandoning the Winter Games, but if the federations are not going to be able to control their sports properly that is the only answer.*<sup>268</sup>

---

<sup>263</sup> Østgaard 1950. s. 8

<sup>264</sup> Brundage til Lunn , 28. juni 1949. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>265</sup> Lunn til Brundage, 20. mars 1950. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>266</sup> Østgaard 1950 s. 8.

<sup>267</sup> Brundage til Edstrøm 24. august 1949, Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne

*I wonder if it is not best to drop the Winter Games entirely. They are getting more and more professional.*<sup>269</sup>

Den neste store kampen om amatørskap kom innanfor IOC. I mai 1950 heldt IOC sin 45. sesjon i København, og dei to norske IOC – representantane Olav Christian Ditlev-Simonsen og veteranen Thomas Fearnley la fram to forslag til nye amatørreglar for IOC. Forsлага gjekk stutt ut på at IOC arrangerte Olympiske Leikar, og at det var kvar internasjonale føderasjon som sjølve fastsette amatørreglane i kvar grein. Dette var i samsvar med forslag på IOC-kongressen i Praha i 1925, og i pakt med ønskja til de Coubertin, men før drøftinga i 1950 hadde Avery Brundage førebudd eit kraftig åtak på forslaget.

Hans foredrag ”STOP – LOOK AND LISTEN”<sup>270</sup> blei delt ut i trykt tilstand og blei seinare trykt i tidsskrift i mange land. Her gjekk han hardt ut og meinte forslaga vil kunne vera ”dødlege” for den olympiske rørsla. Brundage drog opp heile historia om korleis den olympiske rørsla hadde spreidd seg ”without money, without guns”, berre med dei olympiske ideala som drivkraft. Veksten i prestisje knytta til den olympiske rørsla hadde skapt eit kommersielt press på utøvarane til å ta imot godtjersle i ei eller anna form for å delta i dei Olympiske Leikane. Men ”Business is business and sport is sport.” skreiv Brundage, og dei Olympiske Leikane kunne overleve berre om ein heldt dei to felta ”business” og ”sport” frå kvarandre:

*It does not take much imagination to picture the confusion that could result if each Federation were to do as it pleased. Everyone will certainly admit that there must be an independant, impartial organization like the I.O.C. to control the Games if they are to be successful.(...) So far ski teachers are concerned the I.O.C. in 1946 after much negotiations made an agreement*

---

<sup>268</sup> Brundage til Edstrøm 13. mars 1950, Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>269</sup> Edstrøm til Brundage 27. februar 1950, Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne

<sup>270</sup> Faksimile, IOC's historie 1995, bind 2, s. 43

Annexes Nos 9 and 10

Proposals

by Mr. Thos. Fearnley and Mr. O. Ditlev-Simonsen Jr.  
concerning the definition of an amateur in Rule 38 of the  
Olympic Rules

Mr. Thos. Fearnley :

"An amateur must fulfil the conditions of the amateur rules of the International Federation, which governs his sport.

"If an International Federation adopts or practices amateur rules which are not in accordance with the Olympic Spirit, the International Olympic Committee can withhold recognition of such International Federation or exclude same from participation in the Olympic Games."

Mr. O. Ditlev-Simonsen Jr. :

"An amateur is one who participates in sport in accordance with the rules of the International Federation which governs his sport. Said Federation must be recognized by the International Olympic Committee."

Faksimile av forslaga fra Ditlev Simonsen og Fearnley til møtet i København 1950

*with the F.I.S. involving special concessions to satisfy them and to end the discussion. Paid ski teachers are not amateurs and there is no place for them in*

*the Olympic Games. Why should it be necessary to begin all over again on a closed issue?*<sup>271</sup>

Berre gjennom eit nært og tillitsfullt samarbeid mellom dei ulike idretts-federasjonane og IOC, kunne ein unngå dei farene som låg i kommersialiseringa, meinte Brundage. Ikkje minst var Brundage sikker på at dei nasjonale idrettsorganisasjonane lettare let seg manipulere av styresmaktene. Idretten kunne bli eit politisk instrument som tok fridomen frå utøvarane. Den einaste måten ein kunne få til Olympiske Leikar på i framtida, meinte Brundage, var at dei blei styrte etter felles reglar forma av IOC:

*If each Federation is to participate only on its own terms, the I.O.C. might as well resign. The growth and development of the Olympic Movement and the esteem in which it is held throughout the world, is due to the fact that it is amateur and free from political or commercial influence. Abandonment of these principles will sound the death bell of the Games.*<sup>272</sup>

Forsлага til Ditlev-Simonsen og Fearnley blei nedstemte med klar margin<sup>273</sup>.

### Tre aktørar førte striden vidare

Tre av dei viktigaste aktørane i konflikten mellom FIS og IOC forlot ”arenaen” i mellom 1949 og 1952. Arnold Lunn trekte seg som styremedlem i FIS i 1949 i protest mot at Sovjetunionen blei tatt inn i organisasjonen. Den unge advokaten fra Sveits, Marc Hodler, tok over vervet til Lunn som leiar for kommisjonen for utfør og slalåm. I 1951 gjekk FIS-president Nikolai Ramm Østgaard av, og den same Marc Hodler blei valt til den første ikkje-nordiske presidenten i FIS. Han skulle legge opp til ein annan strategi enn Østgaard i forholdet til IOC, og Hodler blei godt tatt imot av Avery Brundage:

*So far as skiing is concerned, I have had several conferences with Marc Hodler and I have great confidence in him. He seems to understand the great problems which are faced in the ski world.*<sup>274</sup>

Etter dei Olympiske Leikane i Helsinki i 1952, gjekk den 82 år gamle J. Sig. Edstrøm av som president i IOC og han ga roret til venen og visepresidenten Avery Brundage. I striden om amatørskap dei neste 20 åra var det i hovudsak Brundage som leia ”felttoget”, og det blei færre og færre synlege støttespelarar for kvart år fram mot 1973. Saka om skilærarane

---

<sup>271</sup> Ibid

<sup>272</sup> Ibid

<sup>273</sup> Lennartz 1995 s. 42

<sup>274</sup> Brundage til Lunn, 21. juni 1951, Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

blei borte i striden om reklame på ski, godt betalte og lange treningsopphald og samlingar før meisterskap.

Marc Hodler starta ”sjarmoffensiven” mot Avery Brundage alt i 1950. Og Hodler nådde fram. Han forsøkte å skildre dei omstridde skilærarane som ungdomar som gav folk den første opplæringa i skisport, og av den grunn ikkje hadde eigne fordelar av opplæringa. Dette kunne Brundage gå med på:

*Teaching beginners "to stand up on skis" as you described it, if on a part time basis and not the main vocation, might be permitted under certain conditions without loss of amateur standing, in my opinion, however.<sup>275</sup>*

Det var Hodler som fekk FIS med på eit kompromissforslag som Brundage og IOC seinare aksepterte. I forslaget, som blei sendt til Brundage mindre enn eit år før leikane i Oslo 1952, sto det:

- ..ski teachers are not qualified unless
- a) they teach as an incident to their main vocation or employment in a purely part-time manner,
  - b) they teach elementary skiing not included any kind of competitive skiing or coaching for competition,
  - c) their reward differs in no way from that earned by their non-competing colleagues, that means that they capitalize under no circumstances of their athletic fame or ability,
  - d) that such teaching be discontinued at least 90 days before the beginning of the Games.<sup>276</sup>

I august fekk Hodler det positive svaret han ønskte, og Brundage gjekk med på dei fire punkta som FIS hadde foreslått. Dermed blei desse punkta ståande som ”*suggested basis for the Games in Oslo 1952*”<sup>277</sup>. Tre dagar seinare blei dei sendt ut til alle deltagande nasjonar. Det var i grevens tid, berre eit halvt år før opningssermonien i Oslo. I sirkulæret tok FIS på seg ansvaret for at reglane skulle gjennomførast og ba dei nasjonale skiforbunda om hjelp til dette.<sup>278</sup>

Striden om skilærarane vart løyst gjennom forhandlingar før dei Olympiske Leikane i 1952. Saka blei gjennomdrøfta med Avery Brundage, mens den over 80 år gamle IOC-presidenten Edstrøm heldt seg i bakgrunnen. Den korrekte, men steile obersten, Nikolai

---

<sup>275</sup> Brundage til Marc Hodler, 18. august 1950. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>276</sup> Hodler til Brundage 5. april, 1951. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>277</sup> Brundage til Hodler, 7. august 1951. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>278</sup> ”The FIS will be responsible for a strict and honest application of the approved regulations. We shall therefore be grateful to all National Associations for making sure that all the members of their Olympic teams fully comply with the conditions prescribed.” FIS-sirkulær nr. 8, 10. august 1951

Ramm Østgaard, var nå skifta ut av presidentstolen i FIS med ein forhandlingsvillig og løysingsorientert jurist. Ein jurist som til alt overmål kom godt utav det med Avery Brundage. Det var det ikkje så mange i skimiljøet som gjorde. Så gode veneblei dei, at etter kort tid gjekk brevveksling over til å bli personleg, "Dear Avery". Dette gode forholdet kom til å vare til 1969, sjølv om det blei sett på fleire harde prøver utover i 1960-åra.

Bortsett frå ein diskusjon om vinnaren i utfør, Zeno Colo, som hadde stilt opp i annonser for skistøvlar før vinterleikane i Oslo, var det ingen diskusjonar mellom FIS og IOC. Også leikane i Cortina d'Ampezzo i 1956 blei konfliktfritt gjennomført. Etter arrangementet skreiv Brundage til Marc Hodler og rosa både han og FIS for eit prikkfritt samarbeid. Men IOC-presidenten hadde hatt sine etterretningsagentar ute:

*On my way home I heard a few mutterings, some of which concerned Fellay Raymond, who, it was alleged, operates a ski school. If this is true it is stretching our agreement on the subject of part time ski instructions a little too far. N'est-ce pas?*<sup>279</sup>

Hodler brukte ein månad på å "etterforske" saka, og må nok ha hatt ei viss glede av å avvise påstandane frå IOC-presidenten:

*Raymond Fellay is not operating a ski-school at Verbier. This is run by a Mr. Francois Carron. Fellay's main profession is baker and he works together with his father in a well established shop at Verbier. I am in a position to send you the "Swiss Journal for Bakers" in which the success of their colleague has been mentioned. I therefore believe that the qualification of Raymond Fellay is in accordance with our special rule for part-time ski-teachers and I should be very glad if you also share this opinion.*<sup>280</sup>

Dei Olympiske Vinterleikane i Cortina d'Ampezzo i 1956 var dei første som fekk ei viss dekning på fjernsyn. Med leikane i Squaw Valley i California i 1960 og i Innsbruck i 1964 auka desse sendingane kraftig i omfang og spreiing, og ved sida av kunstløp, kom TV-sendingane frå dei alpine renna i auka fokus. Alpin skisport var spennande på TV og fekk ein voldsom framgang. Presset på skisstjernene for å stille opp i komersielle samanhengar auka. Skiutstyret var ganske dyrt, og skiindustrien sto på for å få produkta fram.

*For Brundage these sports were the black sheep of the Olympic Movement.*<sup>281</sup>

---


<sup>279</sup> Brundage til Hodler, 28. februar 1956. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>280</sup> Hodler til Brundage, 27. mars 1956, Brundage-arkivet, IOC-museet, Lausanne

<sup>281</sup> Schantz 1995, IOC's historie bind 2 s. 158

Da Stein Eriksen drog til USA som skilærar etter å ha vunne ei gullmedalje ved dei Olympiske Leikane i Oslo i 1952 og tre gullmedaljer ved verdsmeisterskapet i Åre i 1954, var han berre ein av mange som gjorde det same. Othmar Schneider og Christian Pravda frå Østerrike var andre alpine utøvarar i verdsklasse som drog til USA for å tena pengar på idretten sin. Presset på dei som framleis deltok i FIS-arrangement auka, og det dukka opp sak etter sak der utøvaren i Olympiske Leikar hadde gått over grensene for amatørskap. Lista starta med Zeno Colo i 1952 og Toni Sailer i 1960. Det var ikkje lenger berre dei alpine øvingane som sto for "overtrampa". I 1964 var det kunstløpparet Marika Kilius og Hans-Jurgen Baumler i fokus fordi dei hadde inngått ein filmkontrakt før Vinterleikane starta. Dei måtte seinare levere tilbake gullmedaljane sine.

I kampen for amatørskap i alpin skisport sto Avery Brundage aleine i fremste line, med ei rad meir eller mindre heilhjarta idrettsleiarar rundt seg. Da han ein gong blei spurta om han hadde nokon roman han var særleg glad i, svarte han Cervantes' "Don Quijote".<sup>282</sup> Sett i ettertid er det mange fellestrek mellom Brundage sin fåfengte kamp mot profesionaliseringa av idretten og Don Quijote sin kamp mot vindmøllene.



Avery Brundage ved sida av favorittskulpturen sin: Don Quijote.

---

<sup>282</sup> Schantz 1995, s. 90

I 1961 sto artikkelen THE AMATEUR PROBLEM av Sir Arnold Lunn i februarnummeret av SKI Magazine i USA. Lunn var framleis redaktør av den legendariske britiske skiårboka<sup>283</sup>, og nå var han frittalande på ein ”ny” måte. Tolv år etter at han gjekk ut av leiinga av FIS i protest mot at Sojetunionen kom inn, skreiv han:

*The prestige of the Olympic Games depends on the world's greatest athletes competing, and the majority of the world's greatest athletes are camouflaged professionals. (...) The FIS, to its credit, has deleted the word “amateur” from its rules. This is honest, for the resort or state-subsidized racer is, of course, a professional. The FIS merely defines who is and who is not eligible to compete, and in point of fact only those who exploit their racing success too grossly to advertise products are in danger of being excluded from Olympic competition. Many of these Olympic “amateurs” are subsidized by the manufacturers of skis.<sup>284</sup>*

På grunn av det kontroversielle innhaldet, fekk IOC-president Brundage høve til å kommentere artikkelen i same nummer. Han rosa Lunn for å ha mot til å sei ifrå, men meinte at her måtte skisporten feie for eigen dør:

*They ((his statements) forf.anm.) certainly indicate a most unhealthy state of affairs and we agree with him wholeheartedly that something should be done and done promptly, (...) The misappropriation of skiing, one of the finest of winter sports, for national prestige, and its commercialization for the benefit of mercenary resort owners and manufacturers, must be greatly deplored. (...) Sir Arnold has prepared a devastating indictment of his own sport. The necessary corrections must come from within and they are long overdue if organized skiing is to remain a sport and not become a business.<sup>285</sup>*

Det gode forholdet til Lunn blei sett på prøve seks år seinare. I 1966 tryke det offisielle organet til FIS ein artikkel signert Sir Arnold Lunn. Her gjorde Lunn regelrett narr av den olympiske rørsla og han skreiv mellom anna:

*Do you know the riddle? “What is the difference between an Olympic amateur and a soldier? A soldier is a man who is brave enough to die for his country. An Olympic amateur is a man who is brave enough to lie for his country.” Mr. Brundage, President of the Olympic Committee, remarked in a letter which he wrote to me that three signatures are required for every Olympic entry and that if a professional is entered “three people have lied”. (...) “Three people have lied” for every fake entry and the Olympic Committee continues to condone this*

---

<sup>283</sup> Sir Arnold Lunn redigerte den første årboka under namnet The Alpine Ski Club Annual frå 1908. Den gjekk saman i The British Ski Year Book frå 1919 til den gjekk inn i 1971, heile tida med Arnold Lunn som redaktør og hovudforfattar. For alle studiar av alpin skisport, er desse årbøkene viktige kjelder. I alle år var bøkene fulle av kvalifiserte artiklar og reportasjar, men hadde og grundige referat frå alle viktige møte i internasjonal skisport, der Arnold Lunn sat i styret i FIS og leia alpinkommisjonen til 1949. Årbøkene var og nyttige som debattorgan. Bøkene blei lesne av ”alle” i FIS og IOC, og det gjer dei til meir truverdige kjelder enn mange andre tilsvarande årbøker.

<sup>284</sup> Arnold Lunn i SKI MAGAZINE, februar 1961, s. 70-72

<sup>285</sup> Avery Brundage, tilsvart til Lunns artikkel, ibid

*triple lying. The International Ski Federation has had the honesty to omit all reference to “amateurs” from their rules, an omission which does not involve the surrender of all control. These are rules which can be controlled and enforced.*<sup>286</sup>

Reaksjonane frå IOC på artikkelen var sterke. Generalsekretæren i IOC, Johan Westerhoff, skreiv harde brev til Sigge Bergman som hadde tilsvarende stilling i FIS. Han forlanga raskt svar, men først eit halvt år og to purrebrev seinare svara Bergman og avfeia artikkelen til Lunn som humor:

*I had no idea some things vere too holy to be joked about – personally, I find Lunn’s humor most refreshing and do not think that the amateur question will be any the worst off for the publication of an article by what may rightly be called one of the grand old men of skiing.*<sup>287</sup>

I kor stor grad FIS i åra fram mot 1973 trenerte eller forseinka alle amatørspørsmål, er ikkje tema for dette prosjektet. Ein gjennomgang av brev og artiklar frå denne perioden kan likevel tyde på det. Brundage-biografen Allen Guttmann kallar det ei blanding av ”*inability and reluctance*”.<sup>288</sup> Men FIS-presidenten Marc Hodler heldt den diplomatiske, gode tonen med Brundage, noko som synte seg da Hodler i 1963 blei utpeika til IOC-medlem etter forslag nettopp frå Avery Brundage.<sup>289</sup> I 1967 prøvde difor Hodler å nå fram til Brundage med at skisporten hadde så mange spesielle sider at den ikkje kunne samanliknast med andre idrettar. Reglane for uttak, som mellom anna la vekt på at utøvarane måtte ha ein fast jobb og berre eit tilmålt antall treningsdøgn vekk frå heimen, kunne ikkje automatisk overførast til skisporten, meinte Hodler, som og la vekt på at mange av utøvarane budde på stader utan snø:

*... and that for safety reasons up to four days of training on the spot are neccesary before Downhill races and Jumping competitions.*<sup>290</sup>

Men dette brevet nådde aldri fram til Brundage, og han blei meir og meir fortørna.

---

<sup>286</sup> Arnold Lunn i ”FIS Bulletin”, Nr. 27, april 1966

<sup>287</sup> Sigge Bergman til J.S. Weterhoff 29. august 1967. Brundagearkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>288</sup> Guttmann 1984, s 197.

<sup>289</sup> ”...for thanking you in private for my nomination as a new member of the IOC with which you have honoured me personally as well as my country and the International Ski Federation.” Hodler til Brundage, 1.november 1963. Brundage-arkivet, IOC-museet I Lausanne.

<sup>290</sup> Hodler til Brundage 25. mai 1967. Brundage-arkive, IOC-museet i Lausanne.

## Konflikten rundt dei Olympiske Vinterleikane i Grenoble 1968

Fem månader før dei Olympiske Vinterleikane skulle åpne i Grenoble i 1968, smelte Avery Brundage til med offisielt brev til FIS, utan "Dear Marc"-fraser og med kopi til alle i IOC. Her kasta han ut påstandar han hadde hørt om at i Europa kunne alpinstjernene tene frå 10000 til 50000 dollar på ein sesong. Kjeldene hans var gode, skreiv han, og korleis kunne ein tru på at FIS ikkje visste noko om dette?

*As you know the FIS is obligated to enforce Olympic regulations for the Olympic Games. Does the FIS intend to approve these skiers for participation in the Games at Grenoble next February? Since the entries are due in a few weeks, we will appreciate a prompt reply.<sup>291</sup>*

Nok ein gong var det uro før vinterleikane, og nok ein gong var det alpin skisport og amatørstriden som kom i fokus. FIS-presidenten Marc Hodler svarte at dette var heilt ukjent for han, og han ba om dokumentasjon på påstandane slik at han kunne følgje saka opp.<sup>292</sup> Visepresidenten i FIS, Bjørn Kjellstrøm frå Sverige, var i jamn dialog med Brundage. 2. januar 1968 sendte FIS ut eit memorandum om stoda i amatørsaka. Der skreiv dei mellom anna:

*The International Ski Federation, its Council and its Eligibility Committee therefore maintain that the special conditions for their sport must be acknowledged and that adequate exceptions to the general rules for an admission particularly concerning payments for broken time and duration of training camps must be understood when the entry forms for the Xth Olympic Winter Games are to be signed by competitors, National Olympic Committees and National Ski Federations.<sup>293</sup>*

Da var det berre 40 dagar att til åpningssermonien. Temperaturen steig, og på eit møte i New York 18. januar, snaut fire veker før OL-åpningen i Grenoble, truga Brundage med å avlyse heile vinter-OL i Grenoble:

*In communication with several of us he had outlined the three possibilities he was considering: 1. The outright cancellation of the Games, 2. the disqualification of certain skiers (if not all), 3. the penalty of his not presenting the winners medals to skiers.<sup>294</sup>*

---

<sup>291</sup> Brundage til FIS, 11. september 1967. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>292</sup> Hodler til Brundage 20. september 1967. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>293</sup> FIS-memorandum 2. januar 1968, Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>294</sup> Bud Little til Graham Anderson, 21. januar 1968. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

Marc Hodler flaug over frå Sveits til USA for møtet 18. januar, og FIS-toppene var urolege for utfallet. Etter møtet skreiv visepresidenten i FIS, Bud Little, i eit brev til den amerikanske skileiaren Graham Anderson *"the future of the Winter Games lies in grave doubt."*<sup>295</sup>

Rett før dei Olympiske Vinterleikane i Grenoble forlanga IOC-presidenten at alle alpinski måtte ha nøytral overflate. Han hadde sett seg lei på at utøvarane var raske med å syne fram skia etter målpassering, og meinte dette kunne stoppas ved at skia skulle ha nøytral overflate utan merkenamn og glorete fargar. Marc Hodler lova dette, men tok ikkje med i vurderinga at det nå var ein tredje makt-faktor med i drøftinga: skifabrikantane. FIS-styret gjekk i møtet imot sin eigen president og vedtok å droppe pålegget frå IOC. Marc Hodler fekk den vanskelege jobben med å informere Brundage om at skia ville ha reklame som før. Brundage blei rasande og nekta å dele ut medaljar til vinnarane av dei alpine renna.<sup>296</sup>

Nok ein gong truga han med å kaste skisporten ut av OL:

*If there is too much business, too much commercial interest in a sport, we simply have to eliminate it from the Olympic program.*<sup>297</sup>

Brundage følte seg lurt av FIS, og i mai tok han saka opp med visepresident Bjørn Kjellstrøm. Han spurte retorisk om FIS trudde at han hadde gløymt alle krava IOC stilte før leikane i Grenoble?

*On the assurance that there would be no advertising on skis we deferred action. After the betrayal at Grenoble the subject is very much alive, particularly since one of the manufacturers publicly disclosed that one of the leading competitors had been on his pay roll for ten years.*<sup>298</sup>

I 1969 fylte Avery Brundage 82 år. Det var kome noko av den same desperasjonen over haldningane hans, som det var over J. Sig Edstrøm i 1949. 31. januar 1969 skreiv Brundage til det internasjonale skiforbundet og spurte i ramme alvor når dei ville levere tilbake alle medaljane som var vunne i alpine øvingar i Grenoble 1968. I eit sirkulære til IOC skreiv han at alpin skisport ikkje var nokon viktig idrett å ta vare på. Han hadde rekna ut at over halvparten av alle medaljene som var delt ut frå og med dei første leikane med alpine øvingar på programmet i 1936, til og med Grenoble i 1968, var gitt til utøvarar frå to nasjonar:

---

<sup>295</sup> Ibid.

<sup>296</sup> Karl Heinz Vogel: Der Sport, torsdag 8. februar 1968. Omsett til engelsk som kopi i Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>297</sup> "Memorandum regarding the meeting in Grenoble, February 12. 1968." Skrive 21. mars 1968 av Bjørn Kjellstrøm. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>298</sup> Brundage til Kjellstrøm, 20. mai 1968. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

*It seems that sliding down mountains is not the most important sport in the world and it is doubtful if it should be on the Olympic program.*<sup>299</sup>

Etterkvar vart han mest ikkje tatt alvorleg. Brundage-biografen Allen Guttmann fortel om ein episode da Brundage i Grenoble klaga til leiaren for den franske olympiakomiteen, Marceau Crespin, at halvparten av dei franske løparane ikkje levde opp til krava frå IOC.

*"You have been misinformed, Monsieur. No one on the French ski team lives up to your definition."*, svarte Crespin.<sup>300</sup> Mykje av fokuset frå IOC blei retta mot Jean Claude Killy.

Det blei sagt at den franske olympiakomiteen hadde kjøpt han fri frå ei sponsoravtale med ein italiensk skiprodusent før leikane og betalt 300 000 franc for å få Killy med på laget. Men hykleriet, regelbrota og kommersialiseringa ville ingen ende ta. Killy fant andre utvegar til å hjelpe produsentane da det blei forbode å vise fram skia etter målpassering:

*When Jean Claude Killy skied to victory at Grenoble in 1968, he was forbidden to flash his trademarked skis before the TV cameras. No matter. One of his associates rushed up to hug him. The associate wore gloves which were visible to the viewers around the world, and the gloves bore the trademark of the ski manufacturer.*<sup>301</sup>

Det blei etterkvar større og større avstand mellom det som var kvardag på skirenn i FIS-regi og det som var krava til "rein idrett" sett av IOC. I verdsmeisterskapet i Val Gardena i Italia i 1970 var sponsorane og utstyrspredusentane svært synlege, og ein utstyrspredusent slapp til på TV og fortalte at nå hadde Rossignol vunne tre gullmedaljer på fem dagar.<sup>302</sup>

## Den siste kampen for amatørskap i alpin skisport

Utklippsbøkene til Brundage med annonser med regelbrot, blei tjukkare og tjukkare, og dei største "syndene" kom frå alpin skisport. Etter Grenoble skreiv han harmdirrande: "*many of the Alpine skiers had the impudence to brag about how they broke the Olympic rules.*"<sup>303</sup> Debatten rasa over heile verda, og alle forsto at det berre var to vegar: droppe dei Olympiske Vinterleikane eller å la dei kreftene som nå styrte idretten utanfor den olympiske familien koma innanfor. Problemet var stort i mange idrettar, men framleis var

<sup>299</sup> Brundage-notat til IOC, 23. april 1969. Brundage-arkivet 1969.

<sup>300</sup> Guttmann 1984, s.198. Sitatet har han henta frå TIME, 15. mars 1968.

<sup>301</sup> Guttmann 1984 s. 220.

<sup>302</sup> Herald Tribune 20. februar 1970. Henta frå avisrapport til Brundage, skriven av Mike Katz. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne

<sup>303</sup> Brundage, sirkular 26. april 1969. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

hovudfokuset på alpin skisport. ”THE NAME IS THE NAME OF THE GAME” var tittelen på ein artikkel i Sports Illustrated 9. mars 1970. Artikkelforfattaren William Johnson trakk opp til det som han såg skulle bli den siste store kollisjonen mellom alpin skisport og IOC

*Here comes skiing, richer than ever. Here come the skiing manufacturers, with brand names and big money. And here comes the inevitable collision between amateurism and the 1972 Olympics. The crisis has been coming slowly over years. Everybody who skis knows about it, just as everybody knows that the hills are alive with the sound of money.*<sup>304</sup>

Den lange og innsiktsfulle artikkelen til Johnson dokumenterte med eit utall døme at utviklinga hadde gått fort og at ein ”kollisjon” ikkje var til å unngå.

*The FIS, which has provided technical supervision of the Winter Olympics since 1936, has thus steered the sport up against the International Olympic Committee, those Rocks of Ages who still stand guard over the remains of amateurism as it came to be known and loved in the 19<sup>th</sup> century. (...) I don't know what we should do. Except there's no point in letting all this hypocrisy go on.*<sup>305</sup>

I mai 1970 møttest styret i IOC med leiarane av FIS. FIS lova å utarbeide reglar som skulle falle meir saman med reglane til IOC.<sup>306</sup> Styret i FIS møttest 8. juni og presenterte nye reglar for IOC i løpet av sommaren. Her gjekk FIS inn for at skiløparane skulle få kompensasjon for tapt arbeidstid, men alle pengane skulle styrast via dei nasjonale forbunda. Brundage blei rasande, og han skulda FIS for å koma med reglar som var verre enn det fusket som alt pågjekk: ”*In a way it is worse than the existing cheating since it puts the stamp of official approval on the irregularities.*”<sup>307</sup>

I oktober 1970 sto det ein artikkel i det engelskspråklege svenske SWEDISH REVIEW der skiskribenden Roland Huntford portrettet generalsekretær i FIS Sigge Bergman under tittelen ”*Shamateurism*”. I artikkelen hevda Bergman at FIS nå hadde fått IOC med på sine forslag og at framtida såg ljosare ut, ikkje minst for alle dei løparane som fekk kompensasjon for treninga.

*All this is common knowledge, yet the International Olympic Committee has not banned skiing from the Olympic Games. On the contrary, the Committee is now, in devious ways, considering the whole question of amateurism in such a manner as to suggest that it has, in principle, followed the FIS lead after a*

---

<sup>304</sup> Sports Illustrated, artikkel av William Johnson, s. 13 ff, 9. mars 1970.

<sup>305</sup> Ibid, s. 13-17.

<sup>306</sup> Brundage, sirkular til styremedlemene i IOC, 27 august 1970.

<sup>307</sup> Ibid

*decent interval. Bergman had calculated, correctly as it turned out, that the FIS was stronger than the Olympic Committee.*<sup>308</sup>

Denne artikkelen kan i ettertid sjåast på som ei skjerping av tonen frå FIS. Hadde dei tidlegare utsett og trenert, var dei nå engasjerte og direkte kritiske til IOC-president Brundage. Både FIS-president Marc Hodler og styremedlem Bjørn Kjellstrøm forlangte at IOC nå gav klare reglar og slutta med å skjelle ut alpin skisport:

*"it is neccesary that these matters are cleared up now without delay. (...) I think the FIS has the right to expect considerable efforts from the IOC."*<sup>309</sup>

*"Further delay of this matter can be detrimental not only to the Organizing Committee, but also to the I.O.C. and the Winter Sports Federations."*<sup>310</sup>

Alle fraser og helsingar var borte frå korrespondansen mellom Brundage og Hodler, og 7. desember skulda Marc Hodler IOC for lekkasjar til pressa. Brev han hadde sendt til IOC, sto på trykk med korrekte sitat to dagar etter dei var postlagt.<sup>311</sup> Utover vinteren 1971 møttest partane ved fleire høve for å drøfte eit nytt forslag til reglar for deltaking i Olympiske Leikar. Dei nye reglane blei vedtatt 5. april 1971. Nå var det FIS som protesterte. I eit åtte sider langt brev til Avery Brundage frå Bjørn Kjellstrøm, som hadde leia *"the FIS Eligibility Committee"* i ei årrekke, fortalte han i klartekst kva han meinte om leiinga i IOC

*Dear Mr. Brundage, believe me when I say, that if you think the FIS is in trouble it is nothing against the trouble the IOC will have to face because of the way things are going right now. (...)The new IOC rules will definitely be of no help to us. (...) ..let us face the fact: on that point you have failed, the IOC has failed! (...)But a lost battle on one front does not neccesarely mean a lost case. Perhaps international skiing will in the long run gain by the latest developments.*<sup>312</sup>

Avery Brundage starta så noko som likna ei hetskampanje mot Marc Hodler. Hodler, som Brundage hadde fått inn i IOC 18 år tidlegare, fekk ikkje alle rundskriv som dei andre IOC-medlemmene fekk, og den 22. mai sendte Brundage brev til J. F. Aberdare som var president i det internasjonale ishockeyforbundet. Der skreiv han at det hadde gått rykter om at FIS-presidenten (Hodler forf.anm.) hadde kontakta andre internasjonale vintersportsorganisasjonar for å førebu ein boikott av leikane i Sapporo 1972. Nå var IOC-

---

<sup>308</sup> Swedish Review, oktober 1970, s. 33-36

<sup>309</sup> Kjellstrøm til Brundage 15. november 1970. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>310</sup> Hodler til Brundage, 2. desember 1970. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>311</sup> Hodler til IOC, 7. desember 1970. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>312</sup> Kjellstrøm til Brundage, 4. mai 1971. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

preidenten ute etter om Abardare hadde fått eit slik spørsmål frå Hodler.<sup>313</sup> Konspirasjonsteorien til Brundage var grunnlaus, og saka blei høfleg dyssa ned. Namnet til den østerrikske toppalpinisten Karl Schrantz dukka utover hausten 1971 opp blant utklippa av annonser som Avery Brundage samla. Bjørn Kjellstrøm måtte svare Brundage at annonsen var for ein film Karl Schrantz hadde vore med i, som var laga for å promotere skisporten, ikkje for eiga vinning. Annonsene var for å gjera filmen tilgjengeleg for eit stort publikum, skreiv Kjellstrøm.<sup>314</sup> Det ingen sa men alle tenkte, var det IOC-medlemmet Gunnar Ericsson sa på eit møte i FIS i Stockholm i desember:

*The Swedish IOC-member Gunnar Ericsson tried to cheer up the delegates by telling them that IOC President Avery Brundage was soon to retire.*<sup>315</sup>

Men Brundage hadde ikkje tenkt å gi seg ennå. Tre veker før åpningssermonien i Sapporo 1972 skreiv han til H. Rae Grinnell i FIS:

*Some sports, including skiing, are so thoroughly commercialized that the only solution would seem to be elimination from the Olympic Program.*<sup>316</sup>

Før den offisielle åpninga av dei Olympiske Leikane i Sapporo, møttest styret i IOC i Tokyo 28. januar. Deltakar-kommisjonen la fram ei innstilling om at Karl Schrantz frå Østerrike ikkje skulle få delta i leikane fordi han hadde "permitted the use of his name and picture in commercial advertising in recent years,.."<sup>317</sup> Tre dagar seinare møttest heile IOC til sesjonsmøte i Sapporo. Etter lange drøftingar stadfesta sesjonen vedtaket om at Karl Schrantz ikkje skulle få delta i dei Olympiske Vinterleikane i Sapporo. Vedtaket blei gjort med 28 mot 14 røyster. Trass i protestar frå mange kantar, blei den beste alpinisten i verda den vinteren, sendt heimatt.<sup>318</sup> Reaksjonane i og rundt Østerrike var voldsomme. Den amerikanske ambassaden i Wien fekk bombetruslar, og utanfor døra til eit sentralt medlem i det østerrikske skiforbundet blei det sett fyr på huset.<sup>319</sup> Østerriksk presse var fulle av artiklar om utøvarar som hadde verre "rulleblad" enn Karl Schrantz, og leiaren for den Østerrikske OL-komiteen måtte trekke seg fordi han hadde vore for veik til å trekke heile den østerrikske troppen frå vinterleikane.

---

<sup>313</sup> Brundage til J.F.Abardare, 22. mai 1971. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>314</sup> Kjellstrøm til Brundage, 28. oktober 1971. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>315</sup> Attack by Sweden against Olympic paragraph. IOC-notat 1. desember 1971. Brundage-arkivet, IOC-museet I Lausanne.

<sup>316</sup> Brundage til H. Rae Grinnell, 21. januar 1972. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

<sup>317</sup> Schantz 1995, IOC's historie b. 2 s. 163.

<sup>318</sup> Ibid.

<sup>319</sup> Guttmann 1984, s. 120

*Schrantz's request for a hearing, something several IOC members had also suggested, was rejected by Brundage on the grounds that the IOC did not negotiate with individuals.<sup>320</sup>*

Saka mot Karl Schrantz var tenkt som ein manifestasjon av at om ein berre synte fast styrke, skulle alpin skisport endeleg kome i orden etter olympiske reglar. Men dette siste utspelet til den 85 år gamle Avery Brundage var ein fiasko som er omtala slik i IOC`~~s eigen historie:~~

*.. in reality it proved to be nothing but a last, unsuccessful attempt to defend an ideal which long been irreconcilable with social realities. Ultimately, there were only two logical solutions open to it: either to adapt the eligibility rules to the changed conditions of modern sport or to follow the IOC President's radical suggestion and abolish the Winter Games altogether.<sup>321</sup>*

2. august 1972 blei lord Michael Morris Killanin frå Irland valt til president i Den Internasjonale Olympiske Komite, IOC. Med Killanin i presidentstolen starta arbeidet med å innfri ønsket om å gjera den olympiske rørsla meir i pakt med samtidia. Dei Olympiske Vinterleikane har frå 1976 blitt arrangert utan strid om amatørskap i alpinsporten.

---

<sup>320</sup> Schantz 1995, IOC`~~s historie, b. 2, s. 163~~

<sup>321</sup> Ibid s. 164

## Avslutning

Striden om amatørskap i alpin skisport starta som ein strid om olympiske ideal. "Tempeltunarane", Henri Baillet-Latour, J. Sig Edstrøm og Avery Brundage, slo sterke ring om amatøridealene enn de Coubertin hadde gjort sjølv. Reglane om amatørskap blei diskuterte og endra kvar gong IOC-medlemmene møttest frå 1894 til 1972.

Alpin skisport var ein "ny" idrett i 1935. Slalåm og utfør var godkjent på øvingsprogrammet til FIS berre fem år tidlegare. President i FIS, Nikolai Ramm Østgaard, var imot at skilærarane skulle kallast amatørar, men i møte med det han opplevde som arroganse frå IOC, støtta han skilærarane for å syne ein samla ski-front mot overstyring av skisporten utanfrå.

Mange andre idrettar hadde tidvis strid med IOC om amatørskap, men ingen hadde ein lenger og meir kontinuerleg konfliktfylt dialog om dette emnet med den olympiske rørsla, enn FIS og alpin skisport.

Eg har i denne oppgåva søkt å vise at denne konflikten var varig og ikkje berre knytta til ein strid mellom IOC-visepresident og president J. Sig. Edstrøm og FIS-president Østgaard slik andre forskrarar har lagt vekt på. Slik det går fram av den omfattande korrespondansen mellom Arnold Lunn og Avery Brundage, meiner eg dei er vel så sentrale aktørar. Tek ein med Marc Hodler, som var FIS president tjueto år av "konflikt-tida", framstår desse tre som meir sentrale enn andre.

Ved at striden, dei første åra, fell saman med ein verdspolitisk konflikt som førte til Den Andre Verdskriga, har eg også søkt å syne korleis den verdspolitiske konflikten hadde idrettspolitiske konsekvensar. George Orwell skildra striden i idrettsverda på 1940-talet slik: "*War minus the shooting*".<sup>322</sup>

Eg har søkt gjennom døme å vise korleis dette prega konflikten om amatørskap og korleis den olympiske rørsla kort tid etter krigen heldt fram som før som amatør-agitatorisk kraft.

I 1950 skreiv Avery Brundage:

*The growth in public interest has been so great that fame can be created overnight and the opportunities for both participants and managers to make money are enormous. As a result, there is tremendous pressure to permit competitors and others to profit directly or indirectly from their connection with the Olympic Movement. (...) The growth and development of the Olympic Movement and esteem in which it is held throughout the world, is due to the*

---

<sup>322</sup> Taylor (2006) s. 52

*fact that it is amateur and free from political or commercial influence. Abandonment of these principles will sound the death bell of the Games.*<sup>323</sup>

Dei Olympiske Leikane lever betre enn på lenge både vinter og sommar. Likevel kan det, nesten seksti år seinare, vera grunn til å spørja om Avery Brundage fekk rett likevel.

Alpin skisport står ikkje lenger i ei særstilling som kommersiell aktør. Bjørn Dæhlie sluttar karrieren på langrennspi med større formue enn Kjetil Andre Aamodt. Dessutan: vinnarkulturen har tidvis glidd over i ein grådighetskultur der fusing, doping og därleg tevlingsetikk er ein del av kvardagen.<sup>324</sup> Resultatmaksimeringa i idretten har blitt oppnådd innanfor det forskinga kallar ein *totaliseringsprosess*.<sup>325</sup> I denne prosessen inngår alle former for utvikling av betre utstyr, betre treningsmetodar, betre kosthald, bruk av høgdehus og alle former for fusk og doping for å betre resultatet.

Det er ikkje lenger berre statsprofesjonelle idrettsfolk frå tidlegare DDR som står fram med fuskehistorien sin. Finske folkeheltar i langrenn og danske heltar på sykkel er avkledde som fuskarar i den idrettskommersielle dansen rundt gullkalven, nett slik Brundage åtvara mot. Som den danske idrettsforskaren Verner Møller seier det:

*When the Olympic Games – assisted by effective electronic media coverage – had become a global success, the obvious commercial possibilities became a greater temptation than the amateur ideals could resist in the long run. It is hardly an exaggeration to say that the popularity of the Olympic Games stimulated greed, and prepared the ground of corruption scandals.*<sup>326</sup>

Ein viktig del av den historiske bakgrunnen for den røyndomen av kommersialisme vi opplever i internasjonal toppidrett idag, blei meisha ut i striden mellom FIS og IOC frå 1935 til 1973. Alpin skisport blei frå 1935 gong på gong truga med utkasting av den ”olympiske famile”. Når det ikkje skjedde, var det fordi alpin skisport hadde ein sterk posisjon som vintersport og Olympiske Vinterleikar utan skisport på programmet blei sett på som meiningslause. Dessutan hevda FIS gong på gong at skisporten godt kunne greie seg utan Olympiske Leikar. Trass i dette sa Avery Brundage så seint som 9. mars 1972 om alpin skisport:

*This sport has been so thoroughly commercialized that it has no place in the Olympic Program.*<sup>327</sup>

---

<sup>323</sup> Brundage, faksimile, IOC's historie, 1995, bind 2 s. 43

<sup>324</sup> Møller (2004) s. 202

<sup>325</sup> Blom og Lindroth (2002) s. 312

<sup>326</sup> Møller (2004) s. 202.

<sup>327</sup> Brundage til Norman J. Tatham, 9. mars 1972. Brundage-arkivet, IOC-museet i Lausanne.

Brundage tapte slaget om amatørskapen og dei andre idrettane tok etter alpin skisport. Men spådomane til Brundage om dei vonde sideeffektane av kommersialismen, er stort sett oppfylt.

## Kjelde og litteraturliste

- Ankersborg, Vibeke (2001) *I Erslevs fodspor. En lærebog i kildekritikk som samfunnsvidenskabelig metode.* København, Forlaget Politiske studier
- Baker, William J. (1982) *Sports in the Western World.* Utg. 1988. Chicago, University of Illinois Press
- Blom, Kari & Helle, Knut (1997): *Historie – hva, hvordan, hvorfor?*  
Fagbokforlaget, Bergen.
- Blom, K Arne & Lindroth, Jan (2002) *Idrottens Historie,* Farsa, SISU idrottsböcker
- Boulogne, Yves-Pierre (1994). *The presidencies of Demetrius Vikelas and Pierre de Coubertin.* 1894-1994 The Internatinal Olympic Committee, vol I. Lausanne, IOC.
- Bourdieu, P. (1978) *Sport and social class,* i Social Science Information, no 17. Henta fra Jarvie og Maguire (1994) s. 196
- Caulfeild, Vivian (1912) *How to Ski and how not to.* Andre utg. London, James Nisbet & Co.
- Caulfeild, Vivian (1924) *Skiing turns.* Andre utg. London, Nisbet & Co.
- Chrichton Somerville, D.M.M., Rickmers, W.R., Richardson, E.C. (1904) *Ski-Running,* London, Horace Cox.
- Clausen, H. P. (1968) *Hva er historie?* Oslo: Gyldendal.
- Coubertin, Pierre de (1925) Memoires Olympique, kap. XXI: Prague 1925 , s 200, Eng. oms. s. 128.
- Coubertin, Pierre de , *Memoires Olympique*, s. 193, i nytrykk i Olympic Review nr. 91-92, 1975.
- Dahl, Ottar (1986) *Problemer i historiens teori* Oslo: Universitetsforlaget
- Donelly, Peter (2004) *Playing with Gravity: Mountains and Mountaineering,* i Patricia Vertinsky & Bale, John (red.) *Sites of Sport,* London: Routhledge
- Erslev, Kr. (1926) *Historisk Teknik.* København: Gyldendal
- Fairlie, Gerard (1957) *Flight without Wings. The Biography of Hannes Schneider.* London, Hodder and Stoughton.
- Fendrich, A (1908) *Der Skilauf.* Stuttgart, Franckh`sche Verlagshandlung.
- Foucault, Michel (1999) *Diskursens orden.* Oslo: Spartacus
- Gilje, Grimen (1993) *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger.* Oslo: Universitetsforlaget

- Glader, Eugene A. (1978) *Amateurism and Athletics*. West Point, N.Y. 10996, Leisure Press
- Goksøyr, Matti (1994) *Hvordan kan vi vite noe om idrett som har vært?* Arkivmagasinet nr. 1, 1994, s. 2-3.
- Guttmann, Allen (1994) *Games and Empires*. New York, Columbia University Press
- Guttmann, Allen (1984) *The Games must go on*. New York, Columbia University Press
- Guttmann, Allen (2002) *The Olympics*. 2. ed. Chicago, University of Illinois Press.
- Hamilton, C.G.D. (1939) XV. *Internationella Skidkongressen i Helsingfors*. I "På Skidor, Skiframjandets årsskrift". Stockholm
- Hesse, Heinrich (1936) *Ritter von Halt*. Berlin, Batschari-Verlag
- Huitfeldt, Fritz (1908) *Skiløbning i Text og Billeder*. Kristiania, Jacob Dybwad.
- Huntford, Roland (2006) *To planker og en lidenskap*. Oslo, Aschehoug
- Høystad, Ole Martin (1994) *Det menneskelege og naturen*. Oslo: Det Norske Samlaget
- IOC protokoll (1935) *33.sesjon, Oslo 25. februar – 1. mars 1935* . IOC Archives, Lausanne
- Jarvie, Grant & Maguire, Joseph (1994) *Sport and leisure in social thought*. Utg. 2000. London/New York, Routhledge.
- Jørgensen, Marianne Winther, Louise Phillips (2005) *Diskursanalyse som teori og metode*. Fredriksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Kincheloe, Joe L., Peter McLaren (2005) "Rethinking Critical Theory and Qualitative Research". I Denzin, Lincoln (red.): *The Sage Handbook of Qualitative Research*. London: Sage Publications
- Kjeldstadli, Knut (1994): *Alt har sin tid*. I *Den kritiske analyse*, Festschrift til Ottar Dahl, Universitetsforlaget, Oslo
- Kjeldstadli, Knut (1992): *Fortida er ikke hva den engang var*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Kjeldstadli, Knut (2005) "Å analysere skriftlige kilder". I Fossekåret, Fuglestad, Aase (red.): *Metodisk feltarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Langley, Roger, red. (1935-1954) *American Ski Annual and Skiing Journal* ,Barre, National Ski Association of America
- Lennartz, Karl (1994) *The presidency of Henri de Baillet-Latour*. 1894-1994: The International Olympic Committee. Bind I, Lausanne, IOC-museet.
- Lennartz, Karl (1995) *The presidency of J. Sig. Edstrøm*. 1894-1994: The International Olympic Committee. Bind II, Lausanne, IOC-museet.

- Liefman, Robert (1906) Artikkelen i *Winter No. 3 s 18*, gjengitt i British Ski Year Book 1949, s 333, omsett til engelsk av Prof. Dr. Erwin Mehl, Wien.
- Lund, Morten (1996) *A Short History of Alpine Skiing*, "Winter" Vol. 8/ nr. 1. Også på [www.skiinghistory.com/History.html](http://www.skiinghistory.com/History.html)
- Lund, Morten (1976) *The Skier's World*. New York, Ridge Press
- Lunn, Arnold (1921) *Alpine Skiing at all Heights and Seasons*. London, Methuen & Co.
- Lunn, Arnold (1943) *Mountain Jubilee*. London, Eyre & Spottiswoode
- Lunn, Arnold (1924) *Ski-ing for Beginners*. London, Methuen & Co.
- Lunn, Arnold (1938) *Ski-ing in a Fortnight*. London, Methuen & Co.
- Lunn, Arnold (red.) (1920-1971) *The British Ski Year Book*. London: The Ski Club of Great Britain.
- Lunn, Arnold (1930) *The Complete Ski-Runner*. London, Methuen & Co
- Lunn, Arnold (1963) *The Englishman on Ski*. London, Museum Press.
- Lunn, Arnold (1952) *The Story of Ski-ing*. London, Eyre & Spottiswoode.
- MacDonald, Gordon (2000) *Going Downhill: Relations between the IOC and the FIS in the late 1930s*. Fifth International Symposium for Olympic Research, s. 105-112.
- Mandell, Richard D. (1971) *The Nazi Olympics*. Londonutgave 1972, Souvenir Press
- Mehl, Erwin (1949) *The History of the Slalom*, artikkelen i B.S.Y.B 1949, s 326-340.
- Møller, Verner (2004) *Doping and the Olympic Games*, fra Post-Olympism?, Red.:Bale & Krogh Christensen, Oxford, Berg Publishing.
- Needham, Richard (red.) (1979) *Encyclopedia of Skiing*. New York, Harper & Row
- Nisbet, Robert (2005, komp.HiT) *Sosiologi som kunstform*. Oslo: Universitetsforlaget
- Norsk Idrætsblad (1886) 17/2 og 26/3.
- Olden-Jørgensen (2005): *Kristian Erslev: Historisk Teknik*. ([www.historie-nu.dk](http://www.historie-nu.dk), 28.02.05)
- Olden-Jørgensen, Sebastian (2002): *Hva er kildekritikk? Et essay om arven etter Erslev og den sproglige vending*. Historisk Tidsskrift, København, nr. 101.
- Rickmers, W.R (1910) *Ski-ing for Beginners and Mountaineers*. London, T. Fisher Unwin
- Ruud, Sigmund (1938) *Skispor krysser verden*. Oslo, Aschehoug
- Schantz, Otto (1995) *The Presidency of Avery Brundage. 1894-1994* The International Olympic Committee, b. 2, IOC-museet, Lausanne
- Schneider, Hannes & Fanck, Arnold (1933) *The Wonders of Skiing*. Eng. utg., New York, Charles Schribner's sons.

- Seip, Jens Arup (1983) *Problemer og metode i historieforskningen*. Oslo: Gyldendal.
- Simonsen, Dorthe Gert (2002): *Tegn og iagttagelse. At læse Erslev efter "Den Sproglige Vending"*. Historisk Tidsskrift, København, nr.102
- Skiforeningens (1895) *Aarbog 1894-95*. Kristiania. Walle & Co.
- Skiforeningen (1901) *Aarbog Kristiania*.
- Skårderud, Finn (2003) ”Idehistorier om kroppen”. I Skårderud, Isdahl (red.): *Kroppstanker*. Oslo, Pensumtjeneste as.
- Smith, Mark (2003) *Social Science in question*. London: Sage Publications.
- Stoltenberg, Einar (1939) *Ski og skiløyping i Telemark i gamal tid*. Skien-Telemark Turistforening, årbok 1938-39.
- Tangen, Jan Ove (1997) *Samfunnets idrett*. Bø: Høgskolen i Telemark
- Taylor, D. J. (2006) *Doesn't Anyone Play by the Rules?* Time Magazine 17/7-2006
- Urdahl, Laurentius (1893, faksimile 1993) *Haandbog i Skiløbning*. Kristiania, Hjalmar Biglers Forlag.
- Vaage, Jakob (1952) *Norske ski eroerer verden*. Oslo, Gyldendal
- Vaage, Jakob (1957) *Slalåm – betydning og opprinnelse*. Norske Skiløpere, bind 3, s. 96ff, Oslo, Skiforlaget.
- Wormnæs, Odd (1989) *Vitenskapsfilosofi*. Oslo: Gyldendal.
- Yttergren, Leif (2005) ”Avskaffa Vinter-OS!” Edström, *Vinter-OS och Skidlärarkonflikten*. Stockholm: [www.idrottsforum.org](http://www.idrottsforum.org), publ. 18/1-05
- Yttergren, Leif (2006) *I och ur spår!* Lund, Malmö Studies in Sport Sciences
- Østgaard, Nikolai Ramm (1950) *The International Ski Association*, i souvenirprogrammet til VM på ski I Aspen og Lake Placid 1950, s. 4-8.
- Østgaard, Nikolai Ramm (1956) ”Det internasjonale skiforbund”. I Jakob Vaage (red): *Norske Skiløpere, Østlandet sør, b. 2.* Oslo: Skiforlaget